



# *Universitetet i Bergen*

*Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier*

NOLISP350

Mastergradsoppgåve i nordisk språk

Haust 2016

## **Vegen inn i språket**

*Om integrering av nyord i islandsk*

Ida Haugum



## Føreord

Mange fortener takk for å ha hjulpet meg i land med denne oppgåva. Eg vil takka rettleiaren min, Þorsteinn G. Indriðason, for god rettleiing i skrivninga og endelaus tolsemnd i møte med mine (for meg uventa store) vanskar med struktur og oppsett av dømme. Skulle det framleis finnast slike – og andre – veikskapar att i dokumentet, har eg all skuld for det. Det var også særst gjævt at du synte så stor tru på prosjektet at du meinte eg burde leggja det fram på Island medan størstedelen av oppgåva framleis var i startgropa.

Takk til min beste ven og lesar Kristin, som har vurdert, korrekturlese, omsett, passa huset, slått opp i *Norrøn ordbok*, gjeve meg mat, sett komma og stått ved sida mi på dei mange opp- og nedturane i innspurten. Eg hadde ikkje fått til dette utan deg, særskilt ikkje relativsetningane. Ein stor takk også til Stine, som på tre dagars varsel, midt i oppstarten av eit nytt skuleår, hjulpte meg med å omsetja samandraget til engelsk. Takk til medstudentane mine for mange trivelege samtalar i sofakroken og for all den gode fredagsbaksten. Takk til venene mine som framleis sender meg meldingar og inviterer meg med på ting, sjølv om eg stort sett har vore fråverande i eit halvt år. Eg vil takka svigerfamilien min for lån av hytte og hundekvelp i siste del av skriveprosessen. Pål, Bendik, Matias, mamma og pappa og slekta elles – eg er utruleg heldig som er medlem av ein familie som finn så mykje glede i uvanlege og vanlege ord og uttrykk. Eg vonar de finn like mykje hugnad i dei orda eg skriv om her, som de elles finn i løgne dialektord og gamalvoren dansk.

# Innhald

Føreord.....	3
Innhald.....	4
1 Inngang.....	6
2 Historisk bakgrunn.....	13
2.1 Nyorddanning 1850–2010.....	13
2.2 Historisk bakgrunn.....	19
2.3 Samandrag.....	23
3 Orddanning i islandsk.....	24
3.1 Omgrepsavklaring.....	25
3.2 Orddanningsmátar i islandsk.....	27
3.2.1 Ulike typar samansetjingar.....	27
3.2.2 Ulike former for avleiing.....	30
3.2.3 Andre orddanningsprosessar.....	34
3.2.4 Avleiing eller samansetjing?.....	35
3.3 Samandrag.....	37
4 Teoretisk grunnlag.....	39
4.1 Omgrepsavklaring.....	39
4.2 Vegen inn i spráket.....	41
4.3 Suksessfaktorar ved nye ord.....	45
4.4 Korleis språkbrukaren forstår nye ord.....	48
4.5 Eksterne faktorar.....	50
4.6 Samandrag.....	52
5 Materiale og metode.....	54
5.1 Innleiing.....	54
5.2 Kjelder og ressursar.....	54
5.2.1 Kjelder for ordinnsamling.....	54
5.2.2 Referansemateriale og oppslagsverk.....	56
5.2.3 Tímarit.is.....	57
5.3 Ordsamlinga.....	61
5.3.1 Innsamling og kriterium.....	61

5.3.2	Kategorisering av nyorda.....	62
5.4	Framgangsmåte.....	64
5.4.1	Kategorisering.....	64
5.4.2	Analyse.....	66
5.5	Samandrag.....	67
6	Analyse.....	69
6.1	Innleiing.....	69
6.2	Resultat.....	69
6.3	Tevlande synonym.....	71
6.3.1	Tevling mellom heimleg danna ord.....	72
6.3.2	Vinnarordet er eit eldre ord.....	77
6.3.3	Tevling mellom importord og heimleg danna nyord.....	83
6.3.4	Oppsummering av funn.....	89
6.4	Analyse av mindre konkurranseutsette ord.....	90
6.4.1	Samansetjingar.....	91
6.4.2	Bundne ledd.....	95
6.4.3	Avleiingar.....	98
6.4.4	Andre orddanningsmåtar.....	103
6.4.5	Oppsummering av funn.....	106
6.5	Samandrag.....	107
7	Avsluttande drøfting.....	109
	Litteraturliste.....	115
	Liste over grafar, illustrasjonar og tabellar.....	119
Vedlegg 1	Ordsamlinga.....	121
Vedlegg 2	Kategoriserte ord.....	128
Vedlegg 3	Tevlande ord.....	132
	Samandrag.....	134
	Summary.....	135

## 1 Inngang

I ei nyhendesak i den islandske avisa Fréttablaðið 19. januar 2015 møter vi Bragi Valdimar Skúlason, som hevdar han er opphavsmannen til nyordet *langastöng*, ei ny nemning for den typen stenger ein bruker for å ta bilete av seg sjølv med mobilen. Saka fortel at ordet *langastöng* ikkje er den einaste islandske nemninga for denne reiskapen, for også orda *montprik*, *kjánaprik* og *sjálfustöng* skal ha vorte brukte. Valet mellom dei to alternativa *montprik* eller *langastöng* skal ha ført til livlege diskusjonar på Twitter, og Bragi seier spørsmålet no er om eitt av desse orda greier å festa seg, og kven av dei det vert.

Det er slett ingen ny trend at fleire islandske nemningar eksisterer jamsides for nye gjenstandar og fenomen. For drygt hundre år sidan oppstod eit liknande synonymmangfald då ei anna nyvinning vart introdusert, nemleg bilen. Saman med bilen tok ein også inn nemningane *automobil* og *bil* frå andre språk, såkalla *importord*.<sup>1</sup> I tillegg vart det danna islandske *avløysarord* som etter planen skulle løysa av dei utanlandske nemningane. Eit søk på importordet *automobil* og den tilpassa forma *bill* i tekstsamlinga Tímarit.is syner at fylgjande islandske framlegg har vore foreslåtte som avløysarord mellom 1900 og 1915: *átómóbíl*, *mótorvagn*, *bifreið*, *sjálfhreyfivagn/ sjálfhreifivagn* og *sjálfrenningur*. Attåt desse finst også orda *sjálfrennireið* og *hraðreið* i tekstane frå denne perioden, og sikkert endå fleire eg ikkje har kome over. Hundre år seinare er *bill* og *bifreið* framleis i bruk, medan hine alternativa ikkje greidde å festa seg i språket.

Døma her illustrerer det faktumet at ein fyrst over tid veit om eit nytt ord har greidd seg godt i språket eller ikkje. Jamvel om det er så stor trong til ei bestemd nemning at mange tevlende framlegg kjem opp, er det likevel nærast umogeleg på danningstidspunktet å seia kva ord som kjem til å vinna fram. Det er også svært ulikt frå ord til ord kor lang tid dei bruker på å verta integrerte i språket, slik Halldór Halldórsson (1964, 153, mi omsetjing) skriv:

Somme gode ord, som ingen tykkjer det er noko merkeleg med, har hatt svært vanskeleg for å bli tekne opp i fyrstninga, og det har gått lang tid frá dei vart danna til dei vart alment aksepterte i det islandske ordtilfanget. Andre ord vart aksepterte så å seia samstundes som dei vart danna.<sup>2</sup>

1 Nemningane *framandord* og *lånord* er ofte nytta til dels synonymt med importord. I denne oppgåva er *importord* nytta om alle slags ordlån frá framande språk.

2 «Sum ágæt orð, sem engum finnst nú neitt athugavert við, hafa átt mjög örðugt uppdráttar í fyrstu, og liðið hefir langur tími, frá því þau voru gerð, þangað til þau urðu almennt viðurkennd í hinum íslenska orðaforða.

Sidan somme ord treng meir tid enn andre for å integrera seg, kan det framleis ta lang tid før vi veit om dei islandske selfistengene får namnet *langastöng*, *montprik* eller noko heilt anna. Den teknologiske utviklinga har likevel gjeve oss reiskapar som gjev betre innsyn i integreringa av orda enn ein hadde på Halldór Halldórsson si tid. Ved å søka opp ord i digitaliserte tekstsamlingar og korpus kan ein observera kor mykje eit ord har vorte brukt i tida etter det vart introdusert i språket. Ein kan også bruka slike søk til å jamføra orda viss to eller fleire alternativ ser ut til å kjempa om plassen i språket, og slik finna ut kva for eit ord som er det mest brukte. Deretter kan ein jamføra dei ulike alternativa og freista å finna ut kva for faktorar som har ført til at eit av alternativa har vorte valt føre hine.

I masterprosjektet mitt bruker eg ei slik digitalisert tekstsamling, Tímarit.is, til å sjå nærare på integreringsbanen til islandske nyord frå slutten av 1800-talet og fram til i dag. Den bakre grensa for perioden er trekt attende til 1880 fordi mange sentrale nyord på 1900-talet kjem inn i språket i dei siste tiåra av 1800-talet. I oppgåva undersøker eg fylgjande todelte problemstilling:

- Kva fortel bruksfrekvensen til eit utval islandske nyord frå 1880–2010, målt i Tímarit.is, om integreringa deira?
- Korleis kan integreringsstatusen deira forklarast ut frå eigenskapar ved orda og eventuelt ytre faktorar?

Eg undersøker desse spørsmåla ut frå nokre meir avgrensa arbeidsspørsmål. Desse spørsmåla spør etter kva for eit integreringssteg ordet står på, orddanningsprosessen som har danna ordet, dei grammatiske eigenskapane til ordet og kva for utanomspråklege faktorar som har verka inn på integreringa av ordet. Desse spørsmåla vert presenterte nærare i avsnitt 5.4.2.

Eit *nyord* er, slik det går fram av nemninga, eit ord som har vore spildrande nytt på eit eller anna tidspunkt innanføre den perioden eg undersøker. Omgrepa *integrering* og *integreringsbane* viser til den utviklinga ordet går gjennom frå det vert danna og til det anten kan reknast for å vera integrert i språket eller har gått ut or bruk. *Integreringsstatusen* viser til kor langt ordet er kome i integreringa: Orda byrjar på stadiet *augneblinksdanningar*, går via *nydanningsstadiet* til dei får status som *svakt* eller *sterkt integrerte* ord.<sup>3</sup> Mange ord greier

---

Önnur orð hljóta almenna viðurkenningu svo að segja samtímis því, sem þau eru mynduð.»

3 Omgrepet *nydanning* (e. *neologism*) er ofte nytta meir generelt om nye ord. I denne oppgåva er det knytt konkret til det andre stadiet på integreringsbanen, og eg gjer nærare greie for dette i avsnitt 4.2.

ikkje å etablera seg i språket og endar opp som anten augneblinksdanning eller nydanning. Ved å sjå på om og kor mykje orda er brukte i dei skriftlege tekstane som Tímarit.is samlar, kan eg skilja ut kategoriar av ord som ser ut til å vera komne like langt i integreringsprosessen. Sidan kategoriane augneblinksdanning, nydanning og integrert ord er svært sentrale for undersøkinga, syner eg nedanføre kva som kjenneteiknar desse kategoriane ved hjelp av nokre typiske ord. Eg gjer utførlegare greie for kriteria for kategoriseringa i kapittel 5, i avsnitta 5.2.3 og 5.4.1.

Av bilnemningane ovanføre kan *hraðreið*, *sjálfrenningur*, *sjálfhreyfivagn* og *átómóbíl* kategoriserast som *augneblinksdanningar*, altså ord som står på det fyrste steget i integreringa. Desse nyorda og andre augneblinksdanningar er kjenneteikna av at dei har svært få eller ingen treff i tekstsamlinga. Tabell 1.1 syner bruksfrekvensen deira i perioden 1900–2009. Det integrerte ordet *bíll* er teke med nedst i tabellen som jamføringsgrunnlag:

	1900-1909	1910-1919	1920-1929	1930-1939	1940-1949	1950-1959	1960-1969	1970-1979	1980-1989	1990-1999	2000-2009
<i>hraðreið</i>	-	13	3	3	1	4	3	3	5	-	1
<i>sjálfrenningur</i>	-	10	1	-	2	-	4	5	3	6	5
<i>átómóbíl</i>	-	2	-	-	-	-	-	-	-	-	-
<i>bíll</i>	52	790	5197	15880	25635	44052	77796	61987	99304	102129	123217

Tabell 1.1: Augneblinksdanningar, 'bil'.

Jamvel om *hraðreið* og *sjálfrenningur* har nokre treff gjennom heile perioden, er dei kategoriserte som augneblinksdanningar sidan bruken av orda er forsvinnande liten jamført med *bíll*.

Bilnemningane *sjálfrennireið* og *mótorvagn* har teke seg eit steg lenger i integreringa, til nydanningsstadiet. Bruksfrekvensen deira i perioden 1900–2009 ser vi i tabell 1.2 nedanføre:

	1900-1909	1910-1919	1920-1929	1930-1939	1940-1949	1950-1959	1960-1969	1970-1979	1980-1989	1990-1999	2000-2009
<i>sjálfrennireið</i>	-	-	-	-	-	-	1	3	26	58	53
<i>mótorvagn</i>	103	233	73	33	13	16	19	14	12	26	14


Tabell 1.2: Nydanningar, 'bil'.

*Nydanningane* er ord som er lite brukte, men likevel såpass mykje at dei ser ut til å ha eit



bruksområde i språket, og stundom er dei tekne med i ordbøker. Eg har også kategorisert ord som nydanningar dersom dei er gått heilt ut av bruk i den undersøkte perioden og det ikkje ligg opplagde eksterne årsaker bak sortien. Ofte er det tevling frå importord eller andre islandske avløysarord som er grunnen til at nydanningane er lite brukte eller dett heilt ut or bruk. I *Íslensk orðabók* (2010) er *sjálfrennireið* oppført med merknaden «gamalt nyord». Det ser også ut til at ordet helst vert brukt til å referera til dei fyrste historiske biltypane, og slik har fått eit slags domene i språket. Ordet *mótorvagn* er ikkje teke med i ordboka, og det ser også ut til å vera mest brukt i historiske samanhengar.


Ord som har fått ein nokså trygg plass i språket, er *integrerte ord*. Kor trygt integrerte orda er, varierer med bruksfrekvensen deira og om dei møter monaleg konkurranse frå andre ord. *Svakt integrerte ord* er ord som er mykje brukte i den undersøkte tidsperioden. Dei er likevel kjenneteikna av å ha ustabil bruksfrekvens, noko som ofte skuldast tevlende ord, andre gonger er det inga klår årsak til svingingane. Ingen av bilorda ovanføre høver i denne kategorien, men det tematisk nærskylde ordet *hreyfill* 'motor' er eit nokså typisk døme. Graf 1.3 syner bruksfrekvensen for *hreyfill* og det tevlende ordet *mótor* i den undersøkte perioden:



Graf 1.1: Integreringsbanen til *hreyfill* og *mótor*

Konkurranse frå *mótor* fører til at *hreyfill* er mindre brukt enn ein skulle venta ut frå referansen til ordet, og denne konkurransen er truleg også grunnen til at bruken av ordet *hreyfill* er så ustabil som han er. Ordet *hreyfill* har likevel over 2000 treff i slutten av perioden, noko som syner at ordet er akseptert og brukt av mange språkbrukarar.

Eit sterkt integrert ord har ut frá bruksfrekvens og jamføring med synonyme ord oppnådd ein trygg posisjon i språket, noko bilorda *bill* og *bifreið* er gode dæme på.



Graf 1.2: Integreringsbanen til *bill* og *bifreið*

Bruksfrekvensen til dei sterkt integrerte orda samsvarar med den venta eller sannsynlege bruken av ordet, og dei møter sjeldan konkurranse frå islandske ord eller importord.<sup>4</sup> Jamvel om *bill* og *bifreið* gjev inntrykk av å vera tevlende ord, har dei stort sett vorte brukte på åtskilde domene der dei ikkje har møtt stor konkurranse frå kvarandre. Ordet *bifreið* har vore den forma ein har brukt i meir formelle, skriftlege samanhengar og ser ofte ut til å vera nytta i tydinga 'køyrety', medan *bill* er brukt i meir talemålsnære samanhengar. Slik kan frekvensauken til *bill* utover på 1900-talet vera uttrykk for to ting, både at omgrepet vert nytta meir, men også at avisene tillèt fleire talemålsnære former på trykk.

Føremålet med å dela inn orda etter integreringsstatus er å kunna undersøka om eigenskapar ved nyorda kan forklara kvifor nettopp dei enda opp på eit gjeve steg i integreringsbanen. Denne delen av undersøkinga kan sjåast på som ein freistnad på å svara på spørsmålet Kjartan G. Ottosson (1990, 120, mi omsetjing) tek opp her: «Etter kva eg er kjend med, har ein ikkje systematisk undersøkt kva det er i naturen til nyorda som avgjer om dei får utbreiing.»<sup>5</sup> Sidan 1990 er det gjort undersøkingar av tilhøvet mellom importord og islandske

4 At sannsynleg bruk er avgjerande her, kjem av at bruken eller omtalen av fenomenet ordet namngjev, opplagt verkar inn på bruksfrekvensen til ordet. Eit ord kan difor kategoriserast som sterkt integrert jamvel om det fell heilt ut or bruk i perioden, dersom årsaka til frekvensfallet er at fenomenet ordet namngjev, ikkje finst eller er aktuelt lenger. Dette er t.d. tilfelle for ordet *mótald* 'modem', der bruken av ordet søkk kraftig utover 2000-talet fordi modema ikkje trengst lenger.

5 «Ekki hefur svo mér sé kunnugt verið rannsakað skipulega hvað það er í fari nýyrðanna sjálfra sem ræður því

avløysarord, der ein del trekk ved orda også er vurderte. Desse undersøkingane har likevel i liten grad vektlagt dei ulike integreringsstega, sidan konkurransen mellom to eller fleire alternativ har stått i fokus.

Nyorda som danner grunnlaget for undersøkinga mi, har eg sjølv samla inn. Grunnen er, som Guðrún Kvaran (2003, 36) skriv, at ein «[...] har i Island ikke været på vagt overfor nye ord og samlet på dem systematisk. Vi har derfor ingen materialesamling som dækker nutidssproget således at vi kan finde eksempler på nye ord og deres alder i sproget». Størstedelen av ordsamlinga er døme på nyord som eg har funne i artiklar som drøftar emnet, og eg har halde meg til ord eg reknar for å vera kvardagslege, for å motverka at fagspråklege normer og vurderingar har verka så tungt inn på integreringa deira. Andre er tekne med fordi dei har eit synonymi- eller analogitilhøve til dei innsamla orda eller er nærskyldige dei innsamla orda på ein annan måte.

Som nemnt finst det ein del undersøkingar om importord i islandsk, og eg har difor valt å samla og undersøka nyord som er danna av heimleg ordtilfang, det vil seia islandske ord og orddanningselement. Når eg tek for meg tevlende ordpar, vil det verta naudsynt å visa til importerte ord. Eg går difor kort gjennom løysingane som vert nytta for å tilpassa utanlandske ord til islandsk. For det fyrste kan ein ta inn det framande ordet i heilt utilpassa form, som i dette tilfellet ville vore *automobil* eller kortforma *bil* (frå dansk). Formene *átómóbíl* og *bill* er døme på neste steg, der dei framande orda er tilpassa islandske normer for skrivemåte og uttale. *Mótorvagn* er truleg inspirert av det same ordet brukt i andre nordiske språk, og det er samansett av dels framandt (*mótor*) og dels heimleg (*vagn*) ordmateriale, ein ordtype som vert kalla *hybridord*. Ordet *sjálfrennireið* er eit omsetjingslån, det vil seia ei del-for-del-omsetjing av det framande førebiletet *automobil*. Også *sjálfrenningur* ser ut til å vera inspirert av det framande ordet, jamvel om det er danna med det heimlege suffikset *-ing*. Nyordet *hraðreið* er danna av heimleg ordmateriale og meir fristilt frå det framande førebiletet. I denne oppgåva fokuserer eg på dei orda som er danna av heimleg ordmateriale, det vil seia ord av *hraðreið*-typen eller omsetjingslån.

Oppgåva er delt inn i sju kapittel medrekna dette inngangskapittelet. I andre kapittel tek eg føre meg den historiske bakgrunnen for nyordsdanninga og tidlegare forskning. Nyordsdanninga dei siste 150 ára har vore tett knytt til samfunns- og teknologiutvikling. Utviklinga på ulike samfunnsområde og ny teknologi har tvillaust verka inn på kva for ord ein treng, og

---

hvort þau ná útbreiðslu.»

korleis dei vert spreidde. Kapittel 3 er ein gjennomgang av orddanningsmetodar som er brukte i islandsk, med hovudtyngd på dei prosessane som har danna dei orda eg granskar i oppgåva. Sidan eg i analysen granskar dei grammatiske eigenskapane til orda, er det naudsynt å vita kva som kjenneteiknar prosessane som ligg bak dei. I kapittel 4 presenterer eg teoriar knytte til integreringa av nye ord i eit språk. Teoriane bruker eg til å kasta ljøs over dei ulike stega i integreringsbanen. Siktemålet med kapittelet er å best mogeleg kunna skildra kva som skjer på dei ulike stega, kva som kjenneteiknar orda som er på stega augneblinksdanning, nydanning og integrert ord, og korleis ordet kjem seg frå eit steg til det neste. Kapittel 5 er eit metodekapittel, der eg presenterer kjelder eg har brukt i innsamlinga og undersøkinga av orda, og framgangsmåten eg har brukt for å granska integreringsbanen til dei innsamla orda. Analyse fylgjer i kapittel 6, der eg undersøker oppbyggnaden til nyorda og kartlegg dei faktorane som kan ha verka inn på integreringa deira. Til dømes jamfører eg eigenskapane til tevlende synonym for å finna ut kvifor det eine har greidd seg betre i integreringa enn det andre. I kapittel 7 rundar eg av med ei avsluttande drøfting av funna frå analysen.

## 2 Historisk bakgrunn

Den rivande teknologiske utviklinga dei siste 150 åra gjer at føresetnadene og argumenta for å danna og spreia nyord vert endra. Medieutviklinga gjev oss nye kanalar å spreia dei nye orda i, men fører samstundes til auka globalisering og sterk påverknad frå engelsk. Nyorda speglar samfunnsutviklinga og gjev namn til ny teknologi. Det kan tenkjast at denne teknologien også verkar inn på integreringa deira. Eg bruker difor dette kapittelet til å sjå nærare på korleis tilhøvet mellom samfunn, teknologi og språk har vore i perioden, med hovudvekt på nyord og nyordsarbeid. Kapittelet har fylgjande inndeling: Avsnitt 2.1 er ein gjennomgang av kva som har motivert nyorddanninga frå cirka midten av 1800-talet og fram til i dag. Eg legg vekt på korleis nyorda har vorte mottekne og diskuterte i perioden, og korleis haldningane til nyordspolitikken har vore. I avsnitt 2.2 tek eg i fyrste delen føre meg nokre synspunkt og hypotesar andre har sett fram om danning, spreining og mottak av nyord. Andre del presenterer nyare forskning på nyord, nyorddanning og nærskylde emne. Eg rundar av kapittelet med nokre samanfattande konklusjonar i 2.3.

### 2.1 Nyorddanning 1850–2010

Amanda Hilmarsson-Dunn og Ari Páll Kristinsson (2010, 243) skriv at ivaretaking og kultivering er sentrale element i islandsk språkpolitikk: På den eine sida er ein oppteken av å halda på forma og ordtilfanget i språket, på hi sida vil ein kultivera og utvikla språket. Islandske nyord har ei sentral rolle i denne utviklinga, og omgrepet «nyordpolitikk» viser til det meir eller mindre systematiske nyordsarbeidet for å byggja ut det islandske ordtilfanget. Den moderne nyordspolitikken har ifylgje Ágústa Þorbergsdóttir (2011, 334) som program å vera på vakt mot importord som ikkje passar i islandsk lydsystem eller bøyning. Dette vert grunngeve med at importorda ikkje er gjennomsynlege utan nærskylde ord i språket, og at nyorda er enklare enn importorda å forstå for folk flest. At islendingane prioriterer nyorddanning i staden for å ta inn importord, gjer at ein ofte nyttar omgrepet purisme om den islandske språkrøkta<sup>6</sup>. Endre Brunstad (2001, 27) skriv at purisme i språkpolitisk samanheng er

---

6 Omgrepet *språkrøkt* (måldyrking) vert ifylgje *Nynorskordboka* nytta om «arbeid for å verne eit (skrift)mål og utvikle det vidare». Dette arbeidet kan i større eller mindre grad handla om *språkreinsing*, som ifylgje same ordbok handlar om å «finna heimlege avløyssarar for (mest) alle framandorda i eit språk; purisme». Sidan nyorda eg granskar, kan ha kome til utan puristiske argument i botn, nyttar eg i denne oppgåva *språkrøkt* om alt arbeid som gjeld utvikling og vern av språk.

[...] ein normeringsideologi der målet er å halde språket reint frå framande innslag som vert oppfatta som 'ureine'. Dette målet er gjerne kombinert med arbeid for å avløyse framande innslag med heimlege, eller å tilpasse dei til ei form som er heimleg. Purismen kan vere retta imot alle lingvistiske nivå, men er oftast fokusert på det leksikalske.

Nyorddanninga er eit døme på korleis ein praktiserer leksikalsk purisme, som handlar om å halda ordforrådet fritt for utanlandske ord. Ifylgje Endre Brunstad (2002a, u. sidetal) er det særeige for den islandske purismen at han rettar seg mot alle språk og gjeld både for ålmennspråklege ord og fagterminologi (ibid). Ari Páll Kristinsson (2004, 48), med tilvising til Kjartan G. Ottósson (1997, 32), meiner at dette har ei demokratisk side, fordi bruken av heimleg ordtilfang i nyorddanninga har ført språket til ekspertar og ålmenta nærare einannan.

Omsynet til språkbrukarane vert også trekt fram når ein argumenterer for å danna avløyсарord i staden for importord som ikkje er gjennomsynlege. Eit meir eller mindre uttalt krav til islandske avløyсарord er at dei må bidra til den transparensen i språket som importorda svekkjer. Lingvistisk transparens handlar ifylgje Wahl (2008, 171) om to ting, her sette opp som punkt for å letta lesinga:

1 Det einskilde ordet er transparent, fordi det er sjølvforklarande ut frå dei einskilde tydingselementa det er danna av.

2 Heile det islandske ordtilfanget er transparent, fordi dei einskilde orda innbyrdes støttar og forklarar kvarandre gjennom eit assosiativt nett av ord og ordfamiliar.

Etter denne oppfatninga manglar importorda den transparensen og støtta i ordtilfanget som dei heimlege orda har, og dei er såleis isolerte og uforståelege (ibid). Det er likevel ikkje slik at tydinga til alle islandske ord er direkte tilgjengeleg ut frå delane, og oftast treng ein å ha sett ordet i konteksten for å kunna slutta seg til kva ordet tyder (Wahl 2008, 177).

Den transparensen mange meiner er ein eigenskap ved det islandske språket, kan også sjåast på som ei fylgje av ein fleire hundre års kamp mot trekk frå andre språk. Endre Brunstad (2002b, 87) meiner denne kampen har ført til at språkbrukarane ventar at islandsken skal sjå ut på ein bestemd måte, noko som kan medverka til at språkbrukarane avviser framande språktrekk: «[...] når ein puristisk politikk er etablert, vil dei språkstrukturelle trekka vere med på å automatisere ein språkbruk, og skape eit mentalt skjema hos språkbrukarane om korleis språket skal sjå ut.» Med tilvising til Jón Hilmar Jónsson (1988, 25) skriv Brunstad

(2002b, 87) at ein har etablert ei forventning om at islandske ord skal vera gjennomsynlege, og at dette kan bremsa innføring av framande affiks.

Den islandske nyordspolitikken har som nemnt røter langt attende i tid og viser att i mange språkrelaterte problemstillingar, men omfanget av denne oppgåva tillèt ikkje ein like grundig gjennomgang av heile den historiske bakgrunnen. Eg stig difor inn i saga i siste halvdel av 1800-talet og legg i heile gjennomgangen hovudtyngda på det som har motivert nyorddanninga. Frå midten av 1800-talet er sjølvstendekampen for lausriving frå Danmark, teknologisk utvikling og endra samfunnstilhøve noko av det som verkar inn på språk og folk. Språket vert, i tråd med det romantiske tankesettet som rår i tida, knytt til islandsk identitet og brukt som argument i kampen for auka islandsk sjølvstende: «Språket var rekna for å vera det som framføre noko anna gjorde islendingane til ein særprega nasjon med bestemte nasjonale rettar [...]» (Kjartan G. Ottósson, 1990, 76. Mi omsetjing.).<sup>7</sup> Det var særleg danske ord ein freista å reinsa språket for, og Ágústa Þorbergsdóttir (2011, 333) skriv at denne utreinsinga av dansk hadde støtte i folket. Nyorda vart spreidde gjennom omsette vitskapsartiklar, ordlister, tidsskrift og ordbøker. Kjartan G. Ottósson (1990, 102) trekkjer fram det årvisse tidsskriftet *Skírnir* (1827–) som ei god kjelde der ein finn nyord for nye fenomen og tekniske nyvinningar i samtida. I ordsamlinga mi har eit par ord fyrste treff i *Skírnir*, nemleg *tónleikar* 'konsert' (1888), *svifdýr* 'plankton' (1912), *tjáning* 'uttrykk' (1916) og *tómstundagaman* 'hobby' (1919), som alle er integrerte ord i dag.

Nyorddanninga på 1900-talet skil seg frå tidlegare periodar ved at ho no i større grad enn tidlegare er organisert: Eigne yrkesnemnder arbeider med å utvikla fagterminologi for sine område, i tillegg til statlege institusjonar med språk som arbeidsområde. Døme på slike institusjonar er Íslensk málnefnd (Islandsk språknemnd), som vart etablert i 1964, og Íslensk málstöð (Islandsk språksenter), ei språkrøktavdeling som no ligg under Árni Magnússon-instituttet for islandske studiar. Avdelinga har programfeste arbeidsområde som går ut på å arbeida med og støtta nyord- og terminologiarbeid og gje råd om val og danning av nyord. Det organiserte nyordsarbeidet fylgjer retningsliner som fortel kva for metodar ein helst bør ta i bruk når ein dannar nye ord.<sup>8</sup> På 50-talet vart mange nyord utgjevne i hefta *Nýyrði I-IV* (Sveinn Bergsveinsson og Halldór Halldórsson 1953–1956) og *Tækniordasafn* (Sigurður Guðmundsson 1959) (Hákan Jansson 2015, 63). Slike hefte er hyppig tilviste i kjeldene til

7 «Tungan var talin vera það sem framar öðru gerði Íslendinga að sérstakri þjóð með ákveðin þjóðréttindi [...]»

8 Ei slik rettleiing er «Orðmyndun. Um leiðir til að auka íslenskan orðaforða». Her vert det mellom anna lagt vekt på at nye ord må gå inn i eit islandsk bøyingsmønster, og at det nye ordet bør vera danna slik at det lett kan gå inn i nye komplekse former (Íslensk málnefnd, 2004).

Tímarit.is, og fleire av orda i ordsamlinga mi var truleg fyrst på trykk i desse listene.

I etterkrigstida kjem nye omgrep og terminologi i fylgje med teknologi og vestleg populærkultur. Under og etter krigen kom språkpåverknaden frå direkte kontakt med britiske og amerikanske militærstyrkar, noko som auka interessa for nyorddanning (Guðrún Kvaran og Ásta Svavarsdóttir 2002, 86, vist til hjá Ari Páll Kristinsson 2004, 50). Auka innvandring på 2000-talet har ført til at det islandske språksamfunnet ikkje lenger er like språkleg homogent som det tidlegare har vore (Amanda Hilmarsson-Dunn og Ari Páll Kristinsson 2010, 209–210).

Frå 1980-talet og framover går utviklinga i media- og datateknologi svært fort, og denne utviklinga fører med seg større engelskpåverknad og nye nemningar. Etter at fjernsynsmonopolet vert oppheva i 1986, møter islandske fjernsynsprogram konkurranse frå ei rekkje nye radio- og fjernsynskanalar. Mange av desse fjernsynskanalane sender hovudsakleg engelskspråklege program (Amanda Hilmarsson-Dunn og Ari Páll Kristinsson 2010, 251). Engelsk er også det dominerande språket i internettkulturen, jamfør innhaldet på filmsnuttkanalen *Youtube* og språket i internasjonale hitlåtar og spelsamfunn. Mange ord som er komne inn i islandsk i fylgje med mediautviklinga, har greidd å røta seg før ein har danna gode islandske avløyсарord. Dette viser også att i dei innsamla orda mine, der den islandske nemninga *alnet* ikkje har greidd å avløyса importordet *internet*, og «blandingsorda» *DVD-spilari* og *MP3-spilari* ser ut til å ha slått betre an enn dei islandske avløyсарorda *mynddiskaspilari/myndspilari* og *lófaspilari/smáspilari*. Også tidlegare har islandske avløyсарord hatt vanskar med å etablera seg i språket fordi dei tilsvarande importorda var for godt etablerte. Dette hende ifylgje Kjartan G. Ottósson (1990, 111) med nyord som var danna for å byta ut utanlandske fagord innanføre sjømannsnæringa på byrjinga av 1900-talet. Nyorda vart avviste fordi importorda var så etablerte i næringa at det kunne føra til farlege situasjonar dersom avløyсарinga ikkje vart forståtte (1990, 112).

Samfunnsutviklinga på 1900-talet endrar føresetnadene for nyordsarbeidet: Den viktigaste utanlandske påverknaden skiftar frå det vesle språket dansk til verdsspråket engelsk. Sidan dansk og islandsk er nærskyldige språk, har eit dansk ord og eit tilsvarande islandsk avløyсарord ofte nokså lik morfologisk oppbygning. Danske importord har truleg også vore nokså nøytrale når det kjem til funksjon og status, og kanskje fall statusen deira medan sjølvstendekampen stod på. Importord frå engelsk, derimot, har ofte prestisje i populærkulturelle eller vitskaplege miljø. Islandske avløyсарord vil sjeldan kunna romma dei



etablerte språkfunksjonane slike engelske ord har på dei kulturelle domena sine. Dei engelske orda har dessutan ofte ein føremon i integreringa ved at dei jamnast er kortare enn dei tilsvarande islandske avløyasarorda. Ein annan faktor som kan letta importen av engelske ord, er at engelskdugleiken til islendingane vert stendig betre utover 1900- og 2000-talet.

Amanda Hilmarsson-Dunn og Ari Páll Kristinsson (2010, 207) skriv at ein på grunn av globalisering og engelskpåverknad oppfattar at islandsk står mindre trygt enn tidlegare. Ein reaksjon på dette er at Alltinget i 2011 vedtok ei lov som skal tryggja statusen til islandsk i det islandske språksamfunnet.<sup>9</sup> Vektlegginga av islandsk nasjonalkultur og språk kom også til synes då regjeringa i budsjettkuttperioden som fylgde den økonomiske krise i 2008, heldt fram med å gje pengestøtte til institusjonar som jobba med utvikling, spreining og vern av nasjonalkulturen (Ari Páll Kristinsson og Amanda Hilmarsson-Dunn 2013, 27).

Dei fleste islandske språkbrukarar har vore positive til nyordspolitikken, men alle er ikkje like samde når det gjeld avvisinga av importord til fordel for islandske avløyasarord. Eiríkur Rögnvaldsson (1985, 7) meiner det er negativt at vektlegginga av nyorddanning har ført til at ein avviser gode importord og dessutan set for høge krav til dei nye orda. Til dømes vert språkbrukarane rådde frå å nytta ord som er utbreidde i språket, dersom dei er «feil» danna. Magisteren Sigurður Skúlason meinte ein burde ta inn importord som var finare enn islandske ord, og bruka importorda *bill*, *kakao* (sic), *súkkulaði* og *píanó* i staden for dei islandske *bifreið*, *mil*, *milska* og *yman* (Kjartan G. Ottósson 1990, 119). Språksamfunnet ser ut til å ha vore samd med Sigurður Skúlason, for av dei islandske nemningane er berre *bifreið* kome i bruk, og importordet *bill* er mykje meir brukt.

Stefán Karlsson, vist til hjá Kjartan G. Ottósson (1990, 119), hevdar den strenge nyordspolitikken fører til mangel på synonyme uttrykksmátar. Nett dette ser knappast ut til å vera eit problem på 1900- og 2000-talet, ettersom det for kvart nye importord oftast kjem sær mange framlegg til avløyasarord. 6. mai 2016 var det til dømes 25 moglege avløyasarord for den digitale bokløyisinga «Kindle», eit slags nettbrett for å lesa bøker med, i Nyordsdagboka til den islandske språknemnda:

---

<sup>9</sup> *Lög um stöðu íslenskrar tungu og íslensks táknaþáls*, <http://www.althingi.is/alttext/stjt/2011.061.html>. I lova står det at islandsk er nasjonalspråket til islendingane, er offisielt språk i Island og er språket til Alltinget, domstolar, statlege og kommunale styresmakter, skular på alle skulestadium og andre tenesteytande institusjonar. Jóhannes Bjarni Sigtryggsson (2014, 152–153) grunngjev trongen for ei lov om islandsk som offentleg språk med at samfunnet vert meir multikulturelt, og at ein har fleire nasjonalitetar og språk i landet no enn tidlegare.

kindle

[islandsk] bóksjá [Nyordsregister ☒]

kindle

[islandsk] skjábók [synonym] b-bók, bókhlaða, bóksjá, bólva, bylja, e-bók, farbók, kompa, kyndilbók, kyndill, leskja, lestæki, lestrartól, rafbók, rafbókarskoðunartæki, rafskinna, rolla, sjóna, skilja, skjáta, skjóna, vaka, vaki [Nyordsregister ☒]

Illustrasjon 2.1: Avløyasarord for *Kindle* i nyordsregisteret.

Dei mange framlegga til Kindle-avløyasarord tek oss attende til den utfordringa eg nemnde i inngangskapittelet, at det på eit tidleg tidspunkt er nærast umogeleg å avgjera kva for eit nyord som kjem til å greia seg best av fleire aktuelle alternativ. Denne uvissa har likevel ikkje vore noka hindring for å diskutera lagnaden til nye ord. Avisdiskusjonen nedanføre fann stad i *Dagblaðið Vísir* i 1985 og handlar om den islandske nemninga for sjukdomen aids.

11. mai vert lesarane gjorde kjende med nokre av nyordsframlegga. Her vert omsetjingslánet *áunnin ónæmisbæklun* 'pådrege immun-nedsetjing', forkorta *AÓB*, kritisert for å vera lite smidig, og *al-næmi* 'heil'- 'mottakelegheit, disponering' vert halde fram som ei fylgjerett forlenging av ord som *ónæmi* 'immunitet' og *ofnæmi* 'allergi'. Alternativet *hór-sótt* 'hor-sott/-sjukdom' er ifylgje artikkelforfattaren teke i bruk fordi sjukdomen er ei fylgje av «lettsinn og lauslivnad i seksuallivet».<sup>10</sup> 17. juli kommenterer assisterande helsedirektør Guðmundur Sigurðsson ordval i eit hefte helsestyresmaktene har gjeve ut. I heftet er ordet *alnæmi* brukt, jamvel om språkvitarar har tilrådd *ónæmis-tæring* ('immunitet-tæring'). Guðmundur Sigurðsson grunngjev valet med at det lengre alternativet er lite smidig og håplaust i den forkorta forma *ÓT*.

I november trykkjer *Dagblaðið Vísir* ei sak der språkvitaren Baldur Jónsson gjev eit oversyn over ikkje mindre enn átte kjende nyordframlegg som skal ha vorte introduserte dei siste to ára. Han seier at han personleg kan akseptera *ónæmistæring* og grunngjev standpunktet med at ordnemnda til lækjarforeininga har avgjort å bruka dette ordet. Same avissak introduserer ordet *eyðni*, avleidd av verbet *eyða* 'øydeleggja'. Ordsmeden bak *eyðni* er Páll Bergþórsson, som hevdar at ordet lydleg minner om det framande førebiletet aids, og at det er lett å nytta i samansetjingar. I etterkant veit vi at dei to alternativa *eyðni* og *alnæmi* enda opp som dei mest brukte, trass i at både språkvitarar og lækjarordnemnda stilte seg bak ordet

<sup>10</sup> På islandsk lyder denne setninga «[þ]á eru þeir til sem vilja kalla AIDS hórsótt. Rök þeirra eru þau að léttuð og lausung í kynferðismálum sé vísasta leiðin til að fá AIDS».

*ónæmistæring*. Dette syner at dei rádgjevande sprákinstansane berre har avgrensa makt over vala til sprákbrúkarane.

Om dei nye orda skal greia seg, má dei gjerast kjende og tilgjengelege for sprákbrúkarane, og utover 1900- og 2000-talet har spreingsvegane auka i takt med medieutviklinga. Ein av dei viktigaste institusjonane for spreing av nyord er Alltinget, sidan nyord som er nytta i lovgjeving, mest heilt sikkert kjem til á koma i bruk (Halldór Halldórsson 1964, 151). Halldór Halldórsson (1964, 150–151) skriv at orda *sími* og *útvarp* er dæme på ord som vann fram fordi dei var brukte i lover, til dæmes hadde orda *málbráður* og *talbráður* stor utbreiing ein periode før *sími* kom til (Halldór Halldórsson 1964, 150). Ordet *þota* 'jetfly' fekk ifylgje Halldór Halldórsson (1964, 154) ein lett veg inn i spráket fordi det vart presentert på eit journalistmøte. Etter møtet vart det teke i bruk i alle avisene i Reykjavík og avløyste det eldre ordet *þrýstiloftsflugvél*. Nyordet *ál* 'aluminium' trengde ifylgje Kjartan G. Ottósson (1990, 119) ut importordet *alúminíum* fordi ein brukte nyordet i lovgjeving som galdt eit aluminiumsverk i Straumsvík. Han pápeikar at ógsá skule og media har stor páverknadskraft, sidan desse institusjonane kan ná ut til mange sprákbrúkarar med dei nye orda. I tillegg meiner Kjartan G. Ottósson (1990, 115) at ordbøker og oppslagsverk er viktige for á tryggja plassen til nye ord i spráket.

Halldór Halldórsson (1987, 96–97) skriv at det er viktig at nyordet kjem fram så godt som samstundes som fenomenet vert kjent. Dette gjeld særskilt dersom nyordet skal avløysa eit importord. Ágústa Þorbergsdóttir (2011, 337, mi omsetjing) skriv at «[e]in vanleg grunn til at nyord ikkje kjem inn i álmennspráket, er at eldre nemningar, ofte importord, dá er vortne rotfeste i spráket».<sup>11</sup> Dæme på slike importord er ifylgje Ágústa Þorbergsdóttir (2011, 337–338) *banani*, *appelsína*, *sjampó*, *bodylotion* og *frotte*, som har svekt integreringa av nyorda *bjúgaldin*, *glóaldin*, *hárvi*, *huðkrem* og *yfingur*.

## 2.2 Vitskapleg bakgrunn

Med god spreingsveg og timing er mykje gjort, men at desse faktorane er på plass, er jamnast ikkje tilrekkeleg for á sikra nyorda ein plass i spráket. Dei fleste sprákvitarar er samde om at både eigenskapar ved orda og utanomspráklege faktorar speler inn på integreringa av orda. Ofte rákar fleire faktorar samstundes, slik at ein heil del má klaffa for at det nye ordet skal fá ei smertefri integrering. I avisdiskusjonen såg vi at eigenskapane til orda gjerne vert trekte inn

<sup>11</sup> «Algeng ástæða þess að nýyrði komast ekki inn í almennt mál er að eldri heiti, oft tökuorð, eru þegar orðin rótgróin í málinu.»

i vurderinga av kva som er eit levedyktig ord. Særskilt vanleg er det å fokusera på om ordet er smidig eller ikkje, ein eigenskap som ut frå døma ser ut til å handla om at ordet ikkje er for langt og lett kan brukast i nye komplekse ord. Andre faktorar som vert kopla til integreringssjansane til nyordet, er at det liknar det framande førebiletet (jf. *eyðni*), og kva personar med status på området (her: språkvtitarar og lækjarforeininga) meiner om ordet.

Kjartan G. Ottósson (1990, 120) skriv at det er avgjerande for lagnaden til nyorda at dei er vellukka «i seg sjølve», og ser med det ut til å meina forma til orda:

Eg reknar med at det tvillaust vil vera ein stor føremon om dei er biletlege og skildrande, gjerne fyndige, og kunne minna om det framande førebiletet, og til ulempe viss dei har gamaldags eller teoretisk svip (mi omsetjing).<sup>12</sup>

Kjartan G. Ottósson (1990, 120) meiner *bjúgaldin* 'banan' er eit mindre godt nyord, både fordi *aldin* er eit gamaldags ord for frukt, og fordi det er uheldig at ordet lydleg minner om *bjúga* 'pølse, korv'. Vurderinga av at *bjúgaldin* er eit dårleg ord er altså grunngjeven ut frå dei semantiske og morfologiske eigenskapane til ordet. Desse eigenskapane er også viktige når Ari Páll Kristinsson (2004, 47) skriv at det kan fremja nyorddanning (før tilpassing av importord) at «det finst eit system eller mønster for parallelle ord i islandsk, dvs. om det er lett synlege førebilete for ordlagings». Eit døme er orddelen *-stjóri*, som kan brukast for å danna nemningar for den som styrer noko, brukt i orda *skipstjóri* 'kaptein', *flugstjóri* 'pilot' og *leikstjóri* 'regissør' (Ari Páll Kristinsson 2004, 47).

I samband med aids-nemningane og ord som *súkkulaði* og *píanó* såg vi at det er språkbrúkarane som har siste ordet. Jón Hilmar Jónsson (1980) knyter språkbrúkarmakta til forma og funksjonen nyordet skal ha i språksamfunnet. Han skildrar integreringa som eit samspel mellom ytre faktorar, i form av språkbrúkarane, og dei indre eigenskapane til ordet. Ifylgje Jón Hilmar Jónsson (1980, 26–27) er to prinsipp viktige når ein dannar nye ord:

I Det nye uttrykket må ha ein så direkte og eintydig referanse som mogeleg, slik at det er lett å identifisera omgrepet.

II Ordet må vera godt tilpassa språkstruktur og orddanningsmønster og kunna «bidra til at språkets utvikling og fornyelse foregår i samsvar med de nedarvede tradisjoner».

---

12 «Þó hygg ég vafalaust að það sé mikill kostur ef þau [nyorda] eru myndræn og lýsandi, gjarnan smellin, og mega minna á hina erlendu fyrirmynd, en ókostur er ef þau hafa fornlegan eða of bóklegan blæ»

Prinsippa st ur ifylgje J n Hilmar J nsson (1980, 27) mot einannan, fordi ord som er i tr d med islandsk spr kstruktur og orddanningstradisjon, kan f  ei form som st ur i vegen for effektiv kommunikasjon. For spr kbrukarane er det viktigare at referansen til det tilpassa ordet er kl r nok til at kommunikasjonen fungerer enn at ordet er danna i tr d med tradisjonar og spr knormer (1980, 28). J n Hilmar J nsson (1980, 32–33) konkluderer difor med at nyordsmedane m  ta omsyn til den trongen spr kbrukarane har til   kommunisera effektivt. Det er truleg ogs  kommunikasjonen som st ur p  spel n r Eir kur R gnvaldsson (1985, 7) tykkjer det er negativt at stor motvilje mot   l na inn eller laga nye stammer f rer til at trongen for nyord hovudsakleg vert l yst ved   danna nye samansetjingar. Desse orda vert ofte s  lange at dei ikkje vert godt mottekne av spr kbrukarane (ibid).

Granskingar av eldre nyord, som har hatt god tid til   integrera seg, kan peika mot kva for trekk som er viktige for at eit nyord skal lukkast i integreringa. Bj rn J nsson har til d mes gjort ei gransking av nyord danna av L rd mslistaf lagi  'Vitskapsselskapet', som dreiv folkeopplysningsarbeid p  1700-talet. Granskinga hans, som er vist til hj  Halld r Halld rsson (1964, 140), syner at ein stor del av desse orda enda som nydanningar eller augneblinksdanningar. Medan nydanningane vart nytta ei tid p  1800-talet f r dei – som Halld r Halld rsson (1964, 140) skriv – «fall ut or moten», greidde den tredje ordgruppa   f  fotfeste i spr ket. Ifylgje Kjartan G. Ott sson (1990, 46) er relativt f  ord fr  L rd mslistaf lagi  integrerte i dag, og nokre d me Halld r Halld rsson (1964, 140) nemner, er *brj skfiskur* 'bruskfisk', *farfugl* 'trekkfugl', *fellibylur* 'orkan', *gr  urh s* 'veksthus', *mannapi* 'menneskeape' og *steinol a* 'petroleum'. Betty Wahl (2008, 100) har sett n rare p  dei L rd mslistaf lag-orda som greidde seg d rleg, og meiner at morfologisk og semantisk oppbygning kan forklara lagnaden deira: Sidan det mest popul re orddanningsm nsteret var samansetjing, vart mange av nyorda lange og omstendelege eller semantisk misvisande. D me er orda *hr ringarverkf ri* 'maskin' og *m lingarkunn tta* 'geometri', som sidan er vortne avl yste av dei kortare orda *v l* og *r mfr  di*. Andre ord kan ha mislukkast fordi forma deira ligg for n r det framande f rebiletet, eller fordi dei ikkje gjev att det same tydingsinnhaldet som det framande f rebiletet.

Det er ikkje h ve til   gje eit fullstendig oversyn over forking p  importord og avl ysarord fr  seinare tid, s  eg konsentrerer meg om unders kingar som noks  direkte gjeld heimleg danna nyord og integreringa deira. Islandske importord vart grundig granska i samband med prosjektet *Moderne importord i spr ka i Norden* (MIN), og nokre av

undersøkingane inkluderer også dei heimlege avløyсарorda som tevlar med importorda. Guðrún Kvaran (2007) granska bruken av eit utval importord og dei heimlege avløyсарorda deira i databasen til Morgunblaðið. Nokre av desse orda kjem også føre i ordsamlinga mi, og eg viser til funna hennar der det er relevant i min eigen analyse. Guðrún Kvaran (2007, 46) skriv at størstedelen av dei undersøkte orda var aksepterte av språkbrukarane både i skrift og tale. Det går likevel fram av skildringa hennar at ein del av orda er augneblinksdanningar eller nydanningar, som «[...] måtte vige for andre ord med større gjennomslagskraft» (2007, 46). Til skilnad frå Eiríkur Rögnvaldsson (1985, 7) meiner Guðrún Kvaran (2007, 46–47) at lengd ikkje ser ut til å spela noka særleg stor rolle for om eit ord vert akseptert i islandsk eller ikkje, men at det er viktig at vanlege språkbrukarar lett kan forstå tydinga til nye ord og kan knyta dei til andre ord i språket.

Hanna Óladóttir (2007) har i tilknytning til MIN-prosjektet intervjuat 24 islendingar mellom 27 og 36 ár om haldningane deira til islandsk språkpolitikk. Ho finn at frekvens og utbreiing spelar inn når språkbrukarane vel mellom importord og avløyсарord (2007, 120). Tendensen er at språkbrukaren vel ordet som er mest brukt i språksamfunnet, og Hanna Óladóttir (2007, 124) hevdar vanen har mykje å seia i slike samanhengar. Informantane i undersøkinga grunngjev ordvala sine med eksterne faktorar som at avløyсарorda ikkje er tilgjengelege nok eller ikkje dukkar opp tidsnok. Negative trekk ved sjølve avløyсарorda er ifylgje informantane at dei semantisk ikkje høver til førebiletet, er for lite gjennomsynlege eller er kopla til islandske ord dei ikkje er i slekt med. *Mjólkurhristingur* 'milkshake' og *flatbaka* 'pizza' er døme på ord informantane meiner er uforståelege. Ein informant seier han ikkje trur seljaren ville forstått han dersom han hadde freista å tingu ein *mjólkurhristingur* 'milkshake' (2007, 124). Dei kritiserer også avløyсарorda for å vera håplaut danna, infleksible, tunge, stive, for lange og vanskelege å uttala, og ordet *eftirsólarhúðmjólk* for 'after sun lotion' er nemnt i denne samanhengen.

To nyare doktoravhandlingar tek føre seg nyorddanning og importord i islandsk. Yair Sapir (2003) nyttar allmenne teoriar om orddanning på ei samling nyord frå tekstkorpuset til *Morgunblaðið* for å kartleggja orddanningsmetodane som vert brukte i islandsk, og for å drøfta ord som ligg på grensa mellom samansetjing og avleiing. Håkan Jansson (2015) bruker tekstsamlinga Tímarit.is til å kartleggja importord som strir mot den puristiske tradisjonen, og bruken av ord og uttrykk frå talespråket i skriftlege kontekstar.

## 2.3 Samandrag

I perioden 1880–2010 er det i fyrste rekkje endringar i samfunnsordning og teknologi som skapar trong til nye ord, som når vi får dei nye orda *útvarp* 'radio', *kjarnorkuvopn* 'kjernevåpen', *tölva* 'datamaskin', *alþjóðavæðing* 'globalisering' og *hlaðvarp* 'podcast' som nemningar på ny teknologi og endra samfunnstilhøve. Utviklinga innanføre kommunikasjonsmedium kan verka positivt og negativt inn på lagnaden til nyorda. Medieutviklinga gjer spreiring av islandske nyord enklare utover på 1900-talet, men samstundes er dei same media med på å spreia importord knytte til populærkultur og teknologi. Kjenneteiknande for nyordarbeidet i denne perioden er at det er meir organisert enn tidlegare, særleg terminologiarbeidet, som gjerne går føre seg i fagnemnder. Institusjonar som arbeider med språkrøkt, prøver å koordinera nyordarbeidet ved hjelp av retningsliner for nyorddanning og ved å samla inn og spreia nyorda til språkbrukarane.

Islandske språkbrukarar har stort sett vore positive til nyordspolitikken, men somme kritiske røyster meiner ein avviser for mange importord og har for strenge krav til dei islandske nyorda. Dei strenge krava til nyorda kjem som fylgje av at nyordsdanninga er ein måte å driva leksikalsk purisme på. Eit demokratisk argument som ofte vert halde fram for å forsvara denne purismen, er at nye ord danna av islandsk ordmateriale er meir direkte forståelege for språkbrukarane enn importorda. Etter alt å døma kan både trekk ved orda og eksterne faktorar vera med på å avgjera om eit ord vinn fram. Det er rekna for viktig at dei nye orda har ein forståeleg referanse, fungerer godt i kommunikasjonen (t.d. har passe lengd, er lette å uttala og har rette konnotasjonar) og er godt tilpassa bøyingsystemet og islandsk språkstruktur. Av ytre faktorar er det viktigaste at nyorda tidsnok vert tilgjengelege for språkbrukarane.

### 3 Orddanning i islandsk

Føremålet med dette kapittelet er å gje eit oversyn over dei orddanningsprosessane som har danna orda i ordsamlinga mi. Kjennskap til korleis orda er danna er viktig for den seinare analysen, der eg mellom anna vil undersøka om den morfologiske og semantiske forma til orda har innverknad på integreringa deira.

Fleire orddanningsmåtar er tilgjengelege i islandsk, både fordi språkssystemet opnar for dei (til dømes kan omlydsreglar brukast, sidan dei er kjende frå bøyingsparadigme i notidsspråket) og fordi nyordspolitikken har vant språkbrukarane til å møte nyord av ulik skapnad. Til liks med andre germanske språk er likevel samansetjing og avleiing dei klårt mest produktive orddanningsmåtane, og desse to er difor tildelte mest plass nedanføre. Orddanning og orddanningsprosessar er eit svært stort og omdiskutert tema. Omfanget på denne masteroppgåva gjev ikkje høve til å femna alt, og diskusjonen i dette kapittelet er difor avgrensa til dei ordtypane eg finn i ordsamlinga mi.

Frå og med dette kapittelet nyttar eg bindestrek der det er tenleg å syna korleis orda morfologisk og semantisk er oppbygde, jamfør døma i (3-1) a.–e.:

- (3-1) a. stammesamansetjing: *slag-orð* (stamme-etterledd)
- b. genitivsamansetjing: *lykl-a-borð* (stamme-genitivending-etterledd)
- c. fugesamansetjing: *æs-i-spennandi* (stamme-fuge-etterledd)
- d. prefiksavleiing: *endur-vinnsla* (prefiks-grunnord)
- e. suffiksavleiing: *bland-ari* (grunnord-suffiks)

Dei fleste orda i ordsamlinga er oppbygde slik som døma a–e, men eit par meir komplekse ord finst òg, som *taug-a-strekkj-andi* ((stamme-genitivending-stamme)-suffiks) og *við-semj-andi* ((prefiks-stamme)-suffiks).

Kapittelet tek til med ei omgrepsavklaring i avsnitt 3.1, før eg i 3.2 greier ut om dei ulike orddanningsmåtane i islandsk. Her går eg i avsnitt 3.2.1 gjennom kva som kjenneteiknar ulike samansetjingar i islandsk, og i avsnitt 3.2.2 ser eg nærare på avleiing i islandsk. Andre orddanningsmåtar er samla under avsnitt 3.2.3, og i 3.2.4 tek eg føre meg orddanningsmønster som ligg på grensa mellom avleiing og samansetjing. I avsnitt 3.3 fylgjer eit samandrag av dei viktigaste punkta i kapittelet.



### 3.1 Omgrepsavklaring

Ved å nytta eit omgrep som «orddanning» går ein god for to synsmåtar, jamfør Bauer (1983, 7): «Any discussion of word-formation makes two assumptions: that there are such things as words, and that at least some of them are formed.» Ord-omgrepet er vanskeleg å avgrensa, sidan det er svært store skilnader frå språk til språk når det gjeld kva ein kan rekna som ord og ikkje. Det kan jamvel vera vanskeleg å definera eit ord innanføre eitt og same språk (Spencer 1991, 45). I denne oppgåva viser ord-omgrepet til ei meiningsberande språkeining som kan uttalast med hovudtrykk, og der ein ikkje kan byta plass på delane eller skilja dei frå einannan ved å skyta inn eit anna ord (jf. Faarlund et al. 2012, 15). Orda kan likevel vera samansette av morfem, ein type mindre språkeiningar som ikkje kan stå åleine.

Omgrepet *leksem* er brukt om det ordet vi finn som oppslagsord i ordboka. Leksemet er ein abstrakt storleik, og dei ulike fonologiske og ortografiske representasjonane av leksemet er *ordformer* (Bauer 1983, 12). Ordformene kan til dømes vera kausbøying i nominal eller person- og tempusbøying i verb. Omgrepet *grammatisk ord* viser til ordformer av same leksem som har ulike morfologiske og syntaktiske funksjonar. Ordforma *bleikja* kan slik representera to leksem, verbet *bleikja* 'bleikja' og substantivet *bleikja* 'røyr' (fisk). Det er fire grammatiske ord: verbet i infinitiv, verbet i presens indikativ 3. person fleirtal, substantivet i ubunden form eintal nominativ og substantivet i ubunden form fleirtal genitiv. Dei ulike orda kan også delast inn i grupper etter semantiske eigenskapar, slik Faarlund et al. (2012, 21) skriv:

Semantisk kan en blant annet skille mellom **leksikalske** ord, som refererer til noe 'i verden', som *hest* og *løpe*, **grammatiske** ord, som bare angir relasjoner innenfor språket selv, som *at*, og **pro-ord**, som henter sin betydning fra konteksten eller situasjonen [...], som *du* og *nå*.

Alle orda eg undersøker i masterarbeidet mitt, høyrer til gruppa leksikalske ord. Som regel kan ordformene delast vidare inn i *morfem*, som er dei minste einingane som kan ha tyding. Islandske nyord er som oftast samansette av fleire morfem, men det finst også døme på nyord som berre inneheld eitt morfem (monomorfemiske). Døme på slike er *ál* 'aluminium' og *svif* 'plankton'. Morfema er ifylgje Andrew Spencer (1991, 6) kjenneteikna av at «dei har ei fysisk (fonologisk og fonetisk) form og ei meining eller ein funksjon i det grammatiske systemet» (mi omsetjing).<sup>13</sup> Morfem kan ha alternative former som utfører same oppgåve, og desse

13 «[...] they have a physical (i.e. phonological and phonetic) form and also a meaning, or function, within the

formene vert kalla *allomorfar*. Som døme på dette nemner Eiríkur Rögnvaldsson (2013, 114) genitivallomorfane *-s* og *-ar*, som bái ber tydinga 'genitiv.sg.m.'. Somme stammer kan berre ta ei av desse endingane (sákalla *komplementær distribusjon*), som *mat-ar* 'mat'-'gen.sg'. og *gest-s* 'gest'-'gen.sg.', der formene *\*mats* og *\*gestar* ikkje er mogelege. For andre stammer er endinga valfri (sákalla *fri distribusjon*), og for ordet *skógur* er både *skóg-s* og *skóg-ar* mogelege genitivformer.

Det er vanleg å skilja mellom frie og bundne morfem, der *frie morfem* kan stå som sjølvstendige ord, medan *bundne morfem* berre kan danna ord ved å kopla seg til andre ord (Spencer 1991, 5). Bundne morfem er frekvente ordlagingsselement, både som avleiingsaffiks (t.d. suffikset *-un* i avleiinga *hlust-un* 'lytting') og som orddelar som inngår i samansetjingar utan å kunna stå som sjølvstendige ord (t.d. *-kvæður* i samansetjinga *já-kvæður*). Morfema blir til liks med ord grupperte etter funksjon, og Katamba og Stonham (2006, 42) deler inn dei frie morfema i leksikalske morfem og funksjonsord. *Leksikalske morfem* «ber det meste av det 'semantiske innhaldet' i ei ytring» (ibid, mi omsetjing) og høyrer til ordklassane substantiv, adjektiv, verb, preposisjonar og adverb. *Funksjonsorda* uttrykkjer stort sett grammatisk informasjon eller logiske relasjonar i setningane, og typiske døme er ifylgje Katamba og Stonham (2006, 42–43) artikkel, demonstrativ, pronomen og konjunksjonar. I denne oppgåva er dei leksikalske morfema mest interessante, sidan klassane med funksjonsord i all hovudsak ikkje er opne for nye ord.

*Affiks* er ei gruppe av bundne morfem som vert inndelte i bøyingsaffiks og avleiingsaffiks. *Bøyingsaffiks* vert sette til eit ord for å markera syntaktiske tilhøve, som til dømes nominativendingane *hest-ur*, *stein-n* og *hæl-l*, endinga deira i bunden form nominativ *-inn* og fleirtalsendinga *-ar* (ubunden form nominativ). *Avleiingsaffiksa* kan endra meininga og den grammatiske kategorien til orda dei knyter seg til. Døme er *ó-* 'u-', som kan setjast til ord for å danna ord med motsett tyding, slik som i ordparet *dýr* 'dyr' og *ódyr* 'billig', og *-ari*, som lagar aktørnemningar av verb, som i *þjálfar* 'trena' > *þjálfari* 'trenar'.

Omgrepet *grunnord* er i denne oppgåva nytta for den eininga som bøyings- og avleiingsaffiks kan koplast til (Katamba og Stonham 2006, 46). Grunnordet kan såleis vera ei rot, ei stamme, ei avleiing eller ei samansetjing, jamfør oversyn (3-2) nedanføre:

---

grammatical system.»

(3-2) a. Grunnordet er ei rot:

*kenn-a* (v.) 'undervisa, læra vekk' > *kenn-ari* (subst.m.) 'lærar', *kenn-sl-a* (subst.f.) 'undervisning'

b. Grunnordet er ei stamme (rot + avleiingsaffiks):

*kunn-ug-ur* (adj.) 'kjend' > *kunnug-legur* (adj.) 'som verkar kjend'  
*sam-ræm-a* (v.) 'koordinera, samordna' > *samræm-ing* 'koordingering, samordning'

c. Grunnordet er samansett:

*hjálp-fús* (adj.) 'hjelpsam' > *hjálpfýs-i* (subst.) 'hjelpsemd'

*Rota* er den minste delen av eit ord som ber ordbokstyding, og Katamba og Stonham (2006, 46) kallar difor rota «the irreducible core of the word». I (3-2) har vi røtene *kenn(a)* 'undervisa, læra vekk', *kunn(a)* 'kunna, kjenna', *hjálp* 'hjelp', *fús* 'klár, parat' og *ræm* (av *rómur* 'røyst'). *Stamma* i eit ord er den delen av ordet som bøyingsendinga føyer seg til, ho kan såleis vera anten berre rota, eller rota + avleiingsaffiks (Katamba og Stonham 2006, 46). Rota og stamma vil i mange tilfelle vera identiske. Døme på dette ser vi i orda *mat-ur* 'mat' og *mat-ari* 'matar, matemaskin', der endinga *-ur* 'nominativ.sg.m.' og suffikset *-ari* 'subst.m.' er lagt til *mat*, som både er rot og stamme i ordet.

## 3.2 Orddanningsmåtar i islandsk

Jamvel om fleire orddanningsmåtar kan brukast for å danna nye ord i islandsk, er det ikkje like sannsynleg å møta nye ord av alle ordtypene, og samansetjing er den klårt mest produktive orddanningsmetoden. Dette ser vi til dømes i det innsamla ordmaterialet Yair Sapir (2003) nyttar i doktorgradsarbeidet sitt, der 47,4 prosent av orda er samansetjingar, 26,9 prosent er avleiingar og 13 prosent simpleksord. Om lag halvparten av simpleksorda er ord som har fått endra eller utvida tyding, 44 prosent er tilpassa ord som ikkje kan analyserast ned i mindre delar, og dei siste 4,7 prosentane er tidlegare samansetjingar som no vert tolka som simpleksord, altså er dei vortne leksikaliserte.

### 3.2.1 Ulike typar samansetjingar<sup>14</sup>

*Samansetjingar* er ord som er ihopsette av to eller flere ord, og dei kan kategoriserast ned i

---

<sup>14</sup> Om ikkje andre referansar er oppgjevne, er både forklaringar og døme i dette avsnittet henta frå Guðrún Kvaran: *Orð. Handbók um beygingar- og orðmyndunarfræði* (2005).

undergrupper både etter morfologiske og semantiske kjenneteikn. Når samansetjingane vert inndelte etter morfologiske kjenneteikn, er det forma på føreleddet som bestemmer kategorien deira. Baldur Jónsson (1984, vist til i Guðrún Kvaran 2005, 124) reknar med tre typar føreleidd: stamme, stamme + bindebokstav, og stamme + genitivending. Samansetjingane deler seg såleis i fylgjande tre kategoriar:

(3-3) a. *Stammesamansetjingar* (føreleddet er ei stamme):

*far-sími* 'transport'-'telefon' = mobiltelefon

b. *Fugesamansetjingar* (bindebokstav mellom stamme og etterledd):

*tóm-a-hljóð* 'tomrom'-'a'-'lyd' = hol lyd

*eld-i-viður* 'eld, brann'-'i'-'ved' = brensel, ved, brennstoff

*ráð-u-nautur* 'ráð'-'u'-'kamerat, medlem' = rádgjevar

*leikfimi-s-kennari* 'kroppsoving'-'s'-'lærar' = gymlærar

c. *Genitivsamansetjingar* (føreleddet har genitivform):

*far-ar-stjóri* 'reise'-gen.sg.'leiar' = reiseleiar

I dei fleste tilfelle er det ikkje nokon klár regel som seier kva for ein samansetjingsmetode ein skal velja, og ofte finst det parallelle former med same tyding, som *bók-lestur* (stammesms.) og *bók-a-lestur* (genitivsms.), som baa tyder 'det å lesa bøker'. Stundom er det tydingsskilnad mellom stammesamanstjing og genitivsamansetjing, som i *féhirðir* (stammesms.) 'kasserar' og *ffárhirðir* (genitivsms.) 'gjetar'.<sup>15</sup>

Som synt i (3-2) b. har fugesamansetjingane bindebokstaven *a*, *i*, *u* eller *s* mellom stamma og etterleddet. Desse bindebokstavane er korkje genitivendingar eller del av stamma til føreleddet, og føreleddet i desse samansetjingane er alltid i eintal (Guðrún Kvaran 2005, 155). Trass i at samansetjingar er den største gruppa nyord, er berre eit par av orda i ordsamlinga mi fugesamansetjingar, og denne samansetjingstypen verkar altså særst lite produktiv.

I ei *genitivsamansetjing* er føreleddet ei stamme + genitivending. Jamført med andre nordiske språk er genitivsamansetjingar nokså produktive i islandsk, truleg fordi genitivkategorien framleis er levande i bøyinga av nominal. Þorsteinn G. Indriðason (2011, 272) skriv til dømes at sidan genitiv er brukt aktivt i islandsk, blir «den islandske

<sup>15</sup> Bindevokalane i fugesamansetjingane har ifylgje Þorsteinn G. Indriðason (2000a, 178) ein uklár funksjon og ser i somme ord ut til å justera fonotaksen og rytmen. Guðrún Kvaran (2005, 156) skriv at fuga kan vera nytta for å letta uttalen eller unngá konsonantsamband som strir mot islandske reglar.

språkbrukeren hele tiden [...] utsatt for data som styrker og viderefører forståelsen hans for genitivsformer i forskjellige posisjoner, deriblant sammensetninger». I genitivsamansetjingar er det ikkje sambøying mellom føreleddet og sisteleddet, føreleddet er i genitiv same kva form etterleddet har. Þorsteinn Indriðason (2000a, 180) skriv at genitivsamansetjingane såleis skil seg frå ord med sambøygde føre- og etterledd, slik som islandske gatenamn som *Lang-a* (nom.) *-hlið* (nom.) og *Löng-u* (gen.) *-hliðar* (gen.) 'Lange-li'. Somme genitivsamansetjingar vert til fordi nokre suffiks krev genitivsamansetjing dersom dei er ledd i eit samansett fyrsteledd, til dømes *-ing*, *-ling* og *-un*, og eit døme hjå Guðrún Kvaran (2005, 154) er *ungling-s-piltur* 'tenåringsgut'. Same stad skriv ho at fyrsteleddet ofte er i genitiv i fleirleddssamansette ord som *bilskúrshurð-a-opnari* 'garasjeportopnar'.

I mange ord er det vanskeleg å avgjera om fugene skal tolkast som bindebokstavar eller genitivendingar. Dei gamle, trykkklause vokalane *a*, *i* og *u* kan vera identiske med genitivendingar, og fuga i samansetjingane *hjól-a-bretti* 'rullebrett' og *heil-a-þvottur* 'hjernevask' kan såleis tolkast både som genitivending og bindebokstav, i alle fall for ikkje-morsmålsbrukarar. I samband med mi eiga ordsamling har eg kategorisert alle samansetjingar som ser ut til å ha genitivformer som føreledd, som genitivsamansetjingar. Grunnen er at fugesamansetjing er ein lite brukt orddanningsmetode, noko som ser ut til å ha verka inn på korleis språkbrukarane forstår fugene. Guðrún Kvaran (2005, 156) skriv nemleg at mange språkbrukarar tolkar binde-s-en i feminine substantiv som feil bruk av genitiv og difor droppar bindebokstaven i slike ord. Grunna slik «retting» har fugesamansetjingane *leikfimi-s-hús* 'gymnastikkhall' og *athygli-s-verður* 'som er verdt å leggja merke til, merkverdig' fått parallelle stammesamansetjingar *leikfimi-hús* og *athygli-verður*. Sidan språkbrukarane ser ut til å venta seg stammer eller genitiv i føreledd, er det difor mest truleg at nyorda dei har danna den siste tida, er av desse to samansetjingstypene. Samanhengen mellom bruken av orddanningsprosessar og korleis språkbrukarane dannar og forstår nye ord, vert nærare drøfta i avsnitt 4.4.

Samansetjingar kan skildrast semantisk ut frå tilhøvet mellom ledda. Vanlegvis er det slik i germanske språk at føreleddet spesifiserer tydinga til etterleddet. Etterleddet vert rekna for å vera formelt hovud i samansetjinga. Det er formelt hovud fordi det tildeler ordklasse til samansetjinga, og fordi bøyingsendingar koplkar seg til det (Guðrún Kvaran 2005, 149). I somme samansetjingar er det likevel ikkje etterleddet som ber hovudtydinga. Følgjande døme hjå Guðrún Kvaran (2005, 149) syner dette: I samansetjinga *þot-u-flug-maður* 'jetflypilot' er

*flugmaður* både formelt hovud og tydingshovud, medan i samansetjingane *telp-u-korn* 'jentunge, småjente' og *dreng-stauli* 'gutunge' har føreledda *telpa* 'småjente, jente' og *drengur* 'gut' hovudtydinga.

Vi kategoriserer samansetjingar semantisk ut frå samanhengen mellom føre- og etterledd. *Endosentriske samansetjingar* er kjenneteikna ved at det er mogeleg å lesa tydinga ut frå delane samansetjinga er ihopsett av. Ut frå tilhøvet mellom delane kan dei vidare delast inn i determinative og possessive samansetjingar, men berre dei determinative er representerte i ordsamlinga mi. I *determinative samansetjingar* gjev etterleddet hovudtydinga til samansetjinga, medan føreleddet avgrensar eller modifierer tydinga til etterleddet (Faarlund et al. 2012, 62). Dette tilhøvet ser vi i islandske samansetjingar som *far-sími* 'transport' -'telefon' = 'mobiltelefon' og *þjóf-a-vörn* 'tjuv'-gen.pl.-'vern' = 'tjuverialarm'. *Eksosentriske samansetjingar* har ikkje tydingshovud, i staden ligg tydinga utanføre sjølve samansetjinga, og ein kan såleis ikkje lesa ut frå samansetjinga kva dei skildrar. Guðrún Kvaran (2005, 150) skriv at slike samansetjingar ofte er adjektiv som *há-fættur* 'langbeint', men også substantiv som skildrar skapningar, slik som i substantivet *ein-hyrningur* 'einhjørning'.

### 3.2.2 Ulike former for avleiing

*Avleiing* er ein morfologisk prosess som dannar nye ord ved at eit *affiks* vert lagt til eit allereie eksisterande grunnord. Affiksa deler seg i *prefiks*, som vert lagde til før ordet, og *avleiingssuffiks*, som vert lagde til etter ordet. Grunnordet affikset koplars seg til, kan vera ei rot, ei enkel eller avleidd stamme eller ei samansetjing. Som oftast vert affiksa lagde til grunnordet utan at grunnordet eller affikset vert endra, men somme islandske suffiks krev lydendring i grunnordstamma. Eit døme er minskingssuffikset *-ling*, som har avleidd *þyrsk-lingur* 'småtorsk', hankjønnsstambent, av *þorskur* 'torsk', hankjønnsstambent (Guðrún Kvaran 2005, 138). Suffiksa kan dessutan styra ulike fonologiske reglar som verkar inn på den fonologiske realiseringa av ordet avleiingsprosessen dannar.<sup>16</sup>

*Prefiks* endrar tydinga, men ikkje dei formelle eigenskapane til ordet dei koplars seg til. Guðrún Kvaran (2005, 125) skriv at *ó-* og *sí-* er særst produktive prefiks i islandsk, og at *ör-* og *for-* er velkjende, men ikkje mykje nytta innanføre spontan orddanning. Prefiks som går att i ein del ord i ordsamlinga mi, er *al-* 'heil-, heilt-', *endur-* 'gjen-' og *and-* 'mot-' Det er ikkje

---

<sup>16</sup> Døme på dette er at den fonologiske regelen som gjev /d/-innskot mellom /r/ og /n/ eller /l/ er verksam mellom rota og suffikset i ord avleidd med *-nað*, men ikkje i ord avleidd med *-leg* (jf. Þorsteinn G. Indriðason 2000b, 165).

alltid lett å skilja prefiks frå føreledd, slik vi ser viss vi jamfører prefiksa *for-*, *sam-* med føreledda *fyrir-* og *saman-*. Somme ynskjer difor å rekna prefiks som føreledd i staden for å rekna dei som ei eiga morfologisk gruppe. Prefiksa kan delast inn i grupper ut frå tyding (jf. Guðrún Kvaran 2005, 125–130), til dømes er prefikset *ó-* 'u-' i gruppa prefiks som tildeler ord nektande eller negativ tyding, medan *sí-* 'alltid, konstant' uttrykkjer gjentakning. Andre prefiks kan uttrykkja mengd eller omfang, som *fföl-* 'fleir-, multi-' og *megin-* 'hovud-, stor-', og avgrensing i tid og rom, som *frum-* 'ur-, fyrste-, grunn-' (mfl.) og *ffjar-* 'fjern-'.

*Avleiingssuffiks* kan koplast til substantiv, adjektiv og verb, og dei lagar eit nytt ord av same eller ein annan ordklasse. Suffiks er meir knytte til ordklasse enn prefiksa, mellom anna ved at valet av suffiks nytta i ei avleiing oftast avgjer kva ordklasse det nye ordet hamnar i. Det finst også somme suffiks som ikkje endrar ordklassen, til dømes minskingssuffikset *-ling*, som eg nemnde i samband med *þyrsk-lingur* 'småtorsk' ovanføre. I denne avleiingsprosessen er både grunnordet *þorskur* 'torsk' og avleiinga *þyrsk-lingur* hankjønnsst substantiv (Guðrún Kvaran 2005, 138). Nokre suffiks kan koplast til avleide ord som til dømes *-leg* etter *-ug*, og *-heit* etter *-leg*: *kunnuglegur* 'kjend', *duglegheit* 'dyktigheit'. Ikkje alle suffiks er like produktive, og Eiríkur Rögnvaldsson (1986) har undersøkt produktiviteten deira i ei samling moderne islandske tekstar. Produktiviteten til eit suffiks er her tufta på den samanlagde frekvensen til suffikset, mengda ulike ordformer med suffikset, mengda ulike ord med suffikset og mengda røter suffikset kan kopla seg til (Eiríkur Rögnvaldsson 1986, 5). Tabellen syner dei ti mest produktive suffiksa i undersøkinga hans. Talet viser til plasseringa Eiríkur Rögnvaldsson (1986, 7) gjev dei, orddøme og kursivering er også hans.

Suffiks som danner substantiv	Suffiks som danner adjektiv
-ing (2) bylt- <i>ing</i> 'revolusjon'	-leg-ur (1) hraust- <i>leg-ur</i> 'sunn, frisk'
-un (3) stofn- <i>un</i> 'institusjon, styresmakt'	-sk-ur (4) íslen- <i>sk-ur</i> 'islandsk'
-ing-ur (5) Reykvík- <i>ing-ur</i> 'reykjaviking'	
-ar-i (6) kenn- <i>ar-i</i> 'lærar'	
-sl-a (7) kenn- <i>sl-a</i> 'undervisning'	
-il-l (8) hem- <i>il-l</i> 'bremse, hindring'	
-ni (9) gæt- <i>ni</i> 'varsemd'	
-leik-ur (10) sann- <i>leikur</i> 'sanning'	

Tabell 3.1: Dei ti mest produktive suffiksa ifylgje Eiríkur Rögnvaldsson (1986).

*Konversjon* er ein type avleiing som går ut på å danna nye, usamansatte ord av eksisterande stammer. Det nye ordet er identisk med stamma i ordet det vart danna frå, og konversjon gjeld oftast endring av verb til substantiv (*að kasta*, v. > *kast*, subst.), men kan også skje motsett

veg (*leir* '(modellerings)leire', subst. > *að leira* 'leika med leire'). Det kan ofte vera vanskeleg å avgjera kva retning avleiinga har gått i. Til dømes er det ut frå søk i Tímarit.is uråd å seia kva for ord som kom fyrst av verbet *smygla* og substantivet *smygl*, sidan orda ser ut til å ha kome inn i språket om lag samstundes.

Orda avleiingsprosessane dannar, kan grupperast ut frå ordklasse. Dei deler seg då i *nominell avleiing* (utkoma er eit substantiv), *adjektivisk avleiing* (utkoma er eit adjektiv), *verbal avleiing* (utkoma er eit verb) og *adverbial avleiing* (utkoma er eit adverb). Det finst fleire framgangsmåtar for *nominell avleiing* i islandsk: konversjon/nullavleiing frå verb, å laga verbalsubstantiv, å nytta suffiks som eigentleg er grammatikaliserte ord, og å nytta suffiks som tonar ned meininga til grunnordet, slik som *bæk-lingur* 'hefte' av *bók*, og den allereie hyppig nemnde småtorsken *þyrsk-lingur*. Lærd orddanning kan dessutan ta i bruk suffiks som ikkje lenger er produktive i moderne islandsk, jamfør *-ald* i *raf-ald* 'radio' og *mót-ald* 'modem'.

*Verbalsubstantiva* skil seg i handlingsnemningar, produkt- og aktørnemningar og reiskapsnemningar. Vanlege suffiks for å danna *handlingsnemningar* er *-un*, *-ing*, *-ning* og *-st*, som i orda *hlust-un* 'lytting, lyttartal' og *send-ing* 'sending'. *Produkt-* og *aktørnemningar* er danna med *-ari*, *-andi*, *-i*, *-il* og *-uð*, og døme på slike nemningar er orda *rit-ari* 'skrivar, sekretær', *stofn-andi* 'grunnleggjar', *lækn-ir* 'lækjar', *ek-ill* 'kusk' og *hugs-uður* 'tenkjar, filosof'. Suffikset *-ari* kan dessutan laga personnemningar av andre substantiv, slik som i orda *svik-ari* 'svikar' og *dóm-ari* 'dommar'. Suffiks som dannar *reiskapsnemningar*, er *-ari* og *-ir*, som er brukte for å danna orda *yddari* 'blyantkvessar' og *kæl-ir* 'kjøleskap, kjølerom'. Suffikset *-il* kan også danna slike nemningar, slik som i *hreyf-ill* 'motor'. Verbalsubstantiv kan også dannast med *grammatikaliserte ord*, som til dømes *-maður* i ordet *flug-maður* 'flygar'. Eg går nærare inn på orddanning med grammatikaliserte ord i avsnitt 3.2.4.

*Adjektivisk avleiing* skjer med suffiksa *-leg*, *-(a)ð*, *-ótt*, *-ug*, *-sk*, *-ul*. *-leg* er det mest produktive suffikset i islandsk (jf. Þorsteinn G. Indriðason 2005, 2008) og kan danna adjektiv frå ulikt strukturerte ord frå mange ordklassar. Dei grammatikaliserte orda *-látur*, *-rænn* og *-samur* kan avleia adjektiv frå substantiv og andre adjektiv, slik vi ser i ordet *raf-rænn* 'digital'.

*Verbal avleiing* er mogleg ved å leggja infinitivsendinga *-a* til substantiv, såkalla nullavleiing eller konversjon, som i ordet *útvarpa* 'kringkasta', danna av *útvarp* 'radiosending, radio', og det tidlegare nemnde dømet *leira*. Med adjektiv som grunnord kan ein laga verb ved



á leggja til *-na*, som i *blána* 'blána' og *fölna* 'bleikna'. Suffiksoidet *-væða*, som svarar omtrent til norsk *-isera*, kan laga ord som *rafvæða* 'elektrifisera', som vidare kan laga verbalsubstantiv som endar på *-væðing*. Dette avleiingselementet har utvikla seg frá verbet *væða*, som opphavleg hadde tydinga 'kle, ta på seg'. Som sisteledd i samansetjingar kan *-væða* ha fleire tydingar, jamfør Margrét Jónsdóttir (2005, u. sidetal), som meiner desse fire tydingane kjem i tillegg til den opprinnelege tydinga:

- (3-4) a. 'utstyra med', 'gje' (noko/nokon får det føreleddet skildrar)  
           Døme: *að ljósvæða göngustíga* = 'å utstyra gangstigen med (gate)ljós'  
 b. 'breia ut', 'gjera X-leg (X = fyrsteledd i samansetjinga)'  
           Døme: *alþjóðavæða* = 'breia ut om verda', 'gjera internasjonalt'  
 c. 'gjera til noko', 'skapa noko'  
           Døme: *sjúkdóms-/sjúkdómavæða* = 'gjera noko til ein sjukdom' (no: sjukeleggjera)  
 d. 'verta underlagd noko'  
           Døme: *verðvæðing* = 'det som er underlagd pris' (no: kommersialisering)

Margrét Jónsdóttir (2005, u. sidetal) skriv at dei fleste orda på *-væða* eller *-væðing* fell i dei to fyrste gruppene, og at desse to har til sams at dei gjev nye eigenskapar til det fenomenet det er snakk om. Ho reknar alle fire tydingane for å vera produktive, sidan ho finn ferske nyord danna i alle tydingane.

Ordsamlinga mi inneheld ingen adverb eller ord avleidde med framande suffiks. Eg tek likevel kort føre meg kva som kjenneteiknar desse formene for avleiing, sidan det er mogeleg at slike avleiingar kan ha tilknytning til innsamla ord. *Adverbial avleiing* er mogeleg ved å leggja til *-a* som ending til adjektiv med *-leg*, som i ordet *hræðilega* 'forferdeleg'. Suffikset *-is* kan også nyttast, og det dannar ord som *flugleiðis* 'med fly'. Døme på framande suffiks er *-arí*, *-elsi*, *-heit*, *-ismi*, *-ía* og *-sjón*. Innlånte suffiks er oftast nytta i samband med tilpassing av det innlånte ordet dei er ein del av, slik vi ser i *spekúla-sjón* og *skrif-elsi*. Suffiksa *-heit* og *-isti* er også noko nytta i nydanningar med heimlege ord, som til dømes i orda *leiðinleg-heit* 'keisemd, dårleg stemning' og *fall-isti* 'strykkandidat' (jf. Guðrún Kvaran 2005, 143–145).

*Samdanning* er ein orddanningsmåte der prosessane samansetjing og avleiing er involverte samstundes. Vignleik Leira (1992, 40) skriv at det siste elementet i ei samdanning

alltid er ei avleiingsending, og at denne endinga står til ein samansett ordkonstruksjon som ikkje kan fungera som eit eige ord. Ord som *tospråkleg* og *forsure* er etter regelen til Leira samdanningar, fordi *\*tospråk* og *\*forsur* ikkje er sjølvstendige ord. Leira reknar verbalsubstantiv danna frå uttrykk med laust samansette verb + preposisjon som samdanningar dersom dei samansette verbformene ikkje finst. Døme Leira nemner, er *innflytting* og *innflyttar*, som er danna på bakgrunn av verbfrasen *flytte inn* (der det ikkje finst noko verb *\*innflytte*). I ordsamlinga mi kan avleiinga *jarðvöð-ull* 'rotekopp, sjusk' kanskje reknast som ei samdanning, sidan det ikkje finst noko samansett verb *\*jarð-vaða* 'jord-vasse'.

### 3.2.3 Andre orddanningsprosessar

*Morfologisk og fonologisk tilpassing av importord* skjer truleg både spontant og i lærde kontekstar. Den fonologiske tilpassinga skjer oftast spontant med ein gong ordet kjem inn i språket, og dei utanlandske lydane vert utbytte med islandske lydar som liknar. Fonologiske trekk som preaspirasjon, ustemde likvidar og nasalar vert overførte til importorda, og fyrste staving får trykk. Den morfologiske tilpassinga varierer frå ordklasse til ordklasse. Verb vert bøygde, oftast som svake regelrette verb, og substantiv får tidleg morfologisk kjønn, ofte nøytrum, og vert bøygde i kasus og tal. Adjektiv vert lite tilpassa morfologisk, og dei som vert bøygde, er dei som har eit sisteledd som samsvarar med eit islandsk suffiks, eller som har fått eit slikt suffiks, som til dømes *dramatiskur* (sjå Ásta Svavarsdóttir 2003, 79–80).

Å gje *allereie eksisterande ord ny tyding* er ein nokså lite brukt orddanningsmetode, og det er helst innanføre lærd orddanning denne metoden er i bruk. Han krev god kjennskap til etymologi i dei tilfella der ein gjev ny tyding til arkaiske ord. Eit kjend ord som er danna på denne måten, er *skjár*, som tidlegare var nemning for ei gjennomsynleg hinne brukt i ljoren (takluke) og sidan har fått tydinga 'skjerm' (om dataskjerm o.l.). Lærd orddanning kan også bruka ulike former for regelverknad for å laga nyord (Guðrún Kvaran 2005, 119), til dømes reglane for *omlyd*, *avlyd* og *kløyving*. Nyord danna på denne måten kan fungera fordi islandske språkbrukarar kjenner mønstera for desse lydendringane frå ord i samtidsspråket. Det kan sjå ut til at ordet *kilja* 'pocketbok' er danna ved å gje *kjölur* 'bokrygg' i-omlyd > *kil-*, før nyordet har fått ja-ending slik at det fylgjer bøyingsmønsteret til feminine ord som til dømes *lilja*. Denne overgangen frå *ö* til *i* i stammevokal kjenner språkbrukarane til dømes frå bøyingsparadigmet til *ffjörður* 'nom.sg.' > *fjörði* 'dat.sg.'.

*Kortord* er ord som er danna ved å fjerna slutten eller byrjinga av eksisterande ord,

men som likevel har same referanse som den lengre utgåva av ordet (Faarlund et al. 2012, 130). Eit vanleg islandsk døme er *rúta* 'buss', danna av *rútubíll*. *Initialord* er ein annan type avkorta ord, og dette ord som NSB (Norges statsbaner), OL (olympiske leikar), NATO (North Atlantic Treaty Organization) (2012, 131). Initialorda *radar* (Radio Detection And Ranging), *laser* (light amplification by stimulated emission of radiation) og *aids* (Acquired Immune Deficiency Syndrome) er ifylgje Faarlund et al. (2012, 131) omtrent berre kjende i kortforma.<sup>17</sup> Det noko slangprega islandske ordet *gæmsi* 'mobiltelefon' har initialnemninga GSM (Groupe Spécial Mobile) som underliggjande form.

#### 3.2.4 Avleiing eller samansetjing?

Ein del orddanning i islandsk skjer med element som *grammatikaliserte ord*, *affiksoid* og *bundne samansetjingsledd*. I ein del tilfelle er det uklårt om desse orddanningselementa skal reknast som ord eller avleiingssuffiks, og det er såleis vanskeleg å avgjera om utkoma av orddanningsprosessen er ei samansetjing eller ei avleiing. Sidan eg i undersøkinga mi kan treffa på nyord danna av slike morfologisk uklåre element, går eg her kort gjennom kva som kjenneteiknar dei og orda dei dannar.

*Grammatikaliserte ord* har tidlegare vore sjølvstendige ord, men har dei same funksjonane og avgrensingane som kjenneteiknar bruken av tradisjonelle avleiingsaffiks når dei er ledd i komplekse ord. Dei sjølvstendige orda kan leva vidare i språket jamsides med dei grammatikaliserte utgåvene, og den sjølvstendige og grammatikaliserte utgåva av same ord skil seg frå einannan ved at dei har ulik tyding, funksjon og bruksområde. I islandsk gjeld det element som *-leg*, *-skap* og *-rænn*, som er brukte for å avleia orda *mannlegur* 'menneskeleg', *skáldskapur* 'fiksjon' og *fjarrænn* 'fjern'.

På vegen mot å verta grammatikaliserte ord kan orda få status som *affiksoid*. Orddanning med affiksoid er såleis det synkront synlege resultatet av ein gradvis prosess der eit ord brukt som samansetjingsledd tek til å skilja seg semantisk, fonologisk eller ortografisk frå bruken som sjølvstendig ord. Ifylgje Ascoop og Leuschner (2006, 243), som stør seg til Stevens (2005, 73f.), er det eit kjenneteikn ved affiksoid at dei eksisterer jamsides med eit samsvarande ord som er formelt identisk og som oftast kan stå åleine. Dette skil affiksoida frå dei grammatikaliserte orda, som ikkje lenger er i bruk som sjølvstendige ord. Jamført med opphavsordet har affiksoida ei meir generalisert og abstrakt tyding, medan opphavsordet ber

---

17 Etymologisk forklaring til *radar*, *laser* og *aids* er henta frå *Store norske leksikon*: <<https://snl.no/>>

grunntýdinga (ibid). Affiksoida har ein annan funksjon som ledd i komplekse ord enn dei har som einskildstáandae ord, og namnet affiksoid syner at dei fyller nokolunde same funksjon som andre affiks. Sidan dei har halde pa noko av tydinga dei hadde som sjlvstendig ord, har dei likevel ofte ei rikare tyding enn andre affiks. Islandske avleiingar som har som funksjon a tona ned tydinga til grunnordet, er ofte danna med suffiksoid, som til dmes *-korn*, *-nefna*, og *-mynd*. *Korn* er nytta minskande i ordet *dreng-korn* 'gut'-'korn' (= gutunge, liten gut), men finst ogsa i bruk i si almenne tyding i ord som *fugla-korn* 'fugle'-'korn' (= fuglefr) og *hveiti-korn* 'kveite'-'korn'.

Vanlege islandske suffiksoid, som altsa ter seg som suffiks i avleiingar, er *-dmur* og *-leikur*. Dei lagar substantiv av substantiv og adjektiv, som vi til dmes finn i orda *sjk-dmur* 'sjukdom' og *sann-leikur* 'sanning'. Jamsides finn vi samansetjingane *hra-*s*-dmur* 'tingrett' og *bil-*a*-leikur* 'leik med smabilar', der *dmur* og *leikur* er brukte i tydinga dei har som sjlvstendig ord. Ein finn ogsa islandske dme pa prefiksoid, det vil seia ord som stundom har prefikslignande funksjonar og stundom er brukte som sjlvstendige ord. Þorsteinn G. Indriason (2016, 14) trekkjer fram orda *hund* 'hund' og *sku* 'oske', som i somme samansetjingar er brukte i ein forsterkande funksjon, medan dei andre gonger er brukte i den almenne tydinga. Jamfr ordpar som *sku-reiur* 'oske'-'sint' = rasande og *sku-sky* 'oske'-'sky'. Freleddet *hund-* ter seg pa same vis, som vi ser i orda *hund-gamall* 'hund'-'gamal' = eldgamal og *hund-eigandi* 'hunde'-'eigar'.

*Bundne samansetjingsledd* er kjenneteikna av at dei ikkje kan sta som sjlvstendige ord, berre som samansetjingsledd, og dei skil seg fra affiksoida ved at dei manglar eit tilsvarende sjlvstendig ord. Slike ledd i islandsk er ifylgje Þorsteinn G. Indriason (2016, 21) anten danna gjennom nullavleiing eller gjennom avleiing med suffikset *i*, som gjev *i*-omlyd i stamma. Dme pa nullavleidde etterledd er for eksempel *-beri* (av verbet *bera*), som vi mter i samansetjinga *brf-beri* 'postbod', og *-fari* (av verbet *fara*), som er brukt i *geim-fari* 'astronaut'. Dme pa avleiing med *-i* er *-gresi* og *-viri*, som vi finn i orda *ill-gresi* 'ugras' av *gras* 'gras' og *of-viri* 'storm', danna av *veur* 'vr'. Suffikset *-i* har da gjeve *i*-omlyd i stammene *gras* og *ve-*.

Det finst ulike tilnrmingar til ord danna med affiksoid og bundne ledd. Som ei fylgje av dette kan grensene for kva for ord som hyrer til mellom avleiingane og samansetjingane, variera alt etter kva for ein synsmate ein vel. Ifylgje Gurun Kvaran (2005, 132) er det vanleg a rekna *-dmur*, *-leiki/-leikur* og *-skapur* til suffiksa, medan *-korn*, *-mynd* og *-nefna* vert

haldne for å vera etterledd i samansetjingar. Faarlund et al. (2012, 83) handterer ord som inneheld bundne samansetjingsledd, som samansetjingar. Dei reknar difor *gjen-skape* og *samarbeid* som samansetjingar, sidan *gjen-* og *sam-* liknar dei sjølvstendige orda *igjen* og *sammen* i form og tyding. Her skil dei seg frå mellom anna Baldur Jónsson (1984, vist til hjå Guðrún Kvaran 2005, 124), som reknar *sam-* som prefiks og *saman* som ord, og som grunngjev skiljet med at prefiks ikkje kan stå som sjølvstendig ord. Baldur Jónsson (1987, vist til hjå Guðrún Kvaran 2005, 147) hevdar at dei bundne samansetjingsledda ikkje skil seg frå suffiksa *-leikur*, *-dómur* og *-skapur*, og det må såleis tyda på at han reknar ord danna med ledd som *-beri*, *-fari* og *-gresi*, som avleiingar.

Det kunne i samband med kategoriseringa av desse orda vore freistande å trekkja inn korleis språkbrukarane forstår dei. Eg reknar det til dømes som sannsynleg at islendingar tolkar ordet *illgresi* 'ugras' som ei samansetjing, i og med at koplinga mellom det bundne leddet *-gresi* og ordet *gras* er klår jamvel for meg (som ikkje har islandsk som morsmål). I denne oppgåva vurderer eg ord som samansette viss etterleddet har same tyding som det ville hatt som sjølvstendig ord, og avleidde viss etterleddet ser ut til å ha utvikla affiksoid-status. For at ei tolking som affiksoid skal vera rimeleg, må det finnast ein god del tidlegare komplekse ord der ordet er brukt i ein avleiingsliknande funksjon. Sidan det ikkje er eit mål med denne oppgåva å granska skiljet mellom avleiingar og samansetjingar, handsamar eg komplekse ord danna med grammatikaliserte ord, affiksoid og bundne samansetjingsledd som éin samla kategori i analysen. Nokre slike døme frå ordsamlinga er orda *raun-hæfur* 'realistisk', *rót-tækur* 'radikal' og *sjálf-hverfur* 'egosentrisk, sjølvoppteken'.

### 3.3 Samandrag

I dette kapitlet har eg gjort greie for dei vanlegaste orddanningsmåtane i islandsk. Nye ord vert danna av *morfem*, som skil seg i *frie morfem*, som kan stå som sjølvstendige ord, og *bundne morfem*, som må kopla seg til andre ord. Dei aller fleste nye ord inneheld fleire morfem, til dømes inneheld ei vanleg samansetjing minst to frie morfem, og ei avleiing minst eitt fritt morfem og eitt bunde. I denne granskninga legg eg særleg vekt på *leksikalske morfem*, til dømes verb, substantiv og adjektiv, altså slike ord som ber det viktigaste semantiske innhaldet i ytringa (Katamba og Stonham 2006, 42). Ei undergruppe av bundne morfem som er viktig i orddanningsssamanheng, er *affiksa*, som anten vert kopla til ord som bøyingsendingar (bøyingsuffiks) eller vert kopla til ord for å danna nye ord (avleiingsprefiks

og -suffiks).

Flest islandske nyord er danna ved samansetjing eller avleiing, noko som truleg har samanheng med at begge prosessane kan bruka grunnord av ulik skapnad (røter, enkle stammer, avleidde eller samansette stammer). I tillegg dannar prosessane ord som har ein oppbygning som er kjend og gjennomsynleg for språkbrukarane, i alle fall dersom avleiinga går føre seg med produktive affiks. Prosessane skil seg frå einannan ved at samansetjingar er ihopsette av to eller fleire ord, medan avleiingar er ihopsette av eit ord og eit affiks. Andre prosessar som dannar nye ord i islandsk, er å bruka importerte affiks, å tilpassa importord, å gje allereie eksisterande ord ny tyding, eller ved å korta eksisterande ord. Lærd orddanning kan ta i bruk regelverknad som omlyd, avlyd og kløyving. Mange islandske nyord er danna med orddelar som ikkje kan stå som sjølvstendig ord, men som heller ikkje er avleiingsaffiks. Dette gjeld grammatikaliserte ord som no har affiksfunksjon som *-leg* og *-skap*, affiksoid som er på grensa mellom sjølvstendig ord og affiks, som *-dómur* i *sjúk-dómur*, og bundne samansetjingsledd som *-gresi* (av *gras*) i *ill-gresi* 'ugras'. Sidan desse orddanningselementa ligg på grensa mellom ord og affiks, kan det i mange tilfelle vera uklårt om nyorda dei dannar, skal reknast som samansetjing eller avleiing. I denne oppgåva vert ord danna med slike orddelar samla i ein eigen kategori, attåt kategoriane for samansetjing og avleiing.

## 4 Teoretisk grunnlag

Hovudsiktemålet for dette kapittelet er å gje ei grundig teoretisk skildring av integreringsbanen til nyorda. Eit sentralt spørsmål eg freistar å kasta ljós over, er difor kva som kjenneteiknar prosessen ordet går gjennom frå danningstidspunktet til det kan reknast for å vera eit trygt integrert ord. Denne utgreiinga tener som teoretisk grunnlag når eg seinare kategoriserer dei innsamla orda etter kor langt dei er komne i integreringa. Eit anna sentralt spørsmål er om det finst bestemte faktorar som kan hjelpa ordet i integreringa og som aukar sannsynet for at eit ord vert inkludert i norma.<sup>18</sup>

Kapittelet byrjar med ei omgrepsavklaring i 4.1, før integreringsbanen vert skildra i 4.2. Avsnitt 4.3 handlar om grammatiske trekk som venteleg verkar inn på integreringa av eit nytt ord. Eg freistar her å trekkja ut kva for morfologiske, fonologiske og semantiske trekk som er viktigast om eit ord skal lukkast med integreringa. Dei mest tungtvegande eigenskapane vert seinare trekte inn når eg analyserer nyorda i mitt eige materiale. 4.4 handlar om kva for kunnskapar språkbrukarane har om orddanning, og korleis dei bruker desse kunnskapane for å forstå nye ord. I 4.5 handlar om utanomspråklege faktorar som verkar inn på integreringa av nye ord. Ei oppsummering av kapittelet fylgjer i 4.6.

### 4.1 Omgrepsavklaring

Sprikjande omgrepsbruk er ei utfordring i litteratur om integreringa av nye ord i språket. Dette gjeld nemningar for viktige steg i integreringa av ordet, og det er difor naudsynt å klårgjera omgrepsbruken. Eg tek ikkje sikte på å løysa alle omgrepsflokane, men eg ynskjer å gjera klårt korleis eg forstår og bruker desse omgrepa, og kva for teoriar som ligg til grunn for forståinga mi.

Det er særleg nemningane *leksikalisering* og *institusjonalisering* som vert samanblanda. *Institusjonalisering* nyttar Hohenhaus (2005, 359) om eit stadium i livet til eit ord, der det er lista i leksikon, men enno ikkje leksikalisert:<sup>19</sup>

---

18 Med «norma» meiner eg her det språket som er i tråd med dei eksplisitt formulerte samt dei såkalla tause språknormene i det islandske språksamfunnet. Dei eksplisitt formulerte språknormene kjem ifylgje Endre Brunstad (2001, 37) til uttrykk i grammatikkar, ordbøker og vedtak i normeringsorgan, medan dei tause språknormene «[...] refererer til haldningar, intuisjonar og forventningar om kva som er korrekt, mogeleg og meiningsfull språkbruk» (Brunstad, 2001, 37).

19 Leksikon viser enkelt forklart til den mentale samlinga ord og orddelar språkbrukaren kjenner.

[Institutionalization] refers to the stage in the life of a word at (or from) the transitional point between the status of *ex-nonce-formation-turned-neologism* [...] and that of generally available vocabulary item, i.e. a formation that is listed but not (necessarily) lexicalized in the diachronic sense yet.

Bauer (2015a, 46) nyttar institusjonalisering om ord som er etablerte i norma og framleis inngår i synkront produktive orddanningsmønster. I denne oppgåva nyttar eg omgrepet institusjonalisering om ord som har vorte ein del av det etablerte ordtilfanget i ei språkbrukargruppe. Om orddanningsmønsteret er produktivt eller ikkje, er irrelevant i denne samanhengen – integreringsbanen er venteleg lik for alle ord, anten dei er produktivt eller uproduktivt danna.

Nemninga *leksikalisering* nyttar eg om den diakrone, gradvise utviklinga som skjer når eit ord endrar seg slik at tydinga ikkje lenger kan lesast ut frå delane det er samansett av. Slik leksikalisering kan ifylgje Hohenhaus (2015, 353–354) mellom anna skje ved at endra uttale eller skrivemåte løyner korleis ordet er samansett. Ordet kan også bli leksikalisert ved at orddanningsmønsteret det er danna med, ikkje lenger er tilgjengeleg for språkbrukarane fordi affiks eller grunnord har gått ut av bruk (Bauer 2015a, 44). Sidan dei innsamla orda eg undersøker, er relativt unge i språket, har dei neppe vorte fonologisk eller ortografisk leksikaliserte enno. Det kan likevel tenkjast at somme av dei meir kreativt eller lærd danna orda er oppbygde slik at språkbrukarane ikkje kan lesa tydinga ut frå delane. I tillegg blir leksikalisering også nytta i tydinga «bli ein del av leksikon», mellom anna av Kjellmer (2015). Då viser det til integreringsprosessen til eit ord, og er om lag synonymt med institusjonalisert.

Ei anna utfordring i faglitteraturen er omgrepa *augneblinksdanning* og *nydanning*. Ein diskuterer både korleis desse omgrepa skal definerast, og om det har noko føre seg å skilja skarpt mellom dei. Ofte vert *nydanning* (e. *neologism*) brukt som ei slags samlenemning om nye ord, her kalla *nyord*. Bauer (2015a, 38–39) skriv at det er vanleg å nytta omgrepet *augneblinksdanningar* (e. *nonce formations*) om ord som mislukkast i å verta ein del av norma, og *nydanning* om ord som blir ein del av norma. Han meiner det er problematisk å skilja desse omgrepa slik, fordi det på danningstidspunktet ikkje er mogeleg å seia om ordet vil enda opp som augneblinksdanning eller nydanning (Bauer 2015a, 39). Ein grunn til dette er at det ifylgje Pavol Štekauer (2002, 98) ikkje er nokon formell skilnad på dei to gruppene på danningstidspunktet. Augneblinksdanningane er danna på vanlege, transparente og



føreseielege måtar, med dei same orddanningsmetodane som dei såkalla nydanningane er laga med. Det er difor fyrst når det er gått ei viss tid at vi kan skilja orda i desse to gruppene.

Eg undersøker ord over eit lengre tidsrom og bruker desse omgrepa om konkrete steg på integreringsbanen, med atterhald om at kategoriseringa for dei yngste orda i ordsamlinga er usikker. Eg nyttar omgrepa *augneblinksdanning* og *nydanning* om konkrete steg på integreringsbanen: Omgrepet *augneblinksdanning* nyttar eg om dei orda som har kort levetid og ikkje spreier seg etter fyrste gongs bruk, medan *nydanningane* er ord som har kome lenger, og som har institusjonalisert seg i større eller mindre grad i ei gruppe. Det er altså institusjonaliseringsgrad, og ikkje eigenskapar ved orda, som ligg til grunn for skiljet.

## 4.2 Vegene inn i språket

Prosessen ordet går gjennom for å etablere seg i språket, kan vi kalla integreringsbanen til ordet. Han går over fleire steg, der ordet får ein stadig tryggare plass i språket. Bauer (2015a, 36) skildrar vegene fram mot etablering i grove trekk slik:

Let us say that a word is an EXISTING WORD from the moment it is first coined. The word may be ITEM-FAMILIAR to individual speakers, without having become part of the norm of the language. A word is ESTABLISHED once it becomes part of the norm, that is, once it is item-familiar to a large enough sub-set of the speech community to make it worth listing in reference works.

Eg går ut frå at stega på integreringsbanen er sams for alle nye ord som kjem inn i eit språk, men det er ulikt frå ord til ord kor langt det kjem i prosessen. Ordet er fyrst danna og nytta som *augneblinksdanning* (e. *nonce formation*), som Bauer (1983, 45) definerer slik: «A nonce formation can be defined as a new complex word coined by a speaker/writer on the spur of the moment to cover some immediate need.»<sup>20</sup> Hohenhaus hevdar at augneblinksdanningane er kjenneteikna ved at dei har kort levetid, og at dette steget i integreringa ofte er både fyrste og siste stadium i livet til eit ord (Hohenhaus 2005, 365). Også Bauer (1983, 45) hevdar statusen som augneblinksdanning er den endelege lagnaden til mange nyord: «[...] there are large

---

20 Det er mogleg å tenkja seg nyord som ikkje er komplekse ord, t.d. avlyd- og omlydsformer. *U*-omlyd finst framleis i bøyingsystemet, og somme suffiks krev *i*-omlyd i stamma, men unnateke *u*-omlyden er ikkje avlyd eller omlyd levande prosessar i islandsk. Dei er difor ikkje tilgjengelege for språkbrukarane, jf. avsnitt 4.4. Guðrún Kvaran (2005, 119) skriv at omlydsformer kan verta til dersom vilkåra er til stades, men berre i lærd orddanning. Ord danna med slike prosessar er difor ikkje særleg sannsynlege nyord i den spontane samanhengen Bauer omtalar her.

numbers of nonce formations which are used on very few occasions (perhaps no more than once).» Ei augneblinksdanning frá ordsamlinga mi er *hrað-reið* 'hurtig'-'ritt' (no. bil), med berre 15 treff i Tímarit.is over ein hundreårsperiode, og minst to av desse treffa ser ut til å vera omtalar av ordet, ikkje referensiell bruk. Andre augneblinksdanningar er *vegg-sjá* 'vegg'-'sjá' (no. overheadprosjektor), som har 5 treff på slutten av 60-talet, og *þang-vefja* 'tang'-'snurra' (no. sushi), som ikkje får nokon treff i Tímarit.is i det heile.

Neste steg på integreringsbanen er *nydanningsstadiet*, som tek til når ordet vert spreidd til nye brukarar, jamfør Hohenhaus (2005, 365): «[T]he status of neologism is the *next* stage in the life of the word, namely when it begins to be recognized as item-familiar and catches on in the usage of other speakers.» Omgrepet *item-familiar* går i korte trekk ut på at ordet vert attkjent av språkbrukarane fordi dei har møtt ordet tidlegare. Også Bauer (1983, 45) legg vekt på attkjenning når han definerer overgangen frå augneblinksdanning til nyddaning: «A form ceases to be a nonce formation as soon as the speakers using it are aware of using a term which they have heard already.» Hohenhaus (2005, 359) omtalar nyddanningane som eit overgangsfenomen: Dei er komne lenger enn augneblinksdanningane, men er samstundes ikkje vortne ålment tilgjengelege språkelement enno. Frå ordsamlinga mi ser avleiinga *gláp-ari* 'glanar' ut til å ha teke seg til nydanningsstadiet. Ordet har 186 treff i Tímarit.is på hundre år, 172 av dei mellom 1970 og 2010, og bruksfrekvensen er særst ujamn. *Gló-aldin* 'appelsin' har ei anna utvikling, med til saman heile 815 treff dei fyrste to tiára, før bruken søkk kraftig, men ujamnt, utover i perioden. I den siste perioden 2000–2009 har ordet 31 treff. Det er lite å stilla opp med jamført med dei over 2500 treffa på importordet *appelsína*.

Jamvel om eit ord ikkje er brukt av ein stor nok del av alle språkbrukarane i eit språk til å kunna reknast som etablert i norma, finst det nyddanningar som er institusjonaliserte innanføre ei undergruppe av språkbrukarar. Det finst mellom anna haugar av slanguttrykk som er brukte og kjende i store grupper av språkbrukarar, men som likevel neppe vil spreia seg til ein stor nok del av språkbrukarane til å koma lenger i integreringa enn dette. Eg trur det er lite sannsynleg at fylgjande omgrep frå moderne norsk ungdomsspråk vert tekne opp i ålmennspråket med det fyrste: *hooka* 'rota/klina med nokon', *shippa* 'ynskja at to personar skal bli saman' og *garra*, kortform av *garantert*.<sup>21</sup>

For å kunna bli ein del av «hovudnorma» i språket må ordet spreia seg vidare frå konteksten der det fyrst vert nytta, til andre, stadig større grupper av språkbrukarar. Når ordet

---

21 NRK-serien *Skam* skal ha takk for å ha introdusert meg for desse døma.

kan reknast for å vera kjent for dei aller fleste språkbrukarane av eit språk, er det vorte *etablert* i språket. Mange av nyorda i ordsamlinga mi har i dag oppnådd etablert status, både svært vanlege og høgfrekvente ord som *sjón-varp* 'fjernsyn', og mindre almennspråklege ord som avleiinga *tíð-ni* 'frekvens'. I Tímarit.is aukar bruken av *sjónvarp* og *tíðni* kraftig i tíára etter dei vart introduserte, og held seg dinest stabil. Dei er dessutan oppførte i ordbøker og møter lite konkurranse frå synonyme ord.

Hohenhaus (2015, 361) skriv at stor-språksamfunnet – alle brukarane av språket – er det endelege målet for nyorda i integreringsprosessen. Dette er sjølvsagt ei utfordring når ein undersøker integreringa av orda. Eit så stort språksamfunn er av naturlege grunnar særst vanskeleg å avgrensa, samstundes som det er naudsynt å sjå på så store grupper som mogeleg viss funna våre skal kunna få almenn relevans, jf. Hohenhaus (2005, 361):

Of course, if we want to approach any degree of linguistic generality we have to look at larger settings, ultimately the speech community of a language at large, i.e. all its speakers. As the edges of this concept are necessarily fuzzy, this is naturally an idealized entity itself.

Ein viktig grunn til å avgrensa språksamfunnet er at det kan vera store skilnader i ordtilfanget i dei ulike språksamfunna. Dette gjeld både kva slags ord som er kjende i gruppene, men også «institusjonaliseringsgraden» til eitt og same ord i to ulike grupper, jamfør Hohenhaus (2005, 365):

A formation may be institutionalized in the language of one speaker's (subset of a) speech community, but may be perceived by an 'outside' listener as a nonce-formation, even though it wasn't one from the speaker's point of view – and vice versa, i.e. a speaker may form a nonce-formation (from his/her perspective) but it may already be part of a listener's lexicon.

Slik er det ofte med slang- eller terminologiuttrykk. Forfattarane av *Orðabók um slangur, slettur, bannorð og annað utangarðsmál* (Mörður Árnason et al. 1982, vii) skriv at slangord oftast er knytt til ei bestemd gruppe i samfunnet, der orda opprinneleg kan ha vore del av eit slags kodespråk. Forfattarane peikar også på at slangspråk sjeldan er ålment akseptert (ibid).<sup>22</sup>

---

22 Særeige for islandsk er skiljet mellom *slangur* 'slang' og *sletta*. *Slangur* høver med slangord-definisjonen til Mörður Árnason et al. (1982) i teksten ovanføre. *Sletta* er framandord og -uttrykk som er brukte i talespråket, men ikkje i skriftlege samanhengar eller formelt språk (jf. Ulrich Groenke 1966, 222). ÍO (2010, xiii) koplur t.d. *sletta* til framandord som «tvilsamt kan kallast islandske».

Dette kjenneteiknet hindrar sannsynlegvis slangorda i å spreia til såpass mange kontekstar og språkbrukarar til å koma i ålmenn bruk.

Hohenhaus (2005, 364) meiner skilnaden på augneblinksdanningar og nydanningar er psykologisk og har å gjera med korleis språkbrukaren forstår orda. Hohenhaus er tilhengjar av eit rikt leksikon, som vil seia at språkbrukarane finn alle ord dei kjenner, opplista i det mentale leksikonet sitt. Ut frå ei slik forståing av leksikon er skilnaden på augneblinksdanningar og nydanningar at språkbrukarane aktivt formar augneblinksdanningane (anten ved å sjølv danna dei, eller ved å avkoda dei ved fyrste møte), medan nydanningane kan hentast ferdig avkoda frå leksikon, fordi språkbrukarane har møtt desse orda tidlegare (Hohenhaus, *ibid*).

Denne overgangen kan skildrast med omgrepa *type-familiar* og *item-familiar*, som legg vekt på korleis språkbrukarane forstår nye ord. Omgrepet *type-familiar*<sup>23</sup> blir av Bauer (1983, 48) noko indirekte knytt til augneblinksdanningane. Slik eg forstår omgrepet, tyder *type-familiar* at språkbrukarane er i stand til å forstå ord dei ikkje har møtt tidlegare, fordi dei kjenner ord av same type – altså ord danna med same orddanningsmønster. Sidan orddanningsmønsteret er kjent, kan dei slutta seg til kva ordet tyder ut frå den morfologiske og semantiske forma til ordet. Eit ord som er *item-familiar*, er institusjonalisert i ei språkbrukargruppe. Det er altså eit kjent leksikalsk element i denne gruppa. Språkbrukarane treng ikkje å tolka forma for å skjønna ordet: «[I]t is not just the construction which is recognized, but the particular lexeme. The term has become **institutionalized**.» (Bauer 1983, 48, uthevingar i originalen) Ord som er vortne *item-familiar* og institusjonaliserte i ei gruppe, har nådd *nydanningssteget* i integreringa, jamfør Hohenhaus (2005, 356), som hevdar at eit ord vert ei nydanning når det vert atkjent som *item-familiar*.

Både Bauer og Hohenhaus koplar orda på augneblinksstadiet til avkoding, det vil seia prosessen språkbrukaren utfører når han/ho tolkar tydinga til ordet ut frå den morfologiske og semantiske oppbygginga til ordet. Denne avkodinga er noko eg kjem til å leggja vekt på i mine eigne undersøkingar. Kan avkodingsprosessen språkbrukaren utfører i møte med nye augneblinksdanningar, forklara kvifor somme av dei ikkje greier å nå nydanningsstadiet? Det skulle i så tilfelle tyda at dersom nyordet har ei form som ikkje kan avkodast av språkbrukarane, vil forma kunna stå i vegen for forståinga og den vidare bruken av ordet. I avsnitt 4.4 kjem eg nøgnare attende til kva som gjer språkbrukarane i stand til å avkoda ord,

---

23 Nemningane *Type-familiar* og *item-familiar* vart fyrst vart nytta av Willem Meys (1975) i boka *Compound Adjectives in English and the Ideal Speaker–Listener*.

og kva for ord det er mogeleg for dei å tolka. No skal eg fyrst gå nærare inn på kva for interne faktorar ein ventar kan påverka integreringa av nyorda, og korleis desse faktorane heng saman med avkodinga av nyordet.

### 4.3 Suksessfaktorar ved nye ord

Som nemnt i kapittel 2 kan både utanomspråklege faktorar og eigenskapar ved ordet verka inn på korleis det går med ordet i integreringa. Göran Kjellmer diskuterer slike faktorar i artikkelen «Potential Words» (2015). Mellom anna drøftar han (2015, 205) ei rekkje semantiske, fonologiske, morfologiske og ortografiske vilkår han meiner kan avgjera om eit ord vinn fram eller ikkje.<sup>24</sup> Vilkåra er tufta på tenkt konkurranse mellom hypotetiske engelske nyord, og Kjellmer (2015, 206) går ut frå at di fleire av vilkåra hans eit ord fyller, di større er sjansen for at det vert akseptert. I dei neste avsnitta går eg gjennom dei mest tungtvegande vilkåra med nokre illustrerande døme.

Somme av vilkåra kan reknast for å vera meir eller mindre obligatoriske krav til nye ord, som det fonologiske vilkåret at ordet har lydkombinasjonar som er mogelege og godt etablerte i språket (Kjellmer 2015, 209), og det ortografiske vilkåret at skriftteikn fylgjer etablerte mønster (2015, 213). Eit like obligatorisk krav er at ordet er i tråd med morfologiske reglar og mønster i språket (2015, 211). Fordi det her er snakk om grunnleggjande krav for alle ord i språket, har desse vilkåra ifylgje Kjellmer (2015, 220) ein nøytral status når nyordet er danna i tråd med dei. Det er derimot særst negativt for eit nyord dersom uttale, skrivemåte eller morfologiske eigenskapar bryt med dei konvensjonane som er etablerte i språket, og eg reknar med at få av dei innsamla orda mine bryt med desse vilkåra.<sup>25</sup>

Eit mindre viktig krav er at ordet har det Kjellmer (2015, 208) kallar «semantiske parallellar». Semantiske parallellar går ut på at det semantiske innhaldet til ordet reflekterer eit mønster som allereie er etablert i språket, og døme på mønster kan ifylgje Kjellmer (2015, 208) vera slektsnemningar, talsystem eller vitskaplege termar. Eit nyord som kan fylla eit «hol» i eit slikt system, vil ha gode sjansar for å lukkast (ibid). Han nemner som døme at engelsk har ei nemning for «ung ku som ikkje har hatt kalv», men manglar noko tilsvarande for ei «ung søye som ikkje har hatt lam». Eit ord som kan fylla ein ledig plass, har såleis betre

---

24 Kjellmer nyttar nemninga *grafematisk* om det som har med skrivemåte å gjera.

25 Ifylgje Eiríkur Rögnvaldsson (2013, 125) finn vi likevel døme på at handlingsnemningar som er danna ved å kutta endinga på verb, endar på ordsambanda *-mr* og *-nj*. Desse ordsambanda vert elles ikkje aksepterte i utlyd. Døme på dette er orda *kumr* ('godlyd frå dyr') og *grenj* ('grining') av *kumra* ('gje frå seg godlyd') og *grinja* ('grina').

sjansar for å integrerast enn eit ord som ikkje har eit slikt hol det kan gå inn i.

Å fylla eit hol i eit *morfologisk system*, noko Kjellmer (2015, 210) kallar «morfologiske parallellar», er endå meir positivt enn om ordet fyller eit semantisk hol. Til skilnad frå dei semantiske parallellane går ordet her inn i eit mønster tufta på dei morfologiske eigenskapane til ord eller orddelar. Det kan til dømes dreia seg om eit leksikalsk hol i ein mykje brukt og kjend avleiingsprosess. Kjellmer (2015, 210) hevdar at eit ord som fyller eit leksikalsk hol i eit veletablert mønster, har betre sjansar i integreringa enn eit ord som ikkje gjer det. Det skal vidare vera ein stor føremon for integreringa av nyordet at avleiingssuffikset i ordet er høgproduktivt. I eit hypotetisk ordpar med like grunnord vil den avleiinga med det mest produktive affikset ha best sjansar for å integrera seg (Kjellmer 2015, 212). Ifylgje denne hypotesen vil eit avleidd adjektiv lukkast betre i integreringa dersom det er danna med det produktive suffikset *-leg* (1) enn om det meir sjeldsynte suffikset *-al* (37) er brukt. (Tala i parentes viser til plassering hjå Eiríkur Rögnvaldsson (1986).)

I kategorien «other», «andre», kjem kriterium som gjeld lengd og konnotasjonar. Kjellmer (2015, 213) meiner at eit potensielt ord kan auka sjansane for å integrerast i språket viss det har *prestisjefylte og/eller eksotiske konnotasjonar*. Ved å bruka eit slikt ord kan språkbrukarane demonstrera ekspertisen dei har innanføre prestisjefylte område. Kriteriet gjer seg gjeldande på alle område der ekspertkunnskap er høgt verdsett, eit par døme hjå Kjellmer er datateknologi og popmusikk (Kjellmer 2015, 213-214). Det skal også vera ein føremon for ordet viss det vekkjer humoristiske konnotasjonar. Vilåret om lengd går ut på at eit ord som er konsist/kortfatta har betre sjansar for å slå gjennom enn eit lengre og/eller mindre råkande alternativ. Desse vilkåra er ikkje tildelte særleg vekt hjå Kjellmer, og eg nemner dei her fordi korte og konsise nyord ofte vert trekte fram som suksessrike islandske nyord. For islandske nyord vil lengd kanskje særleg vera viktig i møte med engelske importord, som ofte er kortare enn dei heimlege orda.

Som vi ser av denne gjennomgangen, har ikkje dei ulike kriteria til Kjellmer jamsterk innverknad på overlevingssjansane til eit ord (Kjellmer 2015, 216). Medan det til dømes er svært viktig at eit ord fylgjer kjende fonologiske mønster (vilkår F1), er vilkåra i kategorien «andre» ikkje særleg viktige. Det er litt overraskande at ingen semantiske vilkår er komne med mellom dei mest tungtvegande kriteria hjå Kjellmer. Han reknar det som litt positivt om ordet har semantiske parallellar i språket, men likeins berre litt negativt dersom det ikkje har det. At ordet er gjennomsynleg for ålmenta, er rekna som nøytralt om det er til stades, på same

måte som dei fonologiske og ortografiske kriteria. Til skilnad frå desse er det likevel ikkje rekna for å vera særleg alvorleg dersom vilkåret om transparens ikkje er oppfylt. Gjennomsynleg semantisk form veg truleg tyngre for islandske nyord enn for dei hypotetiske engelske døma til Kjellmer. Grunnen til dette er at den islandske nyordspolitikken tradisjonelt har vore oppteken av at dei islandske nyorda skal vera gjennomsynlege og lette å forstå. Eit av argumenta for å laga nye islandske nemningar i staden for å nytta importord er jo nettopp at importorda ikkje er gjennomsynlege for islandske språkbrukarar.

Grunnen til at Kjellmer gjev dei semantiske vilkåra lite tyngd, er at dei semantiske eigenskapane til ordet er bundne til referansen ordet har i den ytre røynda. Ord forsvinn ut or språket dersom fenomenet dei omtalar, har kort levetid, eller dersom ordet ikkje får utvida referansen slik at det også kan nyttast i nye samanhengar (Kjellmer 2015, 222). Skal ordet ha noka von om å etablera seg i språket, må det få utvida bruk ut over konteksten det fyrst vart brukt i. Koplinga ordet har til konteksten, kan verka både positivt og negativt inn på integreringa av ordet. Ifylgje Bauer (2015a, 43) hjelper konteksten oss til å forstå nyordet rett. Eit nyord har fleire mogelege tydingar på danningstidspunktet, og at ordet vert nytta i ein spesifikk kontekst, syner oss kva for ei tyding som er mest aktuell. Når denne tydinga vert akseptert i norma, er andre tydingar mindre sannsynlege for dette elementet (Bauer 2015a, 44). Hohenhaus (2005, 361) meiner at ordet må ha ei ålmenn kopling mellom meining og form for at det skal lukkast med å institusjonalisera seg i ulike grupper (dvs. spreia seg til nye kontekstar):

The more generic the meaning-form pairing in a word-formation is, the wider its institutionalization potential. The less generic, more context-dependent or individually episodic, the narrower the institutionalization range.

Hohenhaus (2005, 361) hevdar koplinga mellom form og tyding i ordet må vera så ålmenn at ho gjer det mogeleg for språkbrukarane å slutta seg til kva ordet tyder. Tydinga til det nye ordet må altså vera tydeleg ut frå konteksten ordet fyrst vert brukt i, men ikkje så bunden til han at ordet ikkje kan nyttast lausrive frå han.

#### 4.4 Korleis språkbrukaren forstår nye ord

Som nemnt tidlegare ventar Kjellmer (2015, 212) at ord danna gjennom produktive avleiingsprosessar lukkast betre i integreringsprosessen enn tevlande avleiingar danna gjennom mindre produktive prosessar. Omgrepet *produktivitet* handlar om den evna morfologiske prosessar har til å danna nye ord: «the PRODUCTIVITY of a morphological process is its potential for repetitive non-creative morphological coining.» (Bauer 2015a, 99) Kor produktiv ein prosess er, kjem til syne ut frå mengda nyord ein prosess dannar, jamfør Bauer (2015a, 41): «We are aware of productivity only through the new coinages and the patterns of familiar and unfamiliar words coined by the relevant process».

Somme teoretiske tilnærmingar forklarar produktivitet ut frå språkkunnskapane til språkbrukarane og korleis dei nyttar denne kunnskapen for å danna nye ord. Der heiter det at produktive prosessar er meir tilgjengelege for språkbrukarane enn uproductive prosessar. Danielle Corbin (1987, vist til hjå Bauer 2015 b, 324) hevdar at ein morfologisk prosess er tilgjengeleg viss språkbrukaren er i stand til å bruka prosessen til å laga eit nyord. Utilgjengelege prosessar kan ifylgje Bauer (2003, 8) ikkje nyttast til å laga nydanningar som vert vidt aksepterte i språksamfunnet. Dette forklarar kanskje kvifor lærde nydanningar danna med «daude» affiks sjeldan får gjennomslag i språksamfunnet, sjølv om språksamfunnet treng ordet (som avløyasarord, fagspråkleg uttrykk e.l.). Eit islandsk døme er den lærd danna augneblinksdanninga *rafald* 'radio', som er avleidd med det uproductive suffikset *-ald*.

Kva som er tilgjengelege og utilgjengelege prosessar, heng nært saman med kunnskapane språkbrukarane har om orddanning. Desse kunnskapane kan skildrast med Chomsky-omgrepa *competence* (kompetanse) og *performance* (utføring). *Kompetansen* viser til implisitt regelkunnskap språkbrukaren har, og *utføringa* handlar om korleis språkbrukaren faktisk bruker språket i verkelege situasjonar (Katamba og Stonham 2006, 8). Kunnskap om eit språk fører med seg at ein meistrar eit detaljert regelsystem som gjer det mogeleg for ein person å laga og forstå eit uendeleg tal ytringar på dette språket (ibid). Det er brei semje om at orddanningsreglane er ein del av dette regelsystemet. Språkbrukarane kan ifylgje Katamba og Stonham (ibid) nytta regelkunnskapen til å danna nye ord og avkoda nye eller ukjende ord dei møter, dersom desse orda er føreseieleg danna med orddanningsreglar: «A speaker who knows the meaning of *re-* and *draw* as well as the relevant morphological rule of prefixation, can easily prefix *re-* to *draw* to form *re-draw*.» (Katamba og Stonham, 309) Pavol Štekauer (2002, 111) meiner det er ein psykolingvistisk faktor at «folk føretrekkjer ord som er



genererte med både produktive og frekvent brukte mønster».

I norsk er avleiing med suffikset *-inne* døme på ein tilgjengeleg orddanningsprosess. Prosessen dannar yrkes- eller utøvarnemningar som *lærarinne* og *målarinne*, og ord med denne oppbyggnaden er framleis forståeleg for språkbrukarane. At ordet *bloggerinne* får nesten 600 treff i Google, syner at språkbrukarane dessutan er i stand til å bruka det i eiga orddanning. Det er derimot meir tvilsamt om substantivisk avleiing med *-d* som i *lengd* og *høgd* framleis kan nyttast, eller om språkbrukarar i dag forstår desse orda som avleidde former i det heile. Denne prosessen er difor utilgjengeleg for språkbrukarar i dag, og orda *høgd* og *lengd* er vorte leksikaliserte. Eit (av fleire) kjenneteikn ved leksikaliserte former er at språkbrukarane ikkje kjenner att forma deira som avleidd eller samansett, noko som tyder at dei heller ikkje kjenner prosessen som har danna orda. Jamleg eksponering for nyord er truleg viktig for å halda ved like kunnskapen om korleis orddanningsprosessane fungerer, og denne eksponeringa er det hovudsakleg dei mest produktive prosessane som står for. Slik vert dei produktive orddanningsmønstra ein del av regelkunnskapen språkbrukarane nyttar for å forstå og danna nye ord, og nyord danna med mindre produktive mønster er kanskje ikkje like forstålege som dei produktivt danna.

Sidan produktivitet synest å vera nært kopla til danninga og forståinga av nye ord, er eg interessert i å undersøka om dette fenomenet også kan ha noko å seia for integreringa av eit nyord. Har eit nyord danna gjennom ein produktiv prosess betre suksessvilkår enn nyord danna gjennom kreative eller mindre produktive prosessar? Skiljet mellom produktivitet og kreativitet vart fyrst trekt av Lyons (1977, 549, vist til hjå Bauer 1983, 63) og går ut på at berre den regelstyrte delen av grammatikken kan vera produktiv. Vi har altså med kreativitet å gjera når vi utvidar språkssystemet på måtar som ikkje er regelstyrte, til dømes når vi utvidar tydinga til eit eksisterande ord (Bauer 1983, 63). Det er helst teoriar som ser på produktivitet som eit utanomspråkleg fenomen, som målber at orddanningsmåten – om ordet er kreativt eller produktivt danna – kan påverka integreringa av ordet. Nokre av desse tilnærmingane meiner at alle orddanningsprosessar i utgangspunktet er like produktive. Etter denne forståinga er svært produktive prosessar anten dei mest tilgjengelege for språkbrukarane, eller dei dannar ord språksamfunnet har meir bruk for enn utkoma frå andre prosessar.<sup>26</sup>

26 Språkssystematiske restriksjonar verkar også inn på orddanningsprosessane, jamfør Bauer (1983, 88–94). *Pragmatiske restriksjonar* handlar om at nyordet må ha eit fenomen å skildra. *Blokkering*, introdusert av Aronoff (1976), hindrar orddanningsprosessar dersom utkoma av prosessen fører til synonymi. *Fonologiske restriksjonar* er oftast at utlyd eller siste staving i grunnordet avgjer om suffikset kan knyta seg til det, og *morfologiske restriksjonar* går ut på at dei formelle eigenskapane til basen eller avleiingsaffikset hindrar orddanninga. *Leksikalske restriksjonar* gjer seg gjeldande når verknaden til ein orddanningsprosess ser ut til å

## 4.5 Eksterne faktorar

Ifylgje Štekauer (2002, 111) kan den låge produktiviteten til ein morfologisk prosess forklarast med at det er låg etterspurnad etter prosessen i språksamfunnet. Štekauer (2002, 99) legg vekt på at nye ord kjem til fordi språksamfunnet treng namn på ekstralingvistiske objekt. Dette minner om vilkåret Kjellmer (2015, 221) kallar semantisk trong (e. *semantic need*). *Semantisk trong* går ut på at språkbrukarane manglar eit lingvistisk omgrep for eit konsept eller objekt dei ynskjer å skildra, altså eit leksikalsk hol (e. *lexical gap*) nyordet kan fylla. Det er slike leksikalske hol vi fyller når vi dannar nye ord for nye fenomen som kjem inn i språket.

Semantisk trong kan koma og gå som fylgje av sosiale, politiske, teknologiske, intellektuelle eller andre omstende (Kjellmer 2015, 222), og er difor nært forbunde med samfunnsutviklinga. Vigleik Leira (2002, u. sidetal) viser i artikkelen «Nyord i hundre år» til fleire av dei straumdraga som har ført til nyorddanning i tidsrommet 1900-2000. Dei fleste døma Leira nyttar, er ord som er komne inn i norsk grunna den raske teknologiutviklinga i perioden, som ordet *bil* danna av *automobil* og ordet *kringkasting* frå engelsk *broadcasting*. Leira (ibid) skriv at den tekniske utviklinga har vore særskilt sterk i tida etter 1945, og at vi difor får mange nye ord fordi vi treng nemningar på nyvinningane.


Korleis samfunnsendringar verkar inn på orddanningsprosessar, ser vi i samband med kvinnelege yrkestitlar som *listakona* ('kunstkvinne' = kvinneleg kunstnar) og *kennslukona* ('undervisningskvinne' = kvinneleg lærar). Slike yrkestitlar kom til dels «naturleg» etter kvart som fleire kvinner kom i arbeid utover på 1800- og 1900-talet, dels også grunna politiske ynske om å framheva kvinner i yrkeslivet. Til dømes viser Steinþór Steingrímsson i artikkelen «I dag varð hún kona» (2015) at bruken av samansette yrkesnemningar med *-kona* i etterledd ser ut til å ha auka i perioden då representantar frå Kvinnalistinginn (Kvinnelista) var mellom dei folkevalde i Alltinget. Kvinnelista ynskte at kvinner på Alltinget vart omtalte med nemninga *þingkona*, ei nemning som tilsvarar 'stortingskvinne' på norsk, i staden for *þingmaður*, som var brukt som nøytral nemning. Dette kravet ser ifylgje Steinþór Steingrímsson (2015, 73) ut til å ha ført til auka bruk av tilsvarande *kona*-nemningar også i andre yrkesgrupper, jamvel om yrkesnemningane med *-maður* held fram som dei mest brukte.

I ordsamlinga er nyorda *gervitungl* 'satelitt', *brúnka* 'brunfarge, tan' og *stéttvís*

---

verta påverka av røtene som inngår i prosessen. *Semantiske restriksjonar* går ut på at grunnordet må ha ein bestemd semantisk kvalitet for at ordanningsprosessen kan verka (Bauer 1983, 88–94). Orddanningsprosessar kan også verta avgrensa viss utkoma av prosessen er leksikalisert i ei anna tyding, eller fordi det skapar homofoni med andre ord.

'klassemedviten' så nært knytte til politiske og samfunnsrelaterte tilhøve at det viser att på bruksfrekvensen deira: *Stéttvís* kjem i bruk i klassekampen i 1920-åra og har toppar på grafen i dei tiåra der klasseskilnader er på dagsorden. *Gervitungl* er mykje brukt i samband med romkaplaupet og den kalde krigen, men er mindre brukt i periodar der ein ikkje har vore like oppteken av romfart. Ordet har i tillegg eit sterkt integrert synonym *gervihnöttur*. Treff på ordet *brúnka* er hovudsakleg hestenamn (*Brúnka*, f. og *Brúnki*, m.) fram til det vert moderne med solbrun hud på 60-talet, og grafknekken på 90-talet speglar ein periode då det ikkje var in å vera brun.



Graf 4.1: Integreringsbanen til *gervitungl* 'satelitt', *brúnka* 'brunfarge, tan' og *stéttvís* 'klassemedviten'

Også kvardagslege ord er sårbare for endringar i den ytre røynda, som til dømes *hyrn-u-mjólk* 'horn'-gen.sg.-'mjólk' = 'mjólk i trekanta kartong' og *mjólk-ur-hyrna* 'mjólk'-gen.sg.'horn' = 'trekanta mjólkekartong'. Desse nemningane var ein del nytta på 60-talet, men gjekk naturleg ut or bruk då mjólkekartongane vart firkanta. Dei fleste nyare treffa er skildringar av «gamledagar».

Det kan råka integreringa av nye ord at prosessar eller ordtypar kan vera blokkerte i bestemte språkbrukargrupper eller kontekstar. Eit typisk døme i islandsk er at ein så langt som råd unngår framande importord i formelle, skriftlege kontekstar, og eg ventar difor å finna få engelske slangord i dei skriftlege kjeldene eg undersøker. Kjellmer (2015, 225) nyttar omgrepet *trendar* (e. *fashion*) om det vi ser når somme typar av nyord vert valde føre andre, sjølv om dei i teorien skal vera like levedføre (e. *viable*). Slike trend-tendensar er særleg lette å

få auga på i omskiftelege språkformer, slik som slang (jf. Kjellmer 2015, 225).

Trendpåverknaden vert også trekt fram av forfattarane av *Orðabók um slangur, slettur, bannorð og annað utangarðsmál*, som skriv at «[...] mange slangord er bundne til bestemte tider og trendar» (Mörður Árnason et al. 1982, viii). Denne nære koplinga til ein bestemd periode eller trend er noko av grunnen til at mange slangord ikkje får feste i ålmennspråket, jamfør utgreiinga om tilhøvet mellom ordet og konteksten i avsnitt 4.3. Trendorda vil truleg ofte vera for nært kopla til ein bestemd kontekst til å kunna spreia seg til og bli institusjonaliserte i andre språkbrukargrupper.

Som nemnt i kapittel 2 kan mediainstitusjonar ha ein positiv effekt på spreinga av nyord. Også Kjellmer (2015, 224) meiner media kan verka positivt inn på å få det nye ordet i bruk:

When one of the influential mass media has decided to endorse the use of a new word in this way, or else has just come to endorse it by happening to use it, the matter can be regarded as settled, more often than not – the new word will have found its place in the common language.

Det er ifylgje Kjellmer (2015, 225) likevel ikkje slik at media kan introdusera kva ord som helst til språksamfunnet: Dersom ordet i utgangspunktet har lite potensiale for å slå gjennom, er det småe sjansar for at media lukkast med å integrera ordet.

## 4.6 Samandrag

Vi har i dette kapittelet sett at både forma til ordet, pragmatiske omstende og utanomspråklege faktorar kan verka inn på integreringa av eit nytt ord. Skal ordet lukkast, må bestemte grammatiske trekk vera på plass, og det er særleg viktig at dei fonologiske, morfologiske og ortografiske eigenskapane til nyordet er i tråd med gjeldande normer og reglar for dette. I tillegg må det vera bruk for ordet, og koplinga til konteksten må korkje vera for svak (slik at tydinga til ordet er for vid) eller for sterk (slik at ordet berre kan nyttast i ein snever kontekst).

Sidan vi bruker kunnskap om orddanningsreglar for å forstå og danna nye ord, kan produktivitet påverka både kva for nyord som mest truleg vert danna, og kva for nyord vi er best rusta til å møta. Vi møter flest ord danna med produktive orddanningsprosessar, slik at det er desse orddanningsreglane vi meistrar best når det kjem til å forstå og danna nye ord. Likevel er det slik at jamvel om størstedelen av nyorda er danna med produktive mønster, får

dei fleste av dei kort levetid i språket. Det å vera produktivt danna er altså ikkje tilrekkeleg for at ordet skal lukkast med integreringsprosessen. Integreringa av nyorda vert også påverka av ei rekkje ytre faktorar, til dømes kan samfunnsendingar og trendar verka inn på kva for ord det er bruk for å språksamfunnet.

Det vil truleg ha mykje å seia for orda i ordsamlinga at dei er i tråd med dei puristiske rettesnorene som gjeld i skriftlege kontekstar, der ord som ikkje er rekna for å vera «god stil» i islandsk, vert avviste. Undersøkingane mine er hovudsakleg tufta på skriftlege kjelder som aviser og tidsskrift. Dette er sjangrar der ein legg vekt på å skriva fylgjerett og lytefri islandsk, og dei er dessutan godt overvaka av språkmedvitne lesarar og lydarar.

## 5 Materiale og metode

### 5.1 Innleiing

I dette kapitlet gjer eg greie for innsamlingskriteria for nyorda i ordsamlinga mi og korleis eg har gått fram for å kategorisera dei etter integreringsgrad. Ordsamlinga inneheld ålmennspråklege nyord som er komne inn i islandsk mellom 1880-åra og 2010. Det finst få omfattande samlinga over ålmennspråklege nyord, og eg har difor sjølv samla orda frå ulike kjelder.

Eg har valt å undersøka nyord frå ålmennspråket for å unngå at orda er råka av særskilte normer og krav som gjeld for spesialisert terminologi eller innanføre slangspråk. At orda er ålmennspråklege er også ein føresetnad for å kunna nytta tekstsamlinga Tímarit.is i arbeidet med å kategorisera orda etter integreringssteg. Tímarit.is inneheld aviser og tidsskrift, og dei innsamla orda må vera så vanlege at det er sannsynleg at dei vert brukte i denne typen tekstar. Tidsrommet 1880–2010 er valt fordi integreringsprosessen berre er mogleg å observera over tid. Kategoriseringa er difor sikrast for dei eldste orda i ordsamlinga. Føremålet med kategoriseringa er å skilja ut grupper av ord som er komne like langt i integreringa, for å kartleggja faktorar som kan forklara kvifor dei har enda opp der dei har.

Kapitlet har fylgjande struktur: Avsnitt 5.2 er ein omtale av dei kjeldene eg har brukt for å samla eigna nyord, og referansematerialet eg har brukt for å undersøka orda. Dette avsnittet er vidare delt inn i 5.2.1 om kjeldetekstane for nyord, 5.2.2 om referansemateriale og oppslagsverk og 5.2.3 om tekstsamlinga Tímarit.is. I samband med utgreiinga om Tímarit.is forklarar eg korleis eg har brukt ordsøk i Tímarit.is til å dela dei innsamla orda i kategoriane augneblinksdanning, nydanning og integrerte ord. I avsnitt 5.3 gjer eg greie for kriterier som gjeld kategoriseringa av dei innsamla orda. I avsnitt 5.4 greier eg nærare ut om framgangsmåten eg nyttar for å undersøka orda, og så samlar eg trådane i 5.5.

### 5.2 Kjelder og ressursar

#### *5.2.1 Kjelder for ordinnsamling*

Dei fleste kjeldene eg har nytta i ordinnsamlinga, er artiklar om islandske nyord som er komne inn i språket på 1900-talet, der eg har funne konkrete døme på nyord. Artiklane har også synt kva for språkdomene det kan vera interessant å henta ord frå, som til dømes datateknologi og populærkultur.

Dei eldste artiklane eg har brukt, er «Orðasmíð Sigurðar skólameistara» (1951) av Bjarni Vilhjálmsson og «Nýgervingar frá síðari öldum» (1964) av Halldór Halldórsson. Bjarni Vilhjálmsson dokumenterer og kommenterer eit utval nyord danna av Sigurður Guðmundsson. Halldór Halldórsson tek føre seg nyord og nyordsarbeid i islandsk frá midten av 1500-talet til midten av 1900-talet, med mest vekt på dei siste hundreára. Teksten «Málhreinsum á tækniöld» (1990) av Kjartan G. Ottósson handlar om nyordsarbeid på 1900-talet. Det er ein del overlapping i nyordsdøma til Halldór Halldórsson og Kjartan G. Ottósson når det gjeld fyrste halvdel av 1900-talet. I regelen har eg berre teke med nyord frå Kjartan G. Ottósson som eg ikkje allereie har registrert hjá Halldór Halldórsson.

Eg har nytta to tekstur av Jón Hilmar Jónsson frá 80-ára. Den fyrste, «Om skrivemåte og bøyning av fremmedord i islandsk» (1980), handlar hovudsakleg om importord og tilpassing av slike ord. Eg har brukt desse importorda som utgangspunkt for å leita etter eventuelle heimleg danna avløyssarord. I artikkelen «Tendenser og tradisjoner i islandsk orddannelse» frå 1988 tek Jón Hilmar Jónsson føre seg kva som særpregar ordtilfang og ordlagning i islandsk, illustrert med døme på moderne nyord. Nokre få nyord har eg henta frå kapittel 9, «Hvernig fer orðmyndun fram?» («Korleis går orddanning føre seg?»), i boka *Orð. Handbók um beygingar- og orðmyndunarfræði* (2005) av Guðrún Kvaran, og artikkelen «Importord og afløsningsord i islandsk» (2007) av same forfattar.

Størstedelen av orddøma i tekstane ovanføre er frå fyrste del av 1900-talet. For å få ei nokolunde jamn fordeling av ord frå fyrste og andre halvdel av perioden, har eg supplert med nyare ord frå *Nýyrðadagbók Íslenskrar málstöðvar* (Nyordsdagboka til det islandske språkinstituttet, frå no omtalt som *Nyordsdagboka*), doktoravhandlinga til Yair Sapir (2003), og «Nýyrði undanfarins áratugar», ei liste på drygt 200 nyord som Ágústa Þorbergsdóttir (2005) har samla. Dei fleste orda i Nyordsdagboka er framlegg til avløyssarord som islandske språkbrúkarar eller språkinstituttet har danna. Ein god del er terminologi og slangspråk, og eg har berre teke med álmenne/kvardagslege ord.

Yair Sapir (2003) analyserer over 600 islandske nyord og kartlegg orddanningsmetoden deira. Nyorda han har undersøkt, er oppførte med årstal for fyrste treff i databasen *Rítmálsskrá*. Eg freista å nytta denne lista supplerande og valde såleis berre ord som var oppførte med årstal seinare enn 1950. Sær mange av orda synte seg likevel å vera eldre enn korpusårstalet, men om lag halvparten av orda frå Sapir synest å ha kome inn i språket etter 1950. Nyordslista til Ágústa Þorbergsdóttir (2005) er eit oversyn over nyord som er komne

inn i språket om lag i tidsrommet 1995-2005. Ágústa Þorbergsdóttir oppgjev ikkje noko bestemd kjelde for innsamlinga, men dei fleste orda i lista er ålmenne, og mange er knytt til datateknologi.

### 5.2.2 Referansmateriale og oppslagsverk

I arbeidet med å kategorisera og utvida ordsamlinga har eg nytta islandske ordbøker, digitaliserte tekstsamlingar, korpus, Google-søk og referanseverk. Desse kjeldene er omtalte i alfabetisk rekkjefølgje nedanføre.

*Beygingarlýsing íslensks nútímamáls* («Paradigmeskildring av moderne islandsk») (BÍN), er ein nettdatabase over bøyingsparadigme hjá Árni Magnússon-instituttet. Nettsidene til BÍN opplyser at «moderne islandsk» viser til 1900 og 2000-talet, og at paradigmesamlinga er deskriptiv og inneheld 278 781 paradigme (per 26.8.2016). I BÍN har eg funne fram til dei ulike ordformene av leksema. Dette er stundom naudsynt for å få greie på kva for ei form som er brukt som føreledd i samansetjingar, og som grunnord i avleiingar. Stundom krev også ordsøk i Tímarit.is at eg slår opp kvar ordform for seg.

*Google-søk* er brukt for nokre av orda, men ikkje i særskilt stor utstrekning. Eg har leita opp nokon av orda som har få eller ingen treff i Tímarit.is i Google, for å undersøka om dei likevel er brukte på andre domene. Utkoma av desse søka er sær usikre og har ikkje vege tungt i analysen. Det har særskilt vore ein veikskap med Google-søka at den avanserte søkefunksjonen ikkje tel talet på treff.

*Íslensk orðabók* (ÍO) (2010) er ei einspråkleg ordbok redigert av Mörður Árnason. Boka kom fyrst ut i 1963, og hadde då tittelen *Íslensk orðabók handa skólum og almennungi*. Ari Páll Kristinsson (2004, 61) meiner boka er ei lett tilgjengeleg normativ ordbok (han har vurdert utgåvene frå 1963 og 1983). Artikkane i ÍO er utstyrte med merknader som seier om ordet er tilrådeleg å bruka eller ikkje. Eg har brukt ordboka til å undersøka om nyorda frå samlinga mi er oppførte her, og om dei eventuelt er oppførte med merknad om tilrådd bruk. Ordboka har også vore nyttig for å sjekka om såkalla bundne etterledd i samansetjingar er kategoriserte som sjølvstendige ord eller bundne samansetjingselement. I tillegg har eg funne synonym til somme av dei innsamla orda i ordboka. Sannsynlegvis vil størstedelen av dei etablerte orda



vera oppførte i ÍO, men samstundes kan ei ordbok vera påverka av språksynet til redaktørar, utgjevar eller føremålet med ordboka.

*Islex.is* er ei nettordbok hjá Árni Magnússon-instituttet (Stofnun Árna Magnússonar í íslenskum fræðum). Eg har nytta *Islex.is* mykje í arbeidet med materialet, hovudsakleg for á finna synonym til orða í ordsamlinga og for á finna den norske tydinga til ordet.

### 5.2.3 *Tímarit.is*

*Tímarit.is* er ei digitalisert og sökbar samling av aviser og tidsskrift frá Island, Færøyanne og Grønland, og har vore ei heilt grunnleggjande kjelde i arbeidet med oppgåva. På nettsidene til *Tímarit.is* kan ein lesa at tekstsamlinga kom i stand fordi ein ynskte á digitalisera alle aviser og tidsskrift som var utgjevne tidlegare enn 1920. Seinare er også nyare årgangar og dei fleste nasjonale avisene lagde til, slik at samlinga strekkjer seg fram til i dag. Tekstsamlinga er i dag på nesten 1000 titlar, der dei fleste er islandske.

Funksjonen som gjer det mogeleg á leita opp einskilde ord i *Tímarit*, har vore eit viktig verktøy i arbeidet med á kartleggja integreringsbanen til dei innsamla nyorda. Ordsøka syner om nyordet har vore på prent i tekstane *Tímarit.is* samlar, og tel førekomstane av ordet innanføre periodar på ti ár. Desse søka dannar grunnlaget for kategoriseringa av dei innsamla nyorda, som baserer seg på om, og kor mykje, orða har vore brukte i den undersøkte perioden. Jamfør frekvensutviklinga for ordet *tölva* (datamaskin) under «Ár» nedst til høgre:

tölva

Nota beygingarlýsingu  Langir útdrættir

Niðurstöður 1 - 10 af 34.232 fyrir **tölva** 1 >

röðun	vægi	leitarorða
	<b>Morgunblaðið - 25. október 1990</b>	77. árg., 1990, Morgunblaðið B - Viðskipti/Atvinnulíf, Blaðsíða B 14 - <b>tölvunni</b> með lit. Hún er sambærileg við AT <b>tölvur</b> , en verð-ur ekki fánleg fyrr en eftir áramót. „Macintosh llsí“ er mjög hraðvirk <b>tölva</b> sem keppir á við 386-tölvur
	<b>Frjáls verslun - 1988</b>	47. árgangur 1988, 5. tölublað, Blaðsíða 50 skjá ferða- <b>tölvunnar</b> nema að nú gilda þær fyrir PC <b>tölvuna</b> . Þegar þessum spurning- um hefur verið svarað er spurt hvaða skrá í PC <b>tölvunni</b> eigi að sækja (ef ekki
	<b>Morgunblaðið - 26. mars 2007</b>	95. árgangur 2007, 84. tölublað, Blaðsíða 37 hálfgerða afþreying- armiðstöð. Notendur <b>tölvanna</b> geta þannig nálgast efni og hjálpartæki í gegnum Netið og spilað efni sem þeir eiga á öðrum diskum. <b>Tölvurnar</b> voru
	<b>Dagblaðið Vísir - DV - 9. febrúar 2004</b>	94. árgangur 2004, 33. tölublað, Blaðsíða 25 DV Fókus MÁNUÐAGUR 9. FEBRÚAR 2004 25 Fartölvur eru jafn nauðsynlegar og klósett í dag. Ólíkt klósettum verða <b>tölvurnar</b> þó æ meiri stöðutákn. <b>Tölva</b> er ekki
	<b>Lesbók Morgunblaðsins - 9. júlí 1983</b>	58. árgangur 1983, 24. tölublað, Blaðsíða 3

**Rit:**

- > Morgunblaðið (10892)
- > Dagblaðið Vísir - DV (9676)
- > Fréttablaðið (2747)
- > Tíminn (922)
- > Dagur (913)
- > Þjóðviljinn (909)

sjá 183 fleiri

**Ár:**


- > 1840-1849 (1)
- > 1900-1909 (1)
- > 1910-1919 (2)
- > 1930-1939 (2)
- > 1950-1959 (7)
- > 1960-1969 (155)
- > 1970-1979 (1552)
- > 1980-1989 (9483)
- > 1990-1999 (12699)
- > 2000-2009 (8143)
- > 2010-2016 (1987)

Illustrasjon 5.1: Utsnitt frá sök på ordet *tölva* i *Timarit.is*.

Dersom eg ikkje har opplyst om anna, har eg haka av for «nota beygingarlýsingu» («bruk bøyingsopplýsingar/former») i mine søk, slik at alle ordformer vert talde med. For nokre ganske nye ord var det naudsynt å slå opp kvar ordform og dinest leggja saman talet på treff.

Tímarit.is har fungert som ei slags nøytral kjelde eg har silt dei innsamla orda gjennom, for å sikra at orda vert drøfta ut frá eit sams grunnlag og føresetnader. Tekstsamlinga har også vore ei viktig kjelde for nye synonym til ord i ordsamlinga. Når det gjeld frekvensen til orda, er det tale om den relative frekvensen ordet har hatt i perioden 1880-2010, sidan ein del støy, feilkjelder og tekstsamansetjinga i Tímarit.is gjer det vanskeleg å bruka heilt nøyaktige tal.<sup>27</sup> Grunna ulike bruksområde og funksjonar er det dessutan sær sars varierende kor høg bruksfrekvens ein kan venta at dei ulike orda i ordsamlinga får. Ei anna utfordring er at ein berre får eit godt inntrykk av integreringsbanen dersom han kan observerast over eit lengre tidsrom. Dette tyder at frekvensmålingar fortel mindre om yngre nyord enn ord som har vore i språket i lengre tid.

Integreringsbanen til nyordet *hlaðvarp* 'podcast' frá 2000-2015 syner kvifor bruksfrekvensen til unge ord er ei upåliteleg kjelde når ein ynskjer å avgjera kor integrerte dei er i språket:




Graf 5.1: Integreringsbanen til nyordet *hlaðvarp*.

27 Med omgrepa *støy* meiner eg alle treff som ikkje er relevante for søket, og som difor feilaktiv vert talde med. Dette gjeld oftast a) Ord som er maskinesne gale, og difor er digitalt registrerte som eit anna ord enn dei er; b) Eigenamn/varenamn som liknar samnamn; c) Ord brukte i dei engelske, danske og færøyske tekstane i tekstsamlinga, men sjeldan eller ikkje i det heile er brukte i dei islandske. Det gjeld særleg engelske ord og internasjonalar, det vil seia ord som er sams i mange språk i verda. Ordet *hanna* 'formgje, designe' var også eit håplaut søkeord fordi søket også talde med det feilkoda ordet *banna* 'forby' samt eigenamnet *Jóhanna*.

Ikkje alle unge ord har ein like ustabil bruksfrekvens som dette ordet. Grunnar til den varierende bruken av *hlaðvarp* er homonymi med kulturhusnamnet *Hlaðvarpinn* og varierende omtale av mediet podcast. I 2007 vert podcastmediet introdusert via ei rekkje heilsides avisreklamar og ein del ordskifte og «innføringsartiklar» om fenomenet. Dinest er bruken av ordet jamn, men låg, fram til nye avisreklamar fører til ein kraftig frekvensauke kring 2014.

Tufta på bruksfrekvens i Tímarit.is hamnar ord i gruppa for *augneblinksdanningar* dersom dei ikkje får nokre treff, dersom dei har veldig få treff eller dersom samtlege treff er omtalar av ordet, ikkje reell refererande bruk. Slike ikkje-refererande treff har vi til dømes når treffa på orda er frå ordlister eller lesarbrev som vurderer orda, eller reklamar som i dømet med *hlaðvarp*. Døme frå ordsamlinga er orda *þangvefja* 'sushi' og *vitjeppi* 'robot', som ikkje får nokon treff i tekstsamlinga, og *hraðreið* 'bil' og *veggsjá* 'overheadprosjektør', som berre er nytta eit par gonger.

*Nydanningane* er brukte i refererande funksjon, men er kjenneteikna av få treff i høve til kor mykje ein kan venta at ordet er brukt. Nydanningar frå fyrste del av perioden har dessutan oftast falle ut av bruk att, slik at dei har få nye treff. Grafen nedanføre til venstre syner at den eldre nydanninga *glóaldin* har baae trekka: Ordet har færre treff enn ein kunne venta fordi importordet *appelsína* tek resten av den potensielle «marknaden» til nyordet. Vi ser også at nydanninga *glóaldin* går ut av bruk etter eit par tiår i språket. Dei bråe falla i bruken av importordet *appelsína* ser ut til å skuldast utanomspråklege faktorar, det fyrste fallet heng til dømes saman med krigen på 40-talet.



Graf 5.2: Frekvensen til orda *glóaldin*, *appelsína*, *aðflug*, *afgreiðslutími* og *opnunartími* frá 1880-2009.

Ord eg ut frá bruksfrekvens vurderer som *integrerte ord*, er kjenneteikna av at mengda treff høver godt med venta bruk av omgrepet i språksamfunnet. Grafen til høgre syner dei integrerte orda *afgreiðslutími* (opningstid) og *aðflug* (innflyging). Ordet *afgreiðslutími* har nokså jamt aukande bruk og er framleis mykje brukt sjølv om det fekk ein solid knekk på 90-talet. I dette tidsrommet kjem synonymet *opnunartími* også i bruk, og bruken av dei to orda ser ut til å påverka kvarandre gjensidig. Meir enn 3000 treff mellom 2000-2009 tyder likevel på at ordet *afgreiðslutími* framleis kan reknast som integrert ord. Frekvensen for *aðflug* er meir typisk for dei integrerte orda: Frekvensen stig jamt medan ordet etablerer seg, og flatar ut når ordet har nådd sitt «fulle potensial» og kome i normal bruk. Det er elles ikkje uventa at *afgreiðslutími* vert nytta oftare og i fleire samanhengar (t.d. annonsar) enn *aðflug*. Kurva til *appelsína* på 40-talet syner at bruksfrekvensen til orda kan påverkast av utanomspråklege endringar. Brått fallande frekvens tyder difor ikkje alltid at ordet har mislukkast i integreringa, stundom fører endringar i den ytre røynda til at bruken av ordet endrar seg. Dette ser vi også når frekvensen til dei noko politisk ladde omgrepa *stéttvís* 'klassemedviten' og *þjóðnýting* 'sosialisering' ser ut til å fylgja politiske svingingar.

Utkoma av frekvenssøka er ikkje 100 prosent påliteleg, sidan Tímarit.is tel artiklane søkeordet er nytta i, ikkje kvar førekomst av ordet. Håkon Jansson (2015, 89) hevdar dette er problematisk, sidan det gjev ein skeiv representasjon av tilhøvet mellom vanlege og uvanlege ord.<sup>28</sup> På hi sida fører denne teljemåten til ei meir rettvís fordeling mellom dei ulike tekstane i tekstsamlinga, slik at kvart nye treff på ordet kan tyda at ein ny språkbrukar tek det i bruk, noko som indikerer at ordet spreier seg.<sup>29</sup> I tillegg er det slik at tekstsamlinga jamt vert oppdatert med nye titlar, årgangar og nummer. Sidan ordsøka mine er gjort over ein halvårsperiode, kan tala i tabellane og grafane mine avvika noko frå same ordsøk i dag. Det er snakk om småe skilnader som ikkje endrar det store biletet av integreringsbanen til ordet. Ein annan faktor som «forstyrrar» Tímarit-søka, er homonymi, sidan søkefunksjonen ikkje gjev høve til å avgrensa søket til ord frå ein bestemd ordklasse. Problemet gjer seg særleg gjeldande for nyord danna ved konversjon frå verb til substantiv, som til dømes *smygl* 'smugling', men også nyord danna ved å utvida tydinga til eit eldre ord.

---

28 Teljemåten løyner den reelle bruken av svært frekvente ord som bindeord, determinativ, pronomen og liknande, medan frekvensen stemmer betre for sjeldnare ord som kanskje berre er brukte ein gong i kvar trefftekst.

29 Her må vi sjølv sagt ta høgde for at same forfattar kan ha skrive fleire tekstar i tekstsamlinga.

## 5.3 Ordsamlinga

### 5.3.1 Innsamling og kriterium

Den undersøkte delen av ordsamlinga tel til saman 259 heimleg danna islandske nyord frå 1880 til 2010. Tabellen syner nokre døme frå ordsamlinga, ordna etter domene:

Domene	Nyord (Årstal for fyrste treff i Tímarit.is)	Norsk tyding
Teknologiske nyvinningar	<i>lófaspilari</i> (2005) <i>smásjá</i> (1896)	MP3-spelar mikroskop
Transport	<i>þota</i> (1956) <i>tvinnbill</i> (1993)	jetfly hybridbil
Politikk og samfunn	<i>alþjóðavæðing</i> (1988) <i>hagkerfi</i> (1936)	globalisering økonomisk system
Datateknologi	<i>vafri</i> (1997) <i>minnislykill</i> (2002)	netlesar minnepinne
Mat og drikke	<i>skyndibiti</i> (1942) <i>jurtakjöt</i> (1969)	fast food vegetarisk kjøterstatning
Media	<i>sjónvarp</i> (1934) <i>fjölmiðill</i> (1964)	fjernsyn massemedium

Tabell 5.1: Døme på ord frå ordsamlinga sortert etter domene.

Orda i samlinga er komne til i to omgangar. Fyrst samla eg døme på nyord henta frå kjeldetekstane eg presenterte i avsnitt 5.2.1, og samlinga er dinest utvida med ord frå dei tre gruppene nedanføre:

- a. heimleg danna nydanningar som har erstatta eller er i sterk konkurranse med orda frå kjeldetekstane (ord som ser ut til å stå mykje svakare enn det opprinnelege ordet, er ikkje tekne med)
- b. heimleg danna ord som ser ut til å vera danna i analogi med ord frå kjeldetekstane
- c. sentrale heimleg danna ord frå same domene som ord frå kjeldetekstane, som ikkje har vore nemnde i artiklane

Hovudkriteriet for nyorda som kom med i samlinga, var at dei skulle vera kvardagslege, ålmenne omgrep som er komne inn i islandsk i perioden 1880-2010. Kvardagslege ord er valde for å unngå at orda i samlinga er råka av normer og restriksjonar som gjeld orddanning og språkbruk innanføre fag- eller gruppespråk. Ord frå fagterminologi har heilt andre oppgåver enn orda i ålmennspråket, og trong til presisjon og stil i fagspråklege samanhengar

fører til at ord kan verta avviste som faguttrykk jamvel om dei fungerer godt i ålmennspråket. Likeins vil ein i andre gruppespråk som slang nytta ord som vert avviste i meir nøytrale samanhengar. Det kan likevel finnast ord i ordsamlinga som opprinneleg var fagtermar eller slang, men som seinare er komne inn i ålmennspråket. Til dømes byrja ordet *tölva* som fagnemning, og vandra seinare inn i ålmennspråket då datamaskiner vart allemannseige (Ari Páll Kristinsson 2004, 38).

Eit «ålment ord» er i denne samanhengen ord der eg kan gå ut frå at referansen er kjend for dei fleste vaksne islandske språkbrukarar. Sidan sjanger og medium legg bestemte føringar på ordtilfanget som vert nytta, verkar samansetjinga av tekstar hjå Tímarit.is inn på kva for ord eg kan rekna med å finna. Nyorda måtte difor vera ord som kan ha vorte brukte i aviser og tidsskrift i den undersøkte perioden, og så ålmenne at dei kan nyttast i aviser utan nærare utdjuping om fenomenet det namngjev.

Tidsavgrensinga for orda eg undersøker, er sett til 1880-2010, sidan svært mange av nyorda som vert kjende i byrjinga på 1900-talet, vart danna i dei siste tiåra av 1800-talet. Mange ord frå 1880-1900 har dessutan ei meir eller mindre nær tilknytning til ord som vert danna seinare i perioden, til dømes ordet *ritsími* som fyrst er danna i tydinga 'telegraf' og seinare får utvida tydinga til å også tyda 'faks'.<sup>30</sup>

### 5.3.2 Kategorisering av nyorda

Samtlege innsamla ord er ført inn i eit Excel-dokument (vedlegg 1). Dei er ordna kronologisk etter Tímarit-årstal, med dei eldste orda øvst. Årstal i Tímarit viser til fyrste gongen nyordet er på prent i tekstsamlinga i den tydinga eg undersøker. Dette årstalet er nokså omtrentleg, sidan ordet kan ha vore brukt tidlegare både i talemålet og i andre skriftlege medium enn dei som er samla hjå Tímarit.is.<sup>31</sup> Nedst i Excel-tabellen fylgjer ei liste over orda eg ikkje har greidd å finna årstal for. Oftast er dette ord med homonyme former eller ord som ikkje er brukte i tekstane i Tímarit.is. Andre opplysningar som er tekne med i dette oversynet er, frå venstre til høgre i tabellen:

---

30 Jamfør artikkelen om *ritsími* i ordboka islex.is.

31 Daglegdags talemål er ikkje i same grad styrt av strenge normer som skriftspråket, og er såleis meir ope for nye ord (jf. t.d. Ari Páll Kristinsson 2004, 55-56). Det er difor vanleg at nye ord, særskilt importord, er nytta ein periode i talemålet før dei (eventuelt, dersom dei er tilrekkeleg i samsvar med gjeldande skriftspråknormer) vert tekne opp i skriftspråket.

<b>Kjelde</b>	Kva for ei av kjeldene ovanføre eg har henta ordet frå, forkorta til initialar og årstal. Ord som manglar kjelde, er tilleggsord som er komne til etter kvart, oftast synonym eller avløyсарord til ord i kjernesamlinga.
<b>Nyord</b>	Det innsamla ordet slik det er skrive i kjelda.
<b>Orddanningsprosess</b>	Kva for ein orddanningsprosess som har danna nyordet.
<b>Tímarit-ár</b>	Árstal for fyrste relevante treff i Tímarit.is. Det vil seia fyrste gongen ordet er nytta i den tydinga eg undersøker, ord som har fått utvida tyding, kan ha andre tydingar som har tidlegare treff.
<b>Kjeldetekst</b>	Teksten der ein finn fyrste relevante treff i Tímarit.is
<b>ÍO</b>	Syner om ordet er ført opp i <i>Íslensk orðabók</i> eller ikkje.
<b>Moderne ord</b>	Det ordet som vert brukt i tydinga til det gjevne nyordet i dag. Merknaden «ds.» tyder «det same», altså at nyordet er det som vert brukt.
<b>Norsk tyding</b>	Den norske tydinga til nyordet.
<b>Merknad</b>	Alle slags merknader til dei andre felta hamnar her.

Tabell 5.2: Kategoriane frå ordoversynet

Nedanføre fylgjer nokre utdrag frå excel-dokumentet. For å letta lesinga er kolonnen «merknad» er ikkje teken med her. Blank line skil ulike oppføringar.

<b>Kjelde</b>	<b>Nyord</b>	<b>Orddannings-type</b>	<b>Tímarit-ár</b>	<b>Kjeldetekst</b>	<b>ÍO</b>	<b>Moderne ord</b>	<b>Norsk tyding</b>
G.K.(2005)	dómgreind	S-sms	1885	Þjóðólfur 28.3.1885	ja	ds.	dømekraft
	söluturn	G-sms	1907	Ingólfur 16.6.1907	ja	ds.	kiosk
Y.S.(2003)	skráning	Nom-avl (S)	1900-1909		ja	ds.	registrering
B.J.(1987)	þurrkari	Nom-avl (S)	1933, 1949*	Einherji 2. árgang 1933 / Fálkinn 22. árgang 1949	ja	ds.	turketrommel
Á.Þ.(2005)	tölvurefur	G-sms	1987	Tölvumál 12. árg. 1987	nei	tölvuþrjótur	hackar

Tabell 5.3: Utdrag frå ordoversynet

Om nyordet *dómgreind* 'dømekraft' får vi fylgjande opplysningar: «G.K.(2005)» syner at ordet er henta frå Guðrún Kvaran (2005), orddanningstypen S-sms viser at orddanningsstypen er

stammesamansetjing, og fyrste treff i Tímarit.is er frá 1885, i tidsskriftet *Þjóðólfur*. Ordet er oppført i ÍO, og merknaden «ds.» tyder at det framleis er i bruk.

Ordet *söluturn* 'kiosk' skil seg ut ved å vanta kjeldeopplysning, noko som tyder at dette ordet vart lagt til undervegs i arbeidet. Avleiinga *þurrkari* 'turketrommel' er oppført med to årstal, der det kjem fram i det utelatne merknadsfeltet at årstalet 1933 gjeld ei innretning til å turka fisk i, medan 1949 er fyrste sikre treff på turketrommel-tydinga. For avleiinga *skráning* var det vanskeleg å finna nøyaktig årstal i Tímarit.is., noko som er grunnen til at det manglar kjeldetekst. Ordet er plassert i perioden det mest truleg vart teke i bruk. Samansetjinga *tölvurefur* 'hackar' er ikkje oppført i ÍO, ein lagnad det deler med mange av dei yngre nyorda. Når det gjeld *tölvurefur*, ser vi i kolonnen «moderne ord» at ordet sidan er avløyst av *tölvuþrjótur*.

Importord og ord som er samansette av dels importerte og dels heimlege ordelement, vert i regelen berre trekte inn i analysen dersom dei tevlar med heimlege ord. Nokre importord er likevel oppførte i ordsamlinga, sidan det i analysen av tevlende ord har vore viktig å vita når orda kom inn i språket. At importorda er tekne med i oversynet, gjer det også lettare for meg å sjå om det tilsvarande avløysarordet er omsetjingslån eller liknar det framande opphavet på andre måtar.

## 5.4 Framgangsmåte

Eg undersøker nyorda i to steg. I fyrste del av undersøkinga nyttar eg frekvensmålingar for å kategorisera nyorda etter integreringsgrad, og i andre del – analysen i kapittel 6 – ser eg nærare på tilhøvet mellom ulike grammatiske og utanomspråklege faktorar og integreringa av orda.

### 5.4.1 Kategorisering

For å fordela dei innsamla nyorda på kategoriane integrerte ord, nydanningar og augneblinksdanningar nytta eg frekvensmålingar i tekstkorpuset Tímarit.is, som skildra avsnitt 5.2.3. Frekvensen til eventuelle konkurrerande importord eller synonyme islandske nemningar er målt på same måte, for å få eit inntrykk av korleis konkurransetilhøvet i ordparet er i perioden. I tillegg kontrollerte eg om orda var oppførte i *Íslensk orðabók*, og nokre få ord er også søkt opp i Google. Bruksfrekvensen orda har i Tímarit.is, har vege tyngst, sidan denne kjelda er meir nøytral enn ordbøker og meir påliteleg enn Google. Det er likevel



viktig å vera merksam på at frekvenssøka i Tímarit.is i utgangspunktet berre seier noko om korleis nyorda er brukte i denne avgrensa tekstsamlinga. Bruken av nyorda i Tímarit.is treng ikkje samsvara med korleis dei samla sett er nytta i språksamfunnet. Dei integrerte orda er delte i to kategoriar, sidan nokre av dei hadde ustabil bruksfrekvens og såleis gav inntrykk av å vera svakare integrerte. Tabellen syner kva som ligg til grunn for kategoriseringa:

	<b>I Tímarit.is har ordet ...</b>	<b>I ordbøker er ordet ...</b>
Augneblinksdanning	- få eller ingen treff, eller berre treff som er ikkje-refererande	- aldri eller svært sjeldan oppført
Nydanning	(eit eller fleire av fylgjande kjenneteikn:) - etter måten låg frekvens og langsam vekst - ofte lægre frekvens enn konkurrerande importord eller andre islandske nyord - vore brukt i ein periode, men har seinare tapt for dei konkurrerande orda - kort tid i språket og ustabil bruk	- svært sjeldan oppført
Svakt integrert ord	- etter måten høg frekvens, men lægre eller mindre stabil enn venta ut frå referansen	- ofte oppført, men stundom ikkje
Sterkt integrert ord	- frekvens i samsvar med venta bruk av ordet	- nesten alltid oppført (unntaket er somme produktivt danna samansetjingar)

Tabell 5.4: Kategorisering etter integreringsgrad

Både svakt integrerte ord og nydanningar møter ofte konkurranse frå andre ord, men til skilnad frå nydanningane er dei svakt integrerte orda ofte mellom dei mest brukte av fleire alternativ. Dei sterkt integrerte orda er kjenneteikna av at bruksfrekvensen deira samsvarar med den venta eller sannsynlege bruken av ordet.<sup>32</sup> Eit viktig kjenneteikn for dei integrerte orda, som ikkje er kome med i tabellen, er at dei etter å ha fullført integreringsprosessen jamnast ikkje har konkurranse frå islandske ord eller importord i den tydinga eg undersøker.

Resultatet av kategoriseringa er lagt ved i vedlegg 2. Sidan vi berre over tid kan få inntrykk av korleis orda har greidd seg i integreringsprosessen, er kategoriseringa av eldre ord sikrere enn kategoriseringa av nyord som berre har vore 10-20 år i språket. Dette syner seg

<sup>32</sup> At sannsynleg bruk er avgjerande her, kjem av at bruken eller omtalen av fenomenet ordet namngjev opplagt verkar inn på bruksfrekvensen til ordet. Eit ord kan difor kategoriserast som sterkt integrert jamvel om det fell heilt ut or bruk i perioden, dersom årsaka til frekvensfallet er at fenomenet ordet namngjev ikkje finst eller er aktuelt lenger. Dette er t.d. tilfelle for ordet *mótald* 'modem', der bruken av søkk kraftig utover 2000-talet fordi modema ikkje trengst lenger.

mellom anna ved at ingen av orda frå perioden 2000-2009 er kategoriserte som sterkt integrerte ord. Ofte er dei fyrste treffa orda får i Tímarit.is kommentarar og lesarbrev der forfattaren oppmodar brukarane til å ta eit gjeve nyord i bruk, eller rår dei ifrå å bruka det. Fyrst når det er gått ei tid, ser vi om språkbrukarane har fylgt desse til- eller frårådingane. Eit nytt ord kan difor enda opp som augneblinksdanning eller nydanning sjølv om bruksfrekvensen aukar sterkt i tida rett etter at det vart introdusert for språkbrukarane.

#### 5.4.2 *Analyse*

I analysen kartlegg eg grammatiske trekk og andre faktorar som kan ha påverka integreringa av orda i dei fire kategoriane eg omtalte i 5.4.1, i fyrste rekkje trekk som gjeld den morfologiske og semantiske oppbyggnaden til ordet. Der to eller fleire ord tevlar om ein plass i språket, jamfører eg orda i det konkurrerande ordparet. Kva har vinnaren, som taparen manglar, eller motsett? I analysen ynskjer eg å finna svar på fylgjande arbeidsspørsmål:

- 1 På kva for eit integreringssteg står nyordet, tufta på frekvensmålingar i Tímarit.is?
- 2 Kva for orddanningsprosess har danna nyordet?
- 3 Kva for morfologiske, semantiske, fonologiske og ortografiske eigenskapar har nyordet?
- 4 Kva for morfologiske, semantiske, fonologiske og ortografiske eigenskapar deler nyord innanføre kvar integreringskategori?
- 5 Korleis har utanomspråklege faktorar verka inn på integreringa av nyorda?

Det fyrste arbeidsspørsmålet er heilt grunnleggjande, sidan målet med oppgåva er å granska om eigenskapar ved orda eller andre faktorar kan forklara kvifor dei endar opp der dei gjer i integreringa. Det er difor naudsynt å fyrst finna ut kor langt dei undersøkte orda er komne i integreringsprosessen.

Kategoriseringa etter orddanningsprosess gjer det mogeleg å diskutera om det å vera produktivt danna er ein føresetnad for ordet i integreringsprosessen. Som vi såg i avsnitt 4.4, er produktivitet ein del av kompetansen språkbrukarane nyttar for å danna og forstå nye ord. Ein hypotese er difor at produktivt danna nyord integrerer seg lettare i språket enn ord danna med mindre produktive prosessar. Ut frå denne hypotesen kan ein venta å finna fleire produktivt danna nyord i kategoriane for integrerte ord enn mellom augneblinksdanningane og nydanningane. Kategoriseringa etter orddanningsprosess gjer det også mogeleg å oppdaga om somme orddanningsprosessar, uavhengig av produktivitet, dannar nyord som lettare vert

integrerte enn andre.

Arbeidsspørsmål 3 spør etter den grammatiske oppbygningen til orda. Dette må eg kartleggja for å kunna drøfta korleis grammatiske eigenskapar verkar inn på integreringsprosessen til ordet. Eg bruker også funna frå denne delen av analysen for å drøfta det fjerde arbeidsspørsmålet, om det finst grammatiske fellestrekk mellom nyord på same integreringssteg. Kan desse trekka forklara kvifor orda har enda opp som augneblinks-danningar, nydanningar og integrerte ord? Eg fokuserer særskilt på orddanningstype og morfologisk og semantisk oppbygning, sidan det skal vera positivt for eit nyord å fylla eit hol i eit godt etablert orddanningsmønster (jamfør Kjellmer 2015, 210). Ein hypotese er at mange av dei integrerte orda deler semantisk og/eller morfologisk oppbygning med andre, godt etablerte ord i språket. I den semantiske analysen av orda vurderer eg også i kva grad den semantiske og/eller morfologiske oppbygningen til ordet gjer det mogeleg for språkbrukarane å slutta seg til kva ordet tyder. Eg legg til grunn for desse vurderingane at ordet er brukt i ein relevant kontekst.

Eg går ut frå at språkbrukarane, særleg i teksttypane i Tímarit.is, vil avvisa ord som bryt med etablerte normer for skrivemåte, uttale og morfologiske reglar og prinsipp i språket, jamfør dei obligatoriske krava til nyord eg nemnde i avsnitt 4.3. Slike trekk vert difor berre trekt inn i analysen av nyord som ikkje er i tråd med islandske konvensjonar på dette området. På same måte vil eg berre kommentera klang og stilistiske eller humoristiske konnotasjonar og liknande der det verkar relevant.

## 5.5 Samandrag

I dette kapitlet har eg gjort greie for kjeldene og framgangsmåten eg har nytta i arbeidet med innsamling og analyse av eit utval ålmenne islandske nyord. Nyorda eg granskar i arbeidet, er henta frå ulike tekstar om nyord og supplerte med synonym eller andre relaterte ord. Dei innsamla nyorda er kategoriserte etter integreringsstatus, det vil seia ut frå kor langt dei er komne i integreringsprosessen. For å vurdere om orda er augneblinks-danningar, nydanningar eller integrerte ord, har eg funne bruksfrekvensen deira i tekstsamlinga Tímarit.is, undersøkt om dei har tevlende synonym i språket, og sjekka om dei er oppførte i ÍO. Kriteria for denne kategoriseringa er gjorde greie for i avsnitt 5.4.1 og oppsummerte i tabell 5.4. Ut frå frekvens og tevling med andre ord, har det vore naudsynt å dela kategorien for integrerte ord i sterkt og svakt integrerte ord.

Utkoma av denne kategoriseringa kan samanfattast slik: Av 259 nyord er 44 (17 %) augneblinksdanningar, 55 (21,2 %) nydanningar, 65 (25 %) svakt integrerte og 95 (36,7 %) sterkt integrerte ord. I analysen som fylgjer i neste kapittel, freistar eg å gjera greie for kvifor orda i ein gjeven kategori er hamna nett på dette steget i integreringa, i fyrste rekkje ut frå eigenskapane til ordet. Eg legg difor hovudvekta på grammatiske trekk som ordtype (samansetjing, avleiing el. andre) og morfologiske og semantiske eigenskapar. Ut frå analysen av einskildord og grupper av ord vonar eg å finna ut om det finst fellestrekk mellom dei orda som er på same steg i integreringa, og korleis desse trekka kan ha påverka integreringa av orda.

## 6 Analyse

### 6.1 Innleiing

I analysen undersøker eg problemstillingane, konkretisert gjennom arbeidsspørsmåla eg presenterte i avsnitt 5.4.2. Det fyrste spørsmålet spør etter integreringssteget ordet står på, og eg svarar på dette ved å kategorisera dei innsamla nyorda etter kriteria i 5.4.1. Resultatet av denne kategoriseringa er gjort greie for i 6.2. Her er også orddanningsprosessane som har danna nyorda, tekne med, noko arbeidsspørsmål 2 spør etter.

Dei neste arbeidsspørsmåla fokuserer på kva for grammatiske eigenskapar det einskilde nyordet har (arbeidsspørsmål 3) og kva for grammatiske eigenskapar nyord på same integreringssteg deler (arbeidsspørsmål 4). For å svara på dette gjer eg ein enkel analyse av dei innsamla nyorda og ser deretter om nokre av eigenskapane går att hjå fleire ord på same integreringssteg. I denne delen av analysen legg eg mest vekt på semantiske og morfologiske trekk, sidan eg går ut frå at dei fleste orda eg har samla, er regelrett (og normrett) oppbygde når det gjeld fonologi og ortografi. Det ville elles vore lite sannsynleg at dei var nytta i dei trykte media eg finn hjå Tímarit.is. Fonologi og ortografi er difor mest relevant å trekkja inn i analysen av dei orda eg *ikkje* finn i Tímarit.is, altså ein del av augneblinksdanningane. Det siste arbeidsspørsmålet spør om korleis utanomspråklege faktorar har påverka integreringa av nyorda. Eg kommenterer slike faktorar undervegs i analysen i dei tilfella der dei ser ut til å ha spelt ei rolle for integreringa av einskildord eller ordgrupper.

Kapittelet er delt i fire hovuddelar. Eg byrjar med å kommentera resultatet av ordinnsamlinga og frekvenssøka i 6.2, dinest vert størstedelen av kapittelet, 6.3 og 6.4, brukt til analyse og drøfting av dei innsamla nyorda. I 6.3 tek eg føre meg integreringa av den store mengda innsamla nyord som synte seg å tevla med synonyme ord. I 6.4 ser eg deretter på integreringa av nyord som ikkje gjev inntrykk av å vera særskilt påverka av konkurranse frå andre ord eller utanomspråklege faktorar. Til slutt fylgjer ei samanfattande drøfting av funna i analysen i avsnitt 6.5.

### 6.2 Resultat

Tabellen nedanføre syner korleis dei 259 innsamla nyorda fordeler seg på ulike integreringssteg og orddanningsprosessar, tufta på frekvenssøka i Tímarit.is og ordboksoppføringane til orda.

	Stamme- sms	Genitiv- sms	Fuge- sms	Bunde ledd	Prefiks- avl.	Suffiks- avl.	Andre	Til saman:
Augneblinksdanningar	21	11	0	6	2	4	0	44
Nydanningar	24	13	1	2	2	10	3	55
Svakt integrerte	20	20	1	3	3	11	7	65
Sterkt integrerte	37	14	1	9	8	17	9	95
Til saman	102	58	3	20	15	42	19	259

Tabell 6.1: Kategori- og ordtypefordeling.

Dei tre fyrste kolonnane syner tala for ulike samansetjingstypar, og kolonnen «ordlike ledd» viser til ord danna med bundne samansetjingsledd eller affiksoid. Døme er ord som *hátt-leysa* 'taktløyse', der sisteleddet *-leysa* ikkje finst som sjølvstendig ord, men heller ikkje er eit suffiks. Dei neste to kolonnane samlar avleiingar, fordelte etter om dei er danna med prefiks eller suffiks. Kategorien «andre» i tabellen viser til ord danna gjennom mindre brukte prosessar som konversjon, korting eller ved å ta i bruk reglar for omlyd, avlyd og kløyving. Også ord som har fått utvida tyding, er tekne med i «andre»-kategorien, jamvel om dei morfologisk sett er samansetjingar eller avleiingar. Ord danna ved konversjon verb > substantiv, eller motsett, er sær underrepresenterte i ordsamlinga, sidan homonymi på tvers av ordklassar gjer det vanskeleg å vurdera bruksfrekvensen deira i Tímarit.is (jamfør kap. 5). Ein del nyord som er komne til ved å utvida tydinga til ord som framleis er i bruk, har møtt same lagnad.

Som vi ser av tala, er den klårt største delen av nyorda i analysen samansetjingar. Desse tala gjev fylgjande prosentfordeling på dei to ordtypene samansetjing (stamme-, genitiv- og fugesamansetjing) og avleiing (med suffiks og prefiks):

Integreringsgrad	Samansetjingar (%)	Samansetjingar + Ordlike ledd (%)	Avleiingar (%)
Augneblinksdanningar	72,7	86,3	13,6
Nydanningar	69	72,7	21,8
Svakt integrerte ord	63	67,7	21,5
Sterkt integrerte ord	54,7	67,3	26,3

Tabell 6.2: Prosentfordeling av samansette og avleide ord i dei ulike integreringskategoriane.

Samansetjingsprosenten i kategorien aukar di mindre integrerte orda er. Dette er ikkje overraskande, i og med at samansetjing er den mest produktive orddanningsprosessen i islandsk, jamfør avsnitt 3.2. Sidan prosessen er såpass produktiv, vert det heile tida danna

haugevis av spontane samansetjingar, som ofte har sær s avgrrensa bruksområde og nytte. Desse orda, særleg viss dei er nokså nye i språket, endar typisk opp i dei to minst integrerte ordkategoriane. No har eg rett nok medvite prøvd å unngå å ta med slike ord i materialet, sidan det oftast er opplagt kvifor dei er lite brukte. To ord som likevel er komne med, er nydanningane *mjólk-ur-hyrna* 'mjólk'-gen.sg-'horn' (= trekanta mjólkekartong) og *hyrn-umjólk* 'horn'-gen.sg-'mjólk' (= mjólk i trekanta mjólkekartong), som berre trengst dersom ein har trekanta mjólkekartongar.

Sidan dei fleste orda i ordsamlinga er samansette eller avleidde, har språkbrukarane i liten grad kunna påverka bøyingsmønster eller grammatisk kjønn for nyorda. Unntaka ei gruppe ord innanføre «andre»-kategorien som er komne til gjennom lærde prosessar eller konversjon. Desse orda går inn i dei same bøyingsklassane som er opne for importord, det vil seia svak hankjønns- og hokjønnsbøying og sterk inkjekjønnsbøying utan ending i fleirtal.<sup>33</sup> Døme er hankjønnsorda *vafri* og *gemi* (gen.sg.: -a, nom.pl.: -ar), hokjønnsorda *kilja* og *þota* (gen.sg.: -u; nom.pl.: -ur), og inkjekjønnsordet *svif* (gen.sg. -s; nom.pl. -). Inkjekjønnsorda *ál* og *smygl* har inga fleirtalsbøying, medan *hneigð*, truleg også *júgurð*, går inn i sterk hokjønnsbøying (gen.sg. -ar, nom.pl.: -ir).

### 6.3 Tevlande synonym

I denne delen av analysen granskar eg ord frå ordsamlinga som ser ut til å tevla med islandske synonym eller importord om plassen i språket. Konkurransen gjev nyorda lægre frekvens enn ein skulle venta, sidan andre alternativ er brukte parallelt. Vedlegg 3 er eit oversyn over tilsynelatande tevlande synonym. Oversynet inneheld berre ord frå ordsamlinga, og importord er sannsynlegvis underrepresenterte sidan eg ikkje samla målretta på slike ord.<sup>34</sup> Det kan også finnast heimlege synonym som ikkje er komne med i oversynet, særleg gjeld dette ord som er eldre eller yngre enn tidsavgrønsinga 1880–2010. Analysen i 6.3 er delt i tre delar ut frå kva som kjenneteiknar konkurransetilhøvet mellom orda: 6.3.1 handlar om tevling mellom heimleg danna ord, 6.3.2 om ordpar der avstand i tidsaspektet ser ut til å ha vore den viktigaste faktoren for at eit av orda vann fram, og i 6.3.3 drøftar eg heimlege ord som har tapt for eit sterkare importord. Eg oppsummerer funna i avsnitt 6.3.4.

---

33 Jf. Jón Hilmar Jónsson (1980, 64–65)

34 Tilhøvet mellom importord og heimleg danna ord er grundig granska i samband med MIN-undersøkingane, sjå til dømes Guðrún Kvaran (2007).

### 6.3.1. Tevling mellom heimleg danna ord


I denne delen jamfører eg orda i ordpar med heimlege ord. Siktemålet er å finna ut om interne trekk kan forklara kvifor eit av orda har kome lenger i integreringa enn det andre. Tabellen nedanfor syner konkurranse mellom ord i dei to gruppene for integrerte ord.

Sterkt integrerte	Svakt integrerte	Norsk tyding
<i>gervi-hnött-ur</i> , 'falsk'-'klode'	<i>gervi-tungl</i> , 'falsk'-'måne'	satelitt
<i>sýkl-a-lyf</i> 'smittestoff'-gen.pl.-'lækjemiddel, medikament'	<i>fúkk-a-lyf</i> , 'mugg'-gen.sg.-'lækjemiddel, medikament'	antibiotika
<i>þjóf-a-vörn</i> 'tjuv'-gen.pl.-'vern'	<i>þjóf-a-varn-ar-kerfi</i> 'tjuv'-gen.pl.-'vern' gen.sg. -'system'	tjuverialarm
<i>vekkjar-a-klukka</i> 'vekkjar'-gen.-'klokke'	<i>vekkjar-i</i> , avl.: <i>vekkja</i> 'vekkja' + <i>ari</i> '= subst. m.'	vekkjarklokke
<i>lykl-a-borð</i> 'lykel'-gen.pl.-'bord, fjøl'	<i>hnapp-a-borð</i> , 'knapp'-gen.pl.-'bord, fjøl'	tastatur
<i>al-næmi</i> 'heil(t)('-fólsemd'	<i>eyð-ni</i> , 'øydeleggja, skada'-'=substantiv'	aids
<i>opnun-ar-tím-i</i> 'opning'-gen.sg.-'tid'	<i>afgreiðsl-u-tím-i</i> 'ekspedering'-gen.sg.-'tid'	opningstid

Tabell 6.3: Tevling mellom sterkt integrerte og svakt integrerte ord.

Det er vanskeleg å finna ei god forklaring på kvifor ordet *gervi-hnöttur* 'falsk'-'klode', som tyder 'satelitt', har greidd seg betre enn *gervi-tungl* 'falsk'-'måne'. Orda har same føreledd, etterledd som er verdsromrelaterte, og ut frå treff i Tímarit.is kjem dei inn i språket med berre to års mellomrom. Jamvel om *gervihnöttur* (1950) er det eldste ordet, er det *gervitungl* (1952) som er mest nytta dei fyrste ára. Dinest tek *gervihnöttur* over og fær ein kraftig frekvensauke på 1970-talet. Båe orda er oppførte i ÍÓ, *gervitungl* med lengre utgreiing, *gervihnöttur* med tilvising til artikkelen om *gervitungl*. Ein grunn til at *gervitungl* ville vore det mest naturlege valet, er at satelittar har meir til sams med månen enn med klodar (dei går i bane kring jorda). At *gervihnöttur* likevel er det mest brukte av alternativa, kan ha noko med rytme eller fonologiske eigenskapar å gjera. Det er til dømes relativt få ord i islandsk som sluttar på den litt tunge konsonantklyngja *ngl*.





Graf 6.1: Integreringsbanen til *gervihnöttur* og *gervitungl*, 'satelitt'.

At *al-næmi* har hatt større suksess enn *eyð-ni* (båe tyder 'aids'), kjem truleg av at ordet har semantiske og morfologiske parallellar i andre medisinske nemningar som *ofnæmi* 'allergi' og *ónæmi* 'immunitet'. Likskapen med desse orda gjer det lett å slutta seg til at *alnæmi* også er ei medisinsk nemning, kanskje også at ho er knytt til immunforsvaret slik dei hine to nemningane er. Likskapen med eit anna ord kan også vera grunnen til at *lykla-borð* 'lykel'-gen.pl.-'fjøl' kom lenger i integreringa enn *hnapp-a-borð* 'knapp'-gen.pl.-'fjøl'. Omsetjingslån *lyklaborð* har same semantiske og morfologiske oppbyggnad som importordet *key board*, som språkbrúkarane sannsynlegvis kjende frå før. I ÍO er føreledda *lykla-* og *hnappa-* om lag like frekvente i samansetjingar, og valet av islandsk føreledd kan difor vera motivert av føreleddet til importordet.

Semantiske eigenskapar ser ut til å vera grunnen til at *vekjaraklukka*, *sýklalyf* og *opnunartími* har vunne over svakare alternativ. Samansetjinga *vekjar-a-klukka* 'vekkjar'-gen.-'klokke' vert kanskje oppfatta som mest presis, sidan etterleddet syner at det er snakk om ei klokke. Suffikset *-ari* i *vekj-ari* 'vekkj'-'ar' 'vekkjar' dannar ofte personnemningar, og ut frå ordet *vekjari* åleine er det vanskeleg å vita om ordet skal tolkast som ein ting eller ein person. I båe antibiotikaorda syner etterleddet *-lyf* 'lækjemiddel' at det er snakk om medisin, men medan føreleddet *sýkill* (*sýkla* i genitiv fleirtal) tyder 'smittestoff', tyder *fúkki* 'mugg'. Sidan mugg oftast er ein negativ ting, og jamvel er helseskadeleg i mange samanhengar, har *fúkkalyf* kanskje uheldige konnotasjonar. Vanlege språkbrúkarar veit truleg heller ikkje at muggsoppen *penicillin chrysogenum* er viktig i framstillinga av medisinen, og at fyrsteleddet *fúkka-* slik sett er eit slags omsetjingslån. Den meir nøytrale samansetjinga *sýklalyf* krev ikkje like mykje

forkunnskapar, ei beint fram tolking av ordet er at det er snakk om ein type lækjemiddel mot smittestoff. *Opnun-ar-tími* svarar meir presist på det publikum vil vita: Når er noko ope? Føreleddet *opnun* 'opning' viser klårt at det er snakk om opningstider, medan tydinga til *afgreiðsla* 'ekspedering' i *afgreiðsl-u-tími* 'ekspedering'-gen.sg-'tid' er meir innsnevra og handlar om ein aktivitet som finn stad innanføre den nemnde opningstida.

Tabell 6.4 gjev eit oversyn over sterkt integrerte ord og svakare synonym som har enda opp anten som nydanningar eller augneblinksdanningar. For å forenkla tabellen er nydanningane og augneblinksdanningane samla i same kolonne. Augneblinksdanningane er merkte med «(A)».

Sterkt integrerte ord	Nydanningar / Augneblinksdanningar (A)	Norsk tyding
<i>umhverfi</i> um 'rundt, omkring' + hverfi '(bustad)område' > <i>umhverfi</i> 'det som ligg rundt bustadområdet'	<i>líf-heimur</i> 'liv'-'verd'	miljø
<i>smygl</i> frá <i>smygla</i> (v) > <i>smygl</i> (subst. n)	<i>toll-svik</i> 'toll'-'svik, bedrag'	smugling
<i>far-sími</i> 'transport, ferd'-'telefon'	<i>gemsí</i> blanding av import / kreativ ordd. kanskje GSM + bøyingssuffiks <i>i</i> 'subst. m'	mobiltelefon
<i>já-kvæður</i> 'ja'-'mælt' (ca. tilsvarende tyding)	<i>fram-lyndur</i> (A) 'fram'-'lynt, -sinna'	positiv (om person)
<i>nei-kvæður</i> 'nei'-'mælt' (ca. tilsvarende tyding)	<i>and-lyndur</i> (A) 'mot'-'lynt, -sinna'	negativ (om person)
<i>rúta</i> kortform av <i>rútubíll</i>	<i>almanna-vagn</i> (A) 'folke-, offentlig'-'vogn, buss'	buss

Tabell 6.4: Tevling mellom sterkt integrerte ord og nydanningar/augneblinksdanningar.

Også i denne tabellen gjeld konkurransetilhøvet berre i den tydinga som er oppgjeven i siste kolonne. Orda *far-sími* og *gems-i*, som er brukte om 'mobiltelefon', kan neppe reknast for å vera heilt synonyme i den typen tekstar som Tímarit.is samlar. At *gemsí* får få treff i desse tekstane, kjem nok hovudsakleg av at ordet er eit tidlegare slangord som framleis er nokså uhøgtideleg og difor mest brukt i talespråket. Det vil difor ikkje vera rett å undersøka det interne tilhøvet mellom desse to orda utelukkande ut frå søk i denne tekstsamlinga.

Semantisk innhald kan ha verka inn på integreringa av *lífheimur* og *jákvæður/ neikvæður*. *Líf-heimur* 'liv'-'verd' har ei for avgrensa tyding og dekkjer berre den biologiske delen av omgrepet «miljø», medan det semantisk opnare ordet *um-hverfi* 'rundt, omkring- (bustad)område' rommar både biologisk miljø og miljø i tydinga 'omgjenvad, grannelag'.

*Já-kvæður* 'positiv' har slått ut *fram-lyndur/ fram-lyndaður*, og særskilt føreleddet *fram-* er ei utfordring for dei sistnemnde alternativa. Leddet *fram-* kan føra tolkinga i retning av at

personen ein skildrar, er framoverretta eller ein pådrivar for noko. På hi sida er det nokså enkelt å skjøna at ein som er *já-kvæður*, forsøksvis omsett med 'ja'-'mælt', er ein som ofte seier ja til ting, eller er positiv til det andre har sagt. At *nei-kvæður* 'nei'-'mælt' er meir brukt enn *and-lyndur* 'mot'-'lynt', skuldast nok utelukkande at ein ynskjer mest mogleg like former for motsetningsparet positiv/negativ. *Já-* og *nei-kvæður* (Tímarit: 1902) er dessutan eldre enn dei hine alternativa (eit treff på *framlyndur* i 1919).

Eit par ord ser ut til å ha vunne fram fordi dei er kortare enn andre alternativ, til dømes orda *smygl* 'smugling' og *rúta* 'buss'. Nyordet *smygl* 'smugling' (1918) greidde jamvel å ta plassen frá det eldre synonymet *toll-svik* 'toll-svik, bedrag' (1843), som berre er ørlite brukt i dag. Både *smygl* og *tollsvik* har ei føreseieleg kopling mellom form og tyding (vi kan venta at språkbrúkarane kjenner til verbet *smygla* som *smygl* er avleidd av), og kortare lengd kan forklara at *smygl* gjer det betre enn det lengre alternativet *tollsvik*.

Når det gjeld buss-orda, representerer *rúta* og *alman-a-vagn* 'folke-, offentleg'-'vogn, buss' ytterpunkta av ei rekkje meir eller mindre synonyme nemningar. Bussnemningane skil seg i ei gruppe kortdistanse- eller bybussar, og ei gruppe langdistansebussar, jamfør tabellane nedanføre:

	1880 -89	1890 -99	1900 -09	1910 -19	1920 -29	1930 -39	1940 -49	1950 -59	1960 -69	1970 -79	1980 -89	1990 -99	2000 -09
áátlunarbifreið	0	0	0	0	8	60	233	347	394	283	213	86	41
áátlunarbíll	0	0	0	0	6	124	464	961	966	358	537	281	167
langferðabíll	0	0	0	0	3	43	187	564	973	414	647	505	252
rúta	13	16	16	54	64	248	416	952	976	2216	6739	9684	9269
rútubíll	0	0	0	0	0	5	61	104	246	216	479	429	298

Tabell 6.5: Langdistansebussar, bruksfrekvens i Tímarit.is.

	1880 -89	1890 -99	1900 -09	1910 -19	1920 -29	1930 -39	1940 -49	1950 -59	1960 -69	1970 -79	1980 -89	1990 -99	2000 -09
almenningsvagn	0	4	4	26	14	60	152	256	291	482	437	941	430
almannavagn	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
strætisvagn	75	79	291	378	261	1423	3223	5251	6579	6526	7864	5191	3986
strætó	0	0	0	0	0	36	109	171	409	1121	2515	3037	7027
vagn	446	1341	2148	3234	2410	2947	5579	8532	10416	8813	8981	8861	8141

Tabell 6.6: Kortdistansebussar, bruksfrekvens i Tímarit.is

Tala her gjev ikkje ei fullgod jamføring av orda, mellom anna fordi dei ikkje er heilt

synonyme. Det er likevel tydeleg ut frå tala ovanføre at det er kortformene *rúta*, *strætó* og *vagn* som vert mest nytta av alle alternativa. Dei er også del av nye samansetjingar som *strætóskýli* 'busskur' (også *strætisvagnaskýli*) og *rútuferð* 'busstur', noko som syner at kortformene er godt etablerte som eigne ord. Augneblinksdanninga *almannavagn* får berre eit einaste treff i Tímarit.is.

Tabell 6.7 syner tevlende ordpar med eit svakt integrert ord og ei nydanning:

Svakt integrerte	Nydanning	Norsk tyding
<i>hverfi-s-verslun</i> 'bydel, strøk'-gen.sg- 'butikk'	<i>hverfi-s-búð</i> 'bydel, strøk'-gen.sg- 'butikk'	daglegvarebutikk (nærbutikk)
<i>æs-i-spennandi</i> 'svært, særst'-i- 'spanande'	<i>taug-a-strekkjandi</i> 'nerve'-gen.pl.- 'strekkjande'	nervepirrande

Tabell 6.7: Tevling mellom svakt integerte ord og nydanningar/augneblinksdanningar

At korkje *hverfi-s-verslun* eller *hverfi-s-búð* 'daglegvarebutikk, nærbutikk' har teke seg til stadiet sterkt integert ord, kjem sannsynlegvis av at kortformene, særleg *búð*, er brukte mykje meir. Bruken av *búð* i tydinga 'butikk' var etablert før vi fekk dei lengre formene, og den høvesvis låge bruken av langformene viser kanskje at det sjeldan er trong til å spesifisera butikktype nærare.

Avleiinga *taug-a-strekkjandi* 'nerve'-gen.pl.-'strekkjande' er eit slags omsetjingslån av *nervepirrende* frå dansk eller norsk – eller det engelske *nerve racking*. Føreleddet *tauga-* ('nerve', gen.pl) er sett til avleiinga *strekkjandi* 'det som strekkjer', avleidd frå verbet *strekkja* 'strekkja'. Avleiinga er morfologisk meir kompleks enn den konvensjonelle samansetjinga *æsi-spennandi* 'svært'-'spanande', der baa ledda i tillegg er kjende frå andre ord i språket. Dette kan ha gjort tydinga til samansetjinga lettare tilgjengeleg for språkbrukarane, slik at *æsispenning* vert oftare valt enn alternativa. Orda er heller ikkje heilt synonyme, og *æsispenning* kan nyttast vidare enn *taugastrekkjandi*, som kanskje er avgrensa til skummel spenning.

Mange unge ord er knytte til datateknologi, mellom anna dei mange nyorda for 'nettlesar', som augneblinksdanningane *netskoðari*, *veflesari*, *rápforrit* og *rápari*, nydanningane *vefskoðari* og *vefsjá*, og det førebels sterkaste ordet *vafri*. Ordet *vefskoðari* 'nettlesar' er ei slags samanning med oppbyggnaden *vef* 'vev' + *skoða* 'sjá på' + *ari* 'subst.m.' = 'vevsjáþáar', og *netskoðari* og *veflesari* har ein liknande oppbyggnad. Føreledda *vef* 'vev' og *net* 'nett' kombinert med vanlege verb som *skoða* 'sjá på' og *lesa* 'lesa' gjer tydinga til desse orda

nokså direkte tilgjengeleg ut frå forma til ordet. *Netskoðari* skal ifylgje Guðrún Kvaran (2007, 37) ha vorte tilrådd av IT-terminologiutvalet i 2005, men ordet er likevel ikkje kome i bruk. *Ráp-ari* 'flakka rundt-ar' og *ráp-forrit* 'flakka rundt-program' går attende på verbet *rápa* 'flakka rundt', og er truleg inspirerte av engelsk *browser* med liknande tyding. *Vef-sjá* 'vev-sjá' er danna etter same mønster som *smásjá* 'mikroskop'. *Vafri* er danna frá verbet *vafra* 'virra rundt, driva omkring', og kan til liks med *rápari* og *ráp-forrit* vera inspirert av den engelske forma *browser*. Den største føremonen for *vafri* er truleg at det er kortare enn dei fleste andre alternativa.

Det unge ordet *rusl-póstur* 'søppel'-'post' har greidd seg betre enn augneblinksdanninga *ama-póstur* 'plage, irritasjon'-'post'. Ein klár føremon for *ruslpóstur* er at ordet kom inn i språket over 15 ár før *amapóstur*, ifylgje treff i Tímarit.is. Vidare er *ruslpóstur* ifylgje Guðrún Kvaran (2007, 42) eit omsetjingslån av det engelske førebiletet *junkmail*, og ordet er difor lett å forstå for språkbrúkarar som kjenner det engelske førebiletet. Føreleddet *rusl-* 'søppel' er brukt i mange andre samansetjingar i same tyding, som *rusl-a-bíll* 'bosbil', *rusl-a-kista* 'rotekasse' og jamvel som etterleidd i *bréf-a-rusl* 'papirrusk, papirbos', og difor godt kjent for språkbrúkarane. Føreleddet *ama-* er ikkje like frekvent og ser ikkje ut til å ha ei like fast tyding som *rusl-*. Slik vert tydinga til *ruslpóstur* meir direkte tilgjengeleg for språkbrúkarane enn tydinga til *amapóstur*.

### 6.3.2. Vinnarordet er eit eldre ord

Tabellen syner tevlende ordpar der det eldre ordet har greidd seg best i integreringsprosessen.

Eldre ord	Yngre ord	Norsk tyding
<i>and-stæða</i> , 'mot'-'stående'	<i>and-hverfa</i> , 'mot'-'venda'	motsetnad, kontrast
<i>tón-leikar</i> , 'tone'-'leik'	<i>hljóm-leikar</i> , 'klang, tone'-'leik'	konsert
<i>slag-orð</i> , 'slag'-'ord'	<i>víg-orð</i> , 'kamp(?)'-'ord'	slagord
<i>samræm-ing</i> , avl.: <i>samræma</i> 'samordna, koordinera' + <i>ing</i> '= subst. f.'	<i>stöðl-un</i> , avl.: <i>staðla</i> 'standardisera' + <i>un</i> '= subst. f.'	standardisering
<i>kjarnork-u-vopn</i> , 'kjernekraft'-'gen.sg.'-'våpen'	<i>kjarn-a-vopn</i> , 'kjerne'-'gen.'-'våpen'	kjernevåpen
<i>alþjóðavæða-ing</i> avl. 1) <i>alþjóða</i> 'internasjonal-, verds-' + <i>væða</i> 'isera' 2) <i>alþjóðavæða</i> 'internasjonalisera' + <i>ing</i> '= subst. f'	<i>hnattvæð-ing</i> avl. 1) <i>hnatt</i> 'jordklode' + <i>væða</i> 'isera' 2) <i>hnattvæða</i> 'jordklodi(fi)sera' + <i>ing</i> '= subst. f'	globalisering
<i>dá-leiðsla</i> 'koma, medvitsløyse'-'transe'	<i>sefj-an</i> avl.; <i>sefja</i> 'suggerere' + <i>an</i> '= subst. f'	hypnose

Eldre ord	Yngre ord	Norsk tyding
<i>les-blinda</i> 'lese'-'blindheit'	<i>les-röskun</i> 'lese'-'forstyrning' <i>orð-blinda</i> 'ord'-'blindheit'	dysleksi
<i>flug-skeyti</i> 'det å fly'-'prosjektil'	<i>stýr-i-flaug</i> 'styre' (v.)-i-'romrakett' <i>stýri-s-flaug</i> (A) 'styre' (subst.)-gen.sg. -'romrakett'	missil
<i>dýpt-ar-mælir</i> 'djupn'-gen.sg.-'målar'	<i>fisk-sjá</i> 'fisk'-'sjá'	dybdemålar, ekkolodd
<i>einkenni-s-merki</i> 'kjenneteikn, særtrekk'- gen.sg.-'merke'	<i>nafn-merki</i> 'namn'-'merke'	logo
<i>heim-s-vald-a-stefna</i> 'verd'-gen.sg.-'makt, herredøme'-gen.pl.-'politikk'	<i>stór-riki-s-stefna</i> (A) 'stor'-'rike'- gen.sg.-'politikk'	imperialisme
<i>sóð-i</i> , avl.: <i>sóða út</i> 'skitna til' + <i>i</i> '= subst. m'	<i>jarð-</i> 'jord' + <i>vaða</i> 'vasse' = <i>jarðvaða</i> 'jordvasse' + <i>ull</i> '= subst. m' = «jordvassar»	rotekopp, gris
<i>á-horf</i> 'på'-'sjá', konvertert frá <i>horfa á</i> 'sjá på'	<i>horf-un</i> , avl.: <i>horfa</i> 'sjá' + <i>un</i> '=subst.f.'	sjåartal
<i>skyndi-biti</i> 'haste'-'bit'	<i>hrað-fæði</i> 'hurtig'-'mat, føde'	fastfood

Tabell 6.8: Tevlande ord der eldre ord har greidd seg best.

*Flugskeyti* (kanskje helst i korta form *skeyti*) var fyrst brukt i tydinga 'telegram' og ser ut til å få utvida tydinga til å romma 'missil' i 1940-åra. Føreledda i *stýri-/stýris-flaug* 'styre'(v./subst.)-'rakett' legg vekt på at denne typen rakettvåpen kan styrast, og strengt teke er dei difor meir presise nemningar på fenomenet enn *flugskeyti*, som berre er eit flygande prosjektil.

Orda *sóð-i* (1875) og *jarð-vöð-ull* (1895) tyder noko slikt som 'rotekopp' eller 'gris' (brukt om menneske). Treff på *sóði* stemmer ikkje heilt med røyndomen, då bøyingsformer av nærskylde ord som *sóða* også vert talde med.

	1880-1889	1890-1899	1900-1909	1910-1919	1920-1929	1930-1939	1940-1949	1950-1959	1960-1969	1970-1979	1980-1989	1990-1999	2000-2009
<i>sóði</i>	23	51	70	106	153	230	397	456	634	604	633	745	632
<i>jarðvöðull</i>	1	3	4	7	3	12	16	20	22	22	27	32	20

Tabell 6.9: Bruksfrekvensen til orda *sóði* og *jarðvöðull* 1880–2009.

Dette ordparet syner at også morfologiske og semantiske eigenskapar kan ha ført til at språkveljarane føretrekkjer eit ord føre eit anna. *Sóði*, som er avleidd av *sóða út* 'skitna til' + *i* '= subst. m', som gjev tydinga «skitn-ar». Semantikken til ordet *jarð-vöð-ull* er meir kreativ og snever, og ordet er samansett av *jarð-* 'jord' (ei særskilt føreleddsform i samansetjingar) + *vaða* 'vasse' = *jarðvaða* 'jordvasse' og dinest avleidd med *ull* '= subst. m' = «jordvassar». Det eldre ordet *sóði* vert kanskje føretrekt fordi tydinga er meir føreseieleg og ålmenn. I tillegg

har *sóði* den føremonen at det er kortast av dei to synonyma. Tydinga til samansetjinga *dá-leiðsla*, som rett oversett tyder 'koma, medvitsløyse'-'transe', kan verta oppfatta som meir direkte tilgjengeleg enn avleiinga *seff-an* avl.; *seffa* 'suggerere' + *an* '= subst. f' = 'suggerering'.

Både *á-horf* (1839) og *horf-un* (1865) er gamle ord i språket, som i den undersøkte perioden får utvida tyding til å dekkja 'sjåartal' (t.d. brukt om fjernsynskanalar eller -program). Ordet *á-horf* 'på'-'sjå' er sannsynlegvis konvertert frå verbuttrykket *horfa á* 'sjå på', medan hitt ordet er avleidd av verbet *horfa* 'sjå' med det produktive suffikset *-un* 'subst.f.'

	1880-1889	1890-1899	1900-1909	1910-1919	1920-1929	1930-1939	1940-1949	1950-1959	1960-1969	1970-1979	1980-1989	1990-1999	2000-2009
<i>horfun</i>	-	2	3	5	4	7	12	9	6	6	125	109	9
<i>áhorf</i>	13	51	126	255	414	853	1169	2369	3242	4523	6703	6955	9467

Tabell 6.10: Integreringsbanen til orda *horfun* og *áhorf*.

Grunnen til at *áhorf* sigra, er sannsynlegvis at det nærskylde ordet *áhorfandi* 'tilskodar' var særst utbreidd i språket, slik at det var lett for språkbrukarane å slutta seg til kva det nye ordet tyder. Koplinga til verbet *horfa á*, som er brukt om det å sjå på fjernsyn og film, er også tydelegare i dette ordet enn i alternativet *horfun*, som kan omsetjast med 'sjåing'.

Tabellen nedanføre viser integreringsprosessen til *samræm-ing*, som er avleidd av verbet *samræma* 'samordna, koordinera' + *ing* '= subst. f.' (1906), og *stöðl-un* avleidd av *staðla* + *un* 'subst. f.' (1955). Den høge bruken av *samræming* på 1940-talet peikar mot at ordet var trygt integrert på denne tida, altså før alternativet *stöðlun* vart introdusert i språket. Dette har sannsynlegvis bremsa integreringa av *stöðlun*.

	1880-1889	1890-1899	1900-1909	1910-1919	1920-1929	1930-1939	1940-1949	1950-1959	1960-1969	1970-1979	1980-1989	1990-1999	2000-2009
<i>samræming</i>	0	0	2	6	35	168	876	1095	1675	2336	3171	2560	1809
<i>stöðlun</i>	0	0	0	0	0	0	0	118	386	463	471	528	332

Tabell 6.11: Bruksfrekvensen til orda *samræming* og *stöðlun* 1880–2009.

Noko anna som kan ha medverka til at ordet *samræming* gjer det betre enn *stöðlun*, er at verbet *samræma* 'samordna, koordinera' er mykje meir frekvent enn *staðla* 'standardisera', jamfør tabell 6.12:

	1880-1889	1890-1899	1900-1909	1910-1919	1920-1929	1930-1939	1940-1949	1950-1959	1960-1969	1970-1979	1980-1989	1990-1999	2000-2009
<i>samræma</i>	85	594	1823	3331	5848	9375	15558	19235	23033	31290	39847	41610	40318
<i>staðla</i>	1	4	7	8	6	27	13	130	1063	2620	5722	8662	8123


Tabell 6.12: Bruksfrekvensen til verba *samræma* og *staðla* 1880–2009.

Ei vidare utfordring for integreringa av *stöðlun* er at det vert introdusert i språket samstundes som ordet det er avleidd av, *stað-all* 'standard'. Viss tydinga til *staðall* ikkje er kjend, er det ikkje mogeleg for språkbrukarane å forstå kva ordet tyder ut frå nærskyldige ord i språket.<sup>35</sup> Ordet *samræming* er på hi sida direkte forståeleg for alle som kjenner det litt eldre verbet *samræma*.

Tabelloversynet og grafen nedanføre syner at orda *fisk-sjá* 'fisk'-'sjá' = 'ekkolodd' og *dýpt-ar-mællir* 'djupn'-gen.sg.-'málar' = djupnemálar/ekkolodd, fylgjer nokolunde same utanomspråklege utvikling, med toppar og fall til same tidspunkt. Det kjem også klårt fram at *dýptarmællir* er mykje meir brukt enn *fisksjá*.

	1880-1889	1890-1899	1900-1909	1910-1919	1920-1929	1930-1939	1940-1949	1950-1959	1960-1969	1970-1979	1980-1989	1990-1999	2000-2009
<i>dýptarmællir</i>	-	-	-	-	10	96	335	1109	939	1248	2124	952	504
<i>fisksjá</i>	-	-	-	-	-	-	-	295	259	390	120	81	36

Tabell 6.13: Bruksfrekvensen til orda *dýptarmællir* og *fisksjá* 1880–2009.



Graf 6.2: Integreringsbanen til *dýptarmællir* og *fisksjá*.


<sup>35</sup> Ordet *staðall* vert grundigare diskutert i avsnitt 6.4.3.



Den 34 ár lange avstanden mellom dei fyrste treffa på orða i Tímarit har gjeve *dýptarmælir* god tid til å etablera seg før *fisksjá* kom. Orða legg vekt på ulike funksjonar ekkoloddet kan ha: *Fisksjá* ser fiskestimar, medan *dýptarmælir* mælar djupn. Det kan tenkjast at orða ikkje er nytta heilt synonymt, og at grunnen til at *fisksjá* ser ut til å falla ut av bruk, ikkje har med konkurranse frá det eldre ordet å gjera, men er knytt til teknologiske nyvinningar i fiskerinæringa. Ordet *fisk-sjá* er elles bygd som det eldre ordet *smá-sjá* 'lite-'sjá' = 'mikroskop', og kjennskap til det eldre ordet kan ha gjort det lett for språkbrúkarane å skjóna at ein *fisksjá* er ein reiskap ein brúker til å sjá fisk med.

Ordet *einkenni-s-merki* 'kjenneteikn, særtrekk'-gen.sg.-'merke' ser i byrjinga ut til å tyda 'emblem, symbol' medan *nafn-merki* 'namn'-'merke' fyrst vart brukt om merke på husdyr. I tillegg til lengre tid i spráket kan det ha hjelpt nemninga *einkennismerki* at den eldre tydinga 'emblem, symbol', har meir til felles med dagens logoar enn husdyrmerke. I Tímarit.is har importordet *lógó* fleire treff enn begge heimlege alternativ, men eg reknar med at kortforma *merki* eigentleg er det mest brukte ordet i skrift. Grunna mange irrelevante treff er det diverre for tidkrevjande å fá fram nøyaktige tal for bruken av *merki* i tydinga 'logo'.

Bruken av *kjarnork-u-vopn* 'kjernekraft'-gen.sg.-'vápen' og *kjarn-a-vopn* 'kjerne'-gen.-'vápen' er særst tett knytt til politiske hendingar i samtida, og er difor særst ujamn. Den kraftige bruksfrekvenauken *kjarnorkuvopn* fær då ordet vert introdusert, ser ut til å ha vore tilrekkeleg for å etablera ordet. Det ser til dømes ikkje ut til å páverka bruken av *kjarnorkuvopn* at det yngre alternativet *kjarnavopn* er eit par stavingar kortare.



Graf 6.3: Venstre: integreringa av orða *kjarnorkuvopn* og *kjarnavopn* på 1950- og 60-talet. Høgre: Integreringsbanen til islandske ord for 'kjernekraft, atomkraft' 1940-2009.


Avleiingane *alþjóðavæð-ing* (1988) og *hnattvæð-ing* (1990) tyder 'globalisering'. Dei er avleidde frá verba *alþjóðavæða* og *hnattvæða*, der *væða* sannsynlegvis er brukt i tydinga 'breia ut/'gjera X-leg' (X = fyrsteledd i samansetjinga), jamfør Margrét Jónsdóttir (2005). Det gjev verba den semantiske oppbyggnaden *alþjóða-væða* 'gjera noko internasjonalt' frá *alþjóða* 'internasjonal' og *hnatt-væða* 'breia ut over jordkloden/'gjera noko jordklodeleg' av *hnöttur* 'jordklode'. Føreleddet *alþjóða-* 'internasjonal-, verds-' er kjend frá andre ord i spráket, som *alþjóðalög* 'internasjonal lov' og *alþjóðadómstóll* 'internasjonal domstol'. Tabellen nedanføre syner bruksfrekvensen til orða frá 1988 til 2000:

	1988	1989	1990	1991	1992	1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000
alþjóðavæðing	1	1	5	7	9	24	29	35	65	79	101	192	265
hnattvæðing	-	-	1	-	-	-	-	2	5	7	35	85	135

Tabell 6.14: Bruksfrekvensen til *alþjóðavæðing* og *hnattvæðing* i perioden 1988-2000.

Bruken av *hnattvæðing* tek ikkje til å auka før i 1995, jamvel om fyrste treff på ordet var i 1990. I mellomtida har bruken av ordet *alþjóðavæðing* auka jamt og trutt, og ordet var truleg godt kjent då *hnattvæðing* for alvor byrja integreringsprosessen. Sidan fleire massemedium kunne spreia ordet på denne tida, har nok nemninga *alþjóðavæðing* i røynda hatt eit mykje større forsprang på *hnattvæðing* enn det som kjem fram i kjeldene hjá Tímarit.is. Den største føremonen til ordet *hnattvæðing* er at det er kortare enn alternativet, og det kan ha medverka til at bruksfrekvensen til *hnattvæðing* aukar fortare enn bruksfrekvensen til *alþjóðavæðing*. Andre sannsynlege grunnar til bruksauken er at det vert meir omtale av fenomenet 'globalisering' frá 1997 til 1998.

Andre ord som kan ha vunne fram fordi dei kom tidlegare inn i spráket enn konkurrentane, er *tón-leikar* 'konsert', *slag-orð* 'slagord', *les-blinda* 'dysleksi' og *skyndi-bití* 'hurtigmat'. Av desse har *slagorð* den føremonen at det også sannsynlegvis er eit omsetjingslån frá dansk *slagord*, noko som kan gjera det lett å forstå for islendingar som kjenner det danske førebiletet. Det kan også ha svekt det tevlende ordet *víg-orð* 'strid, kamp'-'ord' at føreleddet, som finst i mange krigsuttrykk, får ordet til å verka i overkant aggressivt. *Tónleikar* og *lesblinda* har lukkast betre enn dei yngre alternativa *hljómleikar* og *lesröskun*, men har likevel ikkje fortrengt importorda *konsert* og *dyslexia*. *Konsert* og *hljómleikar* er nytta om lag like mykje i perioden 1970-1990, og etter dette greier importordet seg best av dei to:



Graf 6.4. Integreringsbanan til *tónleikar*, *hljótleikar* og *konsert*.

Det heimlege ordet *lesblinda* 'dysleksi' er framleis er det mest brukte av fleire alternativ, men det ser ut til å mæta aukande tevling frá importordet *dyslexia*. *Dyslexia* har kring 100 treff kvart tiår i perioden 1990–2009. Den røynglege bruken er truleg høgge, for stavemåten av ordet varierer, og bøyingsformer vert ikkje talde med i Tímarit.is. Auka bruk av importordet *dyslexia* kan skuldast at ordet er meir semantisk nøytralt enn alternativet: *Les-blinda* 'lese'-'blindheit' legg noko einsidig vekt på lesedugleik og femnar ikkje alle formene for lese- og skrivevanskar. Etterleddet *-blinda* 'blindheit' kan også verka overdrive, sidan dei råka ikkje er heilt ute av stand til å lesa.

Ordet *skyndi-biti* 'haste'-'bit' har fyrste treff på 1940-talet, der det er nytta om ein smørbrøddisk. I Tímarit.is er den nyare tydinga 'hurtigmat, fast food' teken i bruk på slutten av 70-talet, og ordet har mange treff på denne tydinga utover 80-talet. Augneblinksdanninga *hrað-fæði* 'hurtig'-'mat, føde' er ikkje nytta i kjeldene til Tímarit.is før i 1987, og har då berre eitt treff mot 51 på *skyndibiti*. *Hraðfæði* vert ikkje nytta att før i 1993, medan bruken av *skyndibiti* i same tidsrom ligg stabilt kring 60-80 treff, og aukar til 100 i 1993. Mot slutten av 1980-ára var *skyndibiti* så godt integrert at dette har blokkert for det yngre alternativet *hrað-fæði*.

### 6.3.3 Tevling mellom importord og heimleg danna nyord

Orda eg handsamar i dette avsnittet er hovudsakleg nydanningar og augneblinksdanningar, sidan ord frá dei to integrerte kategoriane jamnast har utkonkurrert importorda. Spørsmålet er om det er timing eller eigenskapar ved orda som har ført til at det framande ordet sigra. I dette

avsnittet diskuterer eg nokre dømme. Ordpar der lang tidsavstand mellom orda er mest sannsynlege forklaringa på at eit av orda vann fram, vert i regelen ikkje i diskuterte grundig.

	1880-1889	1890-1899	1900-1909	1910-1919	1920-1929	1930-1939	1940-1949	1950-1959	1960-1969	1970-1979	1980-1989	1990-1999	2000-2009
<i>dulrita</i>	-	1	-	1	1	-	-	-	-	-	1	27	32
<i>dulkóða</i>	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	215	329

Tabell 6.15: Bruksfrekvensen til orda *dulrita* og *dulkóða* 1880–2009.

Det dels islandske, dels importerte ordet *dul-kóða* 'skjul'-'kode' = 'kryptera' er meir nytta enn den heilislandske nydanninga *dulrita* 'skjul'-'skrive'. Det kan tenkjast at *dulkóða* vert oppfatta som meir presist, sidan etterleddet *-kóða* viser konkret at det er snakk om kodeskrift, og føreleddet seier noko om at denne kodinga er løynd. I ordet *dulrita* er 'kode'-innhaldet noko ein i større grad lyt slutta seg fram til ut frå delane ordet er sett saman av. Importordet *kóða* gjev dessutan inntrykk av å vera akseptert innanføre datadomenet, og er oppført i ÍO utan nokon átvarande merknad.

Tabellen nedanføre syner at importordet *appelsína* var i bruk lenge før enn det heimlege ordet *glóaldin* 'gløde'-'frukt'. (At bruken av *glóaldin* aukar på 90-talet, skuldast truleg mange referansar til ein fjernsynsserie, «Guðsótti og glóaldin» eng.: «Oranges Are Not The Only Fruit».)

	1880-1889	1890-1899	1900-1909	1910-1919	1920-1929	1930-1939	1940-1949	1950-1959	1960-1969	1970-1979	1980-1989	1990-1999	2000-2009
<i>appelsína</i>	7	85	440	667	1961	2177	690	2043	2141	1294	2265	2523	2523
<i>glóaldin</i>	-	-	-	-	552	263	94	80	39	31	37	85	31

Tabell 6.16: Bruksfrekvensen til orda *appelsína* og *glóaldin* 1880–2009.

Semantikk kan ha bidrege til at *appelsína* sigra. Eit år etter at *glóaldin* fyrst kjem på trykk i kjeldene hjå Tímarit, kritiserer Þórbergur Þórðarson ordet for å vera for uttrykkssterkt for enkelt kvardagsspråk. Semantiske eigenskapar var også eit hinder for det samtidige nyordet *bjúg-aldin* 'bøye'-'frukt' = 'banan', som Kjartan G. Ottósson (1990, 120) kritiserer for å vera for gamaldags og ha feil konnotasjonar.

	1880-1889	1890-1899	1900-1909	1910-1919	1920-1929	1930-1939	1940-1949	1950-1959	1960-1969	1970-1979	1980-1989	1990-1999	2000-2009
<i>krapís</i>	-	-	-	-	-	-	1	1	-	1	19	46	36
<i>sorbet</i>	-	-	-	-	-	-	1	-	1	19	101	82	84

Tabell 6.17: Bruksfrekvensen til orda *krapís* og *sorbet* 1880–2009.

Også i paret *sorbet* og *krapís* kan det henda at importordet vert valt fordi det verkar meir nøytralt enn det heimleg danna ordet. *Krap-ís* 'snøsørpe'-'is' er anten eit nytt nyord eller utviding av tydinga til det eldre ordet *krapáís*, som i Tímarit.is berre er nytta om den typen is ein nyttar til å kjøla ned fisk med.<sup>36</sup> Tydinga til føreleddet og likskapen med fiskeis-ordet vekker ikkje assosiasjonar som høver for noko som skal etast, og *sorbé* har sannsynlegvis vorte oppfatta som meir nøytralt.

Ordet *mjólk-ur-hristingur* 'mjólk'-gen.sg.-'risting' = 'milkshake' har dei siste to tiåra ein nokså stabil, men låg bruk i Tímarit.is, og er kategorisert som nydanning. Ordet har cirka dobbelt så mange treff som importordet *milkshake*, medan *shake* er nytta mykje meir. Som vi kjenner til frå undersøkingane til Hanna Óladóttir (2007, 124) kan det tenkjast at språkbrúkarane avviser ordet *mjólkurhristingur* fordi det kan koma i vegen for kommunikasjonen. Eit endå svakare alternativ er augneblinksdanninga *ís-drykkur* 'is'-'drikke'. Ordet er rett nok kortare enn omsetjingslån *mjólkurhristingur*, men lengre enn *shake*. Kanskje er det heller ikkje semantisk presist nok sidan føreleddet *ís* 'is' ikkje presiserer kva for type is det er snakk om.

	1880-1889	1890-1899	1900-1909	1910-1919	1920-1929	1930-1939	1940-1949	1950-1959	1960-1969	1970-1979	1980-1989	1990-1999	2000-2009
<i>húftrygging</i>	-	-	-	-	1	-	1	1	29	54	78	75	63
<i>kaskótrygging</i>	-	-	-	-	-	-	-	32	134	196	272	339	327
<i>kaskó</i>	-	-	-	1	34	-	16	172	139	140	1023	284	797

Tabell 6.18: Bruksfrekvensen til orda *húftrygging*, *kaskótrygging* og *kaskó* 1880–2009.

Både semantikk, tid i språket og lengd kan ha verka inn på at importordet *kaskó* gjer det betre enn det heimleg danna ordet *húftrygging*. Ordet *húf-trygging* 'baug, skipsside'-'forsikring' er eit slags omsetjingslån av spanske ordet *casco* 'skipsskrog'. At føreleddet *húf-* leier tolkinga til havs, kan vera årsaka til at ordet ikkje har slått gjennom som bruk for forsikring på bilar. *Kaskó* ser dessutan ut til å ha vore i bruk sidan 1920-talet, 30 år før *húftrygging* byrjar å få

36 Føreleddet kan både vera genitiv eintal av *krapí* (hankjønnsord) og genitiv fleirtal av *krap* (inkjekjønnsord). Båe orda er oppførte med tydinga 'snøslaps, sørpe' i ordboka islex.is.

auka bruk. Lengd har opplagt verka inn på integreringa, sidan *kaskó* er mykje kortare enn *húftrygging*, og såleis lettare å bruka i nye komplekse ord. Samansetjinga *kaskótrygging* er meir brukt enn *húftrygging* (som faktisk er ei staving kortare). Ordet *kaskó* er oppført utan særskild merknad i ÍO, og er også brukt på nettsidene til fleire islandske forsikringsselskap.

	1900-1909	1910-1919	1920-1929	1930-1939	1940-1949	1950-1959	1960-1969	1970-1979	1980-1989	1990-1999	2000-2009	2010-2016
<i>hjástund</i>	3	6	10	5	2	24	12	22	15	6	3	-
<i>hobbí</i>	-	-	-	-	4	5	47	43	183	203	275	116
<i>hobby</i>	-	4	23	8	112	171	379	545	691	616	1503	655
<i>tómstundaiðja</i>	-	-	1	5	26	501	978	748	838	628	345	82
<i>tómstundagaman</i>	-	1	1	1	7	53	350	723	1033	632	416	79

Tabell 6.19: Bruksfrekvensen til avløysar- og importord for 'hobby'. (Ingen av orda har treff før 1900.)

Ordet *hjá-stund* '«attåt, tillegg»'-stund' tevlar med både heimleg danna ord og importord, i alle fall i tydinga 'hobby'. *Hjástund* ser ut til å ha funnest i språket i tydinga 'fritid', og denne tydinga finn vi også i ÍO. Ordet vert utvida til å tyda 'hobby' på 40-50-talet og har ingen treff i Tímarit etter 2004. Semantisk treffer ikkje *hjástund* godt, sidan etterleddet *-stund* legg opp til å tolka ordet som ei tidsnemning ('fritid'), medan ein hobby er ein aktivitet.

Nydanningane *tómstund-a-gaman* 'fritid'-gen.pl.-'moro' og *tómstund-a-iðja* 'fritid'-'gen.pl.-'syssel' kjem inn i språket om lag samstundes som ein byrjar å snakka om hobbyar. Lengda deira er sannsynlegvis eit negativt trekk jamført med eit så kort ord som *hobby/hobbí*. I samansetjingar som elles har *hobbí* som føreledd, vert berre *tómstunda* 'fritid' brukt i føreledd. Det vanskeleg å seia om slike føreledd skal tolkast som kortform av *tómstundagaman* og *-iðja* og såleis inneheld 'hobby'-komponenten, eller om dei berre har tydinga 'fritid'. Her er nokre døme:

Føreledd <i>hobbí</i> -	Føreledd <i>tómstunda</i> -
<i>hobbíbatúr</i> = hobbybåt, fritidsbåt	<i>tómstundabatúr</i> = fritidsbåt
<i>hobbíherbergi</i> = hobbyrom	<i>tómstundaherbergi</i> = hobbyrom
<i>hobbíbóndi</i> = hobbybonde	<i>tómstundabóndi</i> = fritidsbonde

Tabell 6.20: Samansetjingar med føreledda *hobbí*- og *tómstunda*-.

Desse orda ser ut til å verta nytta om lag synonymt, jamvel om *tómstunda*- på same måte som *hjástund* dreg tolkinga i retning tid og dimed kan fungera dårleg om ein vil vektleggja

aktiviteten meir enn tidspunktet ein utfører han på. Den framleis stabile bruken av *hobbi/hobby* peikar mot at importorda ikkje er utfordra som aktivitetsnemning. Det ikkje ut til å ha nokon særskilt verknad på bruken at ordet er oppført med merknaden «sletta» i ÍO.

*Ger-ill* er avleidd av *ger* subst.n. 'gjærsopp' + *il-l* '=subst.m' og tyder 'bakterie'. Det er kritisert for å ikkje femna heile tydinga til importordet *baktería*, sidan ikkje alle bakteriar forårsaker gjæring. Det kan også ha vore negativt for integreringa av ordet at grunnordet er eit substantiv, medan suffikset vanlegvis koplpar seg til verb. Dersom språkbrukarane ventar seg eit verb som grunnord, kan den uvanlege morfologiske og semantiske oppbyggnaden stå i vegen for forståinga av ordet. Treff i Tímarit.is syner dessutan at *baktería* kom inn i språket kring ti år tidlegare enn *gerill*. Bruken av *gerill* fell kraftig dei siste tiåra, medan bruken av det tevlende importordet *baktería* held seg stabil.

Importordet eller hybridavleiinga *klón-un* (avleidd av det innlånte verbet *klóna*) og det islandske nyordet *einrækt-un* kjem på banen samstundes. *Einræktun* er eit eldre ord i språket, som tidlegare hadde tydinga 'rase-al', og treffa før 80-åra gjeld den eldre tydinga.

	1950-1959	1960-1969	1970-1979	1980-1989	1990-1999	2000-2009	2010-2016
<i>einræktun</i>	1	2	1	5	162	192	6
<i>klónun</i>	-	-	-	2	126	346	21

Tabell 6.21: Bruksfrekvensen til orda *einræktun* og *klónun*.

*Ein-ræktun* tyder del for del noko slikt som 'eine/åleine'-'al'. Føreleddet er kjent frå mange andre ord i språket, og verbet *einrækta* 'eine/åleine'-'avla' har same oppbyggnad som *einblína* 'stira' og *einfalda* 'forenkla'. At *klóna* og *klónun* ser ut til å gjera det betre, kan ha med at dei er i tråd med islandske normer for skrivemåte og uttale. Til skilnad frå ei rekkje andre importord vert ein ikkje rådd frå å bruka orda når ein slår dei opp i ÍO, noko som syner at også dei normative instansane går god for desse orda.

Nokre avløyсарord for 'bil' er tekne med i tabell 6.22:

	1900-1909	1910-1919	1920-1929	1930-1939	1940-1949	1950-1959	1960-1969	1970-1979	1980-1989	1990-1999	2000-2009
<i>hraðreið</i>	-	3	3	2	1	2	1	1	1	-	1
<i>bill</i>	6	163	545	2110	4407	6906	12576	11195	21218	23840	26184
<i>bifreið</i>	67	1883	3538	4719	8391	12602	17063	16452	14663	10779	9739

Tabell 6.22: Bruksfrekvensen til orda *hraðreið*, *bill* og *bifreið*. (Ingen av orda har treff før 1900.)

Augneblinksdanninga *hrað-reið* 'hurtig'-'ritt', som tyder 'bil', greidde ikkje å etablera seg ved sida av avløyсарordet *bif-reið* 'røra, bevega'-'ritt' og importordet *bill*. Grunna mykje støy i søka på *bill* er berre nominativ eintal teke med i søka på orda *bill* og *bifreið*. *Bifreið* og *hraðreið* har nokolunde same oppbyggnad, og semantisk er ingen av dei særleg sjølvforklarande. *Bifreið* har ein føremon ved å likna ordet *bifvél*, som var litt nytta om 'motor' då *bifreið* vart introdusert i språket. Ordet har også fonologiske likskapar med *bill*.

Augneblinksdanninga *þang-vefja* 'tang'-'vikla, snurra' for 'sushi' får ingen treff i Tímarit.is. Ordet *þangvefja* er frå Nyordsdagboka, utan årstal, men har truleg vorte introdusert for seint for å kunna etablera seg ved sida av eller i staden for importordet *sushi*. Semantisk kan *þangvefja* synast for avgrensa til å femna matretten sushi: Det viktigaste i retten er ris med eddik, og all sushi er ikkje vikla i tang. Det fonologisk tilpassa ordet *sússi* (det einaste av alternativa som står oppført i ÍO, med merknad om at det er slang) ser ut frå søk i Tímarit.is ikkje ut til å vera i bruk.

Verbet *krydd-leggja* 'krydder'-'leggja' tyder 'marinera' og ser i utgangspunktet ut til å vera ein god kandidat for integrering: I ein matkontekst er ordet sjølvforklarande ut frå delane, det er ei staving kortare enn importordet *marinera* og nærskylt adjektivet *kryddleginn* 'marinert'. Adjektivet kjem i bruk på slutten av 70-talet og fekk stor framgang.

	1920-1929	1930-1939	1940-1949	1950-1959	1960-1969	1970-1979	1980-1989	1990-1999	2000-2009
<i>kryddleggja</i>	-	-	-	-	-	-	6	8	9
<i>marinera/marínera</i>	2	4	5	10	7	25	110	170	322

Tabell 6.23: Bruksfrekvensen til orda *kryddleggja* og *marinera*.

At *kryddleggja* ikkje har slått an, kjem nok både av at det er for seint ute (*marinera* kan ha vore brukt mykje i talespråket jamvel om høvesvis få treff kjem opp i skriftlege kjelder), og at ordet *marinera* er akseptert i språket. Sistnemnde er til dømes ført opp i ÍO utan dei átvarande merknadene som ofte fylgjer med importorda. Grunnen til at det møter så lite motstand, er nok at ordet ikkje bryt med islandske normer for ortografi og fonologi. Dette ser også ut til å gjelda for treningsnemninga *spinning*. At det er fullt mogeleg å både skriva og uttala *spinning* på islandsk, kan ha blokkert for det semantisk meir presise avløyсарordet *spunaprek* 'spinne'-'uthald, kraft'. Nemninga for treningsvektene *kettlebells*, som bryt tydelegare med islandsk uttale, ser ut til å ha møtt meir motstand, og ho er stort sett brukt i omsetjinga



*ketilbjöllur* i kjeldene hjá Tímarit.is.

Det mest brukte ordet for 'mp3-spelar' er det dels engelske, dels islandske ordet *mp3-spilari*. Kanskje har språkbrukarane føretrekt dette ordet fordi det viser presist at spelaren speler musikkfiler og ikkje til dømes spel. Samansetjingane *smá-spilari* 'smá'-'spelar' og *lóf-a-spilari* 'handflate'-gen.-'spelar' er konvensjonelt oppbygde og legg vekt på at spelaren er liten. Føreleddet *lófi* 'handflate' er elles brukt i ordet *lóf-a-tölva* 'handflate'-gen.-'datamaskin' = no: «bærbar datamaskin». I augneblinksdanninga *tón-belgur* 'tone-belg' får føreleddet fram at det er snakk om musikk. Etterleddet *belgur* har tydinga 'belg, skinnsekk', men også 'buk, mage', og ingen av tydingane gjev særleg hippe assosiasjonar. Minska bruk av alle desse orda dei siste ára skuldast at mobiltelefonar og strøymetenester har teke over marknaden for desse musikkspelarane.

Det mest brukte islandske ordet for 'minnepinne' er *minni-s-lykill* 'minne'-gen.sg.-'lykel', medan *minni-s-kubbur* 'minne'-gen.sg.-'chip, databrikke' var ein del brukt, men har få treff etter 2010. *Minnislykill* kan ha vunne fram i 'minnepinne'-tydinga fordi *minniskubbur* også viser til minnekortet/lagringskortet inne i PC-en. Augneblinksdanningar er *þumal-drif* 'tommel'-'stasjon' og *minni-s-hegri* 'minne'-gen.sg.-'hegre'. Desse har truleg hatt for lang avstand mellom form og tyding til å vinna fram. Til dømes er ordet *minnishegri* 'minnepinne' inspirert av den norrøne drikkelagsfuglen *óminnishegri*, som stal minna til fulle folk, ei tyding som ligg langt frå datakonteksten ordet skal brukast i.

#### 6.3.4 Oppsummering av funn

Det kan vera vanskeleg å avgjera kva for ein faktor som har vege tyngst på integreringa av orda i 6.3, og ofte kan fleire faktorar ha verka samstundes på integreringa av eitt og same ord. I ordparet *jákvæður/neikvæður* ser semantiske og morfologiske eigenskapar ut til å vera like viktige for integreringa, og *sóði* kan ha vunne fram grunna alder i språket, lengd og semantikk, eller ein kombinasjon av desse faktorane. Morfologiske og semantiske eigenskapar kan også ha verka saman på integreringa av omsetjingslána *lyklaborð* 'tastatur' (e: *key board*) og *slagorð* 'slagord', som morfologisk og semantisk minner om det framande førebiletet.

Samansetjingane *vekkjaraklukka* 'vekkjarklokke' og *æsispennandi* 'nervepirrande' kan ha vunne fram fordi dei er danna med meir produktive prosessar enn dei synonyme avleiingane, noko som gjev orda ei meir direkte tilgjengeleg tyding enn avleiingane. Same

faktor kan ha verka inn for *dáleiðsla* 'hypnose', som også er eldst av to synonym. Mange ord ser ut til å vinna fram fordi dei er kortare enn andre alternativ, og det gjeld orda *þjófavörn*, *smygl*, *rúta/strætó*, *búð/verslun*, *sóði* og importorda *shake*, *kaskó*, *hobby/hobbi*, *klónun*, *bill*, *sushi* og *spinning*.

Semantiske eigenskapar, til dømes meir presis eller lettare tilgjengeleg tyding, kan ha medverka til at orda *alnæmi* 'aids', *sýklalyf* 'antibiotika', *opnunartími* 'opningstid' og *umhverfi* 'miljø' har vunne fram. Semantikk kan også ha hatt ein del å seia for integreringa av orda *sóði*, *einkennismerki*, *alþjóðavæðing*, jamvel om alderen deira truleg har vore viktigare. At importorda *dulkóða*, *appelsína*, *banani*, *shake*, *sorbet*, *hobby/hobbi*, *sushi* og *dyslexia* vert valde i staden for heimlege alternativ, kan også skuldast semantikk og konnotasjonar.

I ordpara drøfta i 6.3.2 har det eldste ordet høgst og mest stabil bruksfrekvens, men avstanden mellom orda i ordpara varierer mykje. Fleire tiår skil ord som *flugskeyti*, *samræming* og *dýptarmælir* frá dei yngre synonyma, medan det berre er eit par år som skil *kjarnorkuvopn* frá *kjarnavopn*. Det også sannsynleg at tidsavstanden er hovudgrunnen til at dei fleste importorda drøfta i 6.3.3 gjer det betre enn dei islandske avløyсарorda. Importorda *marinera/marínера* og *trampolin/trampólin* har vore i språket i mange tiår før heimlege avløyсарord vert introduserte, og *appelsína*, *kaskó* og *bill* har også tidlegare treff i tekstsamlinga enn dei heimlege avløyсарorda.

Mange nyord drøfta ovanføre har greidd å få eit visst feste i språket jamvel om eit sterkare alternativ finst. Dette gjeld til dømes ord som *stöðlun* 'standardisering', *andhverfa* 'motsetnad, kontrast', *hnattvæðing* 'globalisering' og *kjarnavopn* 'kjernevåpen'. Jamvel om desse orda har sterkare synonym, syner bruksfrekvensen deira at dei har kunna stetta ein trong i språksamfunnet på eit gjeve tidspunkt. Augneblinksdanningane og nydanningane har ikkje greidd dette, og tidsavstand til eit eldre synonym ser ut til å vera hovudårsaka til integreringsstatusen deira. Svake semantiske eigenskapar, mindre frekvent orddanningsmønster og lengd er andre faktorar som kan ha verka inn. Ofte rákar fleire faktorar samstundes. I tillegg til å vera lengre enn det sterkare ordet *sóði* har nydanninga *jarðvöðull* også ei meir kompleks semantisk og morfologisk form.

#### 6.4 Analyse av mindre konkurranseutsette ord

I denne delen av analysen er sterkt og svakt integrerte nyord handterte under eitt, sidan baa gruppene inneheld ord som har greidd seg godt i integreringa. Ordtypane samansetjing og

avleiing er nokså store grupper av ord, og omfanget av oppgåva gjer det ikkje mogeleg å analysa alle orda i desse gruppene like grundig. Eg trekkjer difor ut representative døme til ein grundigare diskusjon.

#### 6.4.1 Samansetjingar

Mellom dei integrerte orda er stammesamansetjingane i eit klårt fleirtal (57 i talet), medan det er 34 genitivsamansetjingar og 2 fugesamansetjingar. Fleire integrerte stamme- og genitivsamansetjingar er ikkje tekne med i ÍO, det gjeld mellom anna *bók-a-kaffi* 'bok'-gen.pl.-'kaffi' = 'bokkafé', *bæj-ar-skrifstofa* 'by'-gen.sg-'kontor' = 'kommunalt kontor' og *áheyrn-ar-próf* 'páhøyr'-gen.sg.-'prøve' = 'audition'. Grunnen er at desse samansetjingsmetodane er så produktive at referanseverka ikkje listar alle nyorda dei dannar, og dessutan har slike samansetjingar jamnast ei føreseieleg form det er lett å forstå.

Samansetjingane, frå alle tre klassane, er for det meste endosentriske og determinative. Nokre døme:

- (6-1) a. *breið-skífa*: 'breið'-'skive, plate' = 'breiplate' > 'LP-plate' (stammesms.)
- b. *skyndi-bití*: 'haste'-'bit' = 'hastebit' > 'fast food' (stammesms.)
- c. *tísk-u-sýning*: 'mote'-gen.sg.-'framsýning' = 'framsýning for mote' > moteshow (genitivsms.)
- d. *spjald-tölva*: 'plate'-'datamaskin' = 'platedatamaskin' > nettbrett, tablet (stammesms.)
- e. *tvinn-bíll*: Ordet tyder 'hybrid(bil)', og føreleddet kan vera både *tvinn*, subst. n. 'par, to av noko' eller *tvinna*, v. 'tvinna, veva saman, byta (om på)'. Etterleddet er 'bíll'. (stammesms.)

Desse samansetjingane er føreseieleg oppbygde både morfologisk og semantisk. Dei har ei konvensjonell kopling mellom form og meiningsinnhald, der føreleddet gjev ei nærare skildring av etterleddet: Ei *breið-skífa* er ein type *skífa*, og ein *tvinn-bíll* er ein type *bíll*. Det er difor nokså enkelt å slutta seg til tydinga deira ut frå delane, i alle fall dersom ein kjenner konteksten dei er brukte i. Mange samansetjingar med felles etterledd dannar eit slags semantisk system av nærskylde nemningar. Eit døme er *skyndi-bití*, som liknar andre måltidsord som *auka-bití* 'mellommåltid' og *brauð-bití* 'brødbit'.

Døma ovanføre er substantiv som stort sett er ei nærare eller spesialisert nemning for noko språkbrukarane allereie kjenner. Oppbyggnaden er kanskje ikkje like sjølvforklarande når

det kjem til ord frå andre ordklassar. To integrerte ord er adjektiv med etterleddet *vís* 'vis':

- (6-2) a. *stétt-vís* 'samfunnsklasse'-'vis, sikker' = 'samfunnsklassevis' > 'klassebevisst'  
b. *hátt-vís* 'skikk, veremåte'-'vis' = 'skikkvis/veremåtevis' > 'taktfull, høfleg'

Adjektivet *vís* syner at den adjektivet skildrar, er klok eller vis. Ein som er *stétt-vís*, er medviten si eiga klassetilhøyrslé, medan ein som er *hátt-vís*, veit korleis han/ho skal oppføra seg (jf. også substantivet *hátt-vísi* 'høflegheit, danning', som ser ut til å vera eldre). Også desse adjektiva går inn i eit slags semantisk system: Språkbrukarane kan kjenna att den semantiske og morfologiske oppbyggnaden frå ei rekkje ord i språket, til dømes *al-vís* 'allvitande' og *rétt-vís* 'rettvis'.

Andre samansetjingar har formelt same oppbyggnad som døma ovanføre, men har større semantisk avstand mellom tydinga til samansetjingsledda og referansen. Eit utval av slike ord er:

- (6-3) a. *sjón-varp*: 'syn'-'kast' = 'synkast' > 'fjernsyn' (stammesms.)  
b. *hug-búnaður*: 'tanke'-'utstyr' = 'tankeutstyr' > 'programvare' (stammesms.)  
c. *foreldra-rölt*: 'foreldre'-'rusling' = foreldrerusling > eit «Natteravn»-aktig initiativ  
d. *smá-sjá*: 'smá'-'sjá' = småsjá > 'mikroskop'  
e. *flug-freyja*: 'flying'-'Frøya' = flygingsfrøya > 'flyvertinne'

Også desse samansetjingane kan stø seg på at dei semantisk og morfologisk minner om andre ord i språket som er oppbygde på same måte: Når ein kjenner ordet *út-varp* 'radio', er det nærliggjande å tenkja at *sjón-varp* har liknande funksjonar (spreiing av nyhende, meldingar, musikk osv.), men der formidlinga skjer gjennom noko ein ser. *Hug-búnaður* minner om *borð-búnaður* 'dekkjetøy' og *her-búnaður* 'krigsmateriell'. Etterleddet *-búnaður* i *hugbúnaður* får fram at det er snakk om ein type utstyr, men det er likevel uråd å gissa seg fram til referansen utan å kjenna datakonteksten. Ordet *foreldr-a-rölt* viser at det er ei form for rusling som foreldre driv med, men får ikkje med at siktemålet med aktiviteten er å passa på at tenåringane i området ber seg fint åt. *Smá-sjá* syner at det er snakk om å sjá noko lite, men at det er snakk om eit verktøy, må koma fram av samanhengen ordet er brukt i.

Ordet *flug-freyja* er mellom dei meir kreative samansetjingane i ordsamlinga. Føreleddet får fram koplinga til flynæringa, medan etterleddet er namnet til den norrøne

gudinna Frøya. Referansen til Frøya er truleg mest humoristisk, men får fram at vi har med personar av kvinneætt å gjera (sannsynlegvis vakre og guddommelege). Dessutan har Frøya ein fjørham ho kan fly med, så heilt irrelevant er koplinga ikkje. Ordet er sett i hermeteikn i mange av dei tidlegaste Tímarit-treffa, som for det meste er artiklar om yrket. Om mannlege kabintilsette er den meir nøytrale nemninga *flug-þjónn* 'flyging'-'tenar' nytta, der føreleddet sannsynlegvis er valt for å få mest mogeleg like former.

Oversynet nedanføre syner samansetjingar i ordsamlinga som kan tolkast som omsetjingslån, og dei framande orda som kan ha vore førebileta deira. For yngre ord er engelsk det mest sannsynlege opphavsspråket, men også danske eller andre skandinaviske ord kan ha vore førebilete.

Islandsk ord	Utanlandsk førebilete	Norsk tyding
<i>út-varp</i> 'ut'-'kast'	e: <i>broad-casting</i> 'kring-kasting'	radio
<i>breið-band</i> 'brei'-'band'	e: <i>broad-band</i> da: <i>bred-bånd</i>	breiband
<i>slag-orð</i> 'slag'-'ord'	da: <i>slag-ord</i>	slagord
<i>lykla-borð</i> 'lykel'-gen.pl.-'bord, fjøl'	e: <i>keyboard</i>	tastatur
<i>inn-blástur</i> 'inn'-'blásing, blåster'	e (frå latin): <i>in-spiration</i>	inspirasjon
<i>vef-þjónn</i> 'vev'-'tenar'	e: <i>web server</i>	webserver/ vevtenar
<i>vef-síða</i> 'vev'-'side'	e: <i>web page</i>	nettside
<i>heima-síða</i> 'heime'-'side'	e: <i>home page</i>	heimeside
<i>mjólk-ur-hristingur</i> 'mjólk'-gen.sg.'risting'	e: <i>milk-shake</i>	milkshake
<i>bók-a-kaffi</i> 'bok'-gen.pl.-'kaffi'	e: <i>book café</i> da: <i>bogcafé</i>	bokcafé

Tabell 6.24: Integrerte samansette omsetjingslån.

Samansetjingstypene i tabellen er produktive stamme- eller genitivsamansetjingar, og det er difor ikkje utenkjeleg at dei kan ha vorte danna uavhengig av det framande førebiletet. Dette gjeld særleg samansetjingar med substantiv i både føre- og etterledd, som *bók-a-kaffi* og *slag-orð*. Dei tidlegaste førekomstane av orda i Tímarit.is viser ofte om ei tolking som omsetjingslån er sannsynleg. Til dømes ber *slag-orð* preg av å vera omsetjingslån, eller rett og slett eit tilpassa importord, fordi det er sett i gåsauge i dei fyrste treffa i Tímarit.is. Andre nyord vert knytte direkte til det framande ordet. I Morgunblaðið 9. april 1925 kan vi til dømes lesa at nokre menn har søkt om løyve «[...] til þess að reka útvarp (broadcasting) á Íslandi um næsta 10 ára skeið».<sup>37</sup>

<sup>37</sup> Norsk omsetjing: «[...] til å driva radio (broadcasting) på Island den neste 10-årsperioden.»

For ein del av orda i tabellen er referansen berre forståeleg dersom ein forstår orda som islandske omsetjingar av det framande førebiletet. Normalt gode engelskkunnskapar og ålmenn danskundervisning er tilrekkeleg for å kunna ta referansen til dei islandske datanemningane, ordet *mjólkurhristingur* og orda med danske tilsvar. Orda *útvarp* og *innblástur* vart i si tid neppe forståtte som omsetjingslån av ålmenta, sidan engelsk-kunnskapane var lægre då desse orda vart introduserte. Koplinga til det framande ordet var kanskje ikkje viktig i desse tilfella: Ordet *útvarp* vart introdusert om lag samstundes med radiomediet og før eit importord var kome i bruk, og *innblástur* var kjent frå religiøse tekstar om ei særskild form for guddommeleg inngjevnað.

Mellom nydanningane er det berre to genitivsamansetjingar som ikkje er diskuterte tidlegare: *jurt-a-kjöt* 'vegetarisk kjøt' og *tækj-a-bíll* 'bergingsbil'. Den låge bruken av *tækj-a-bíll* 'utstyr'-gen.pl.-'bil', som er den bergingsbilen som skjer folk ut or bilvrak, skuldast nok at det (heldigvis) ikkje er bruk for denne bilen særleg ofte. Eventuelt kan det tenkjast at denne bergingsbilen er ein del av bilparken til brannvesenet eller bilbergingstenesta, slik at han ofte er indirekte nemnd dersom det står at hjelpemannskapa er komne til ulukkesstaden.

Nydanninga *jurt-a-kjöt* 'urt, plante'-gen.pl.-'kjöt' er brukt om ein type plantebasert kjøtetterlikning. Ordet har ei konvensjonell form både semantisk og morfologisk, men har ikkje vore særskilt vellukka, kanskje grunna uheldige konnotasjonar: Viss ein fyrst har valt å utelata kjøt frå kosten, er det kanskje ikkje freistande å kjøpa eller eta eit produkt som har 'kjöt' i namnet. Dette har likevel ikkje hindra den nærskyldige nemninga *soja-kjöt* i å etablere seg i språket. Jamført med *jurtakjöt* har *sojakjöt* jamnare bruk i Tímarit.is, det har i skrivande stund kring 600 Google-treff (mot fem på *jurtakjöt*) og vert kanskje opplevd som meir presist sidan dei fleste vegetariske kjøtetterlikningane er baserte på soja.

Tre samansette augneblinksdanningar er ikkje diskuterte tidlegare: *vegg-sjá* 'overhead-prosjektør', *harm-gáski* 'tragikomedie' og *atkvæðismaður* 'røystefør person'. *Vegg-sjá* 'vegg'-'sjá' = 'overheadprosjektør' er danna etter mønster av *smásjá* 'mikroskop' og *fisksjá* 'ekkolodd'. Noko av grunnen til låg integreringsstatus er sjølvsagt at referansen, overheadprosjektøren, går ut or bruk i den undersøkte perioden. Det kan også ha hindra integreringa av *vegg-sjá* at den semantiske koplinga mellom føre- og etterledd ikkje er i tråd med den tolkninga analogitilhøvet med eldre ord legg opp til. I førebileta *smásjá* og *fisksjá* forklarar føreleddet nærare kva det er ein skal sjá, og det er naturleg for språkbrukarane å

tolka *vegg-sjá* på same måte.<sup>38</sup> *Smá-sjá* 'lite-sjá' ser det som er lite, *fisk-sjá* 'fisk-sjá' ser fisk, men *vegg-sjá* 'vegg-sjá' skal ikkje brukast til å sjå vegg.

Augneblinksdanninga *harm-gáski* 'sorg'-'glede' = 'tragikomedie' har ikkje same etterleddet – *leikur* 'leik, spel, skodespel' – som dei mest nytta dramane *gamanleikur* 'komedie' og *harmleikur* 'tragedie'. *Harmgáski* går difor ikkje inn i det semantiske mønsteret som har danna hine nemningane, og koplinga til teaterdomenet er difor ikkje så klár som ho kunne ha vore. Når det gjeld *atkvæði-s-maður* 'røystefør person', trur eg ikkje det har vore trong for ordet i språksamfunnet. Eg kan ikkje sjå at det har kome opp nokre alternative nemningar, medan adjektivet *atkvæðisbær* 'røystefør' er nytta ein del.

#### 6.4.2 Bundne ledd

Fylgjande integrerte samansetjingar er danna med bundne ledd. Det bundne leddet er utheva:

Samansetjing, bunde ledd er utheva	Norsk tyding
áhrif-a- <b>valdur</b> 'påverknad'-gen.pl-'valdar' = 'den som valdar påverknad'	påverknadskraft
bylting-ar- <b>kenndur</b> 'revolusjon'-gen.sg.-'aktig' = 'revolusjonsaktig'	revolusjonær, banebrytande
já- <b>kvæður</b> 'ja'-'mælt' = 'som ofte seier ja'	positiv
nei- <b>kvæður</b> 'nei'-'mælt' = 'som ofte seier nei'	negativ
raun- <b>hæfur</b> 'røynd, erfaring'-'før, skikka, eigna' = 'røyndfør, røyndleg eigna'	realistisk
raun- <b>sær</b> 'røynd, erfaring'-'sjá' = 'å sjá ting slik dei røyndleg er'	realistisk
rót- <b>tækur</b> 'rot'-'takande' = 'som tek noko ved rota'	radikal
sjálf- <b>hverfur</b> 'sjólv'-'vend' = 'som er vend mot seg sjólv'	egosentrisk, sjólvoppteken
skjá- <b>varpi</b> 'skjerm'-'kastar' = 'som kastar mot ein skjerm'	prosjektør
hátt- <b>vísi</b> 'skikk, veremåte'-'vit' = 'som har vit til å te seg (etter god skikk)'	høflegheit, danning
smjör- <b>líki</b> 'smør'-'liknande' = 'som liknar på smør'	margarin
vél- <b>menni</b> 'maskin'-'menne' = 'maskinmenneske'	robot

Tabell 6.25: Integrerte ord danna med bundne ledd.

Fem av desse orda er substantiv: *áhrif-a-valdur*, *skjá-varpi*, *hátt-vísi*, *smjör-líki*, og *vél-menni*. Sams for dei bundne ledda er at dei finst i eldre, nokså vanlege samansetjingar i språket, der dei er brukte med nokså klårt avgrensa tyding og funksjon. Dersom språkbrukarane kjenner til dei eldre orda, er tydinga til ord danna med bundne ledd lett

38 Noko av grunnen til at *fisksjá* ikkje har lukkast optimalt, er også knytt til det semantiske tilhøvet mellom føre- og etterledd. Tydinga 'noko som ser fisk' dekkjer ikkje heile tydinga til eit ekkolodd, som også (og kanskje helst) vert nytta til å undersøka djupner. Etterleddet *-sjá* ser likevel ut til å fungera fint om djupnemning, jamfør det nyare ordet *snjósjá*, som er nemning for ein type radar brukt til å måla snødjupn.

tilgjengeleg: Leddet *-valdur* skildrar den eller det som valdar eller er årsaka til den hendinga eller handlinga føreleddet uttrykkjer, og *áhrif-a-valdur* tyder såleis 'den som valdar påverknad', på norsk 'den som har påverknadskraft'. Leddet finst i andre ord, som *dávaldur* 'hypnotisør' (eig. 'hypnosevaldar') og *tjónvaldur* 'skadevaldar'. I *skjá-varpi* 'prosjektør' skildrar *-varpi* at det er snakk om noko som kastar, medan føreleddet seier noko om kvar det vert kasta, altså mot ein skjerm. Leddet *-líki*, brukt i *smjör-líki*, kan omsetjast med 'like, liknande', og det er såleis klårt at *smjör-líki* 'smør'-like, liknande' er noko som liknar på smør.

Leddet *-vísi* kan kanskje omsetjast med 'vit', og det inngår i ord der eigenskapen å ha greie på noko står sentralt: Ordet *fávísi* tyder 'fåkunne', *smekkvísi* tyder 'god smak', og eigenskapen *hátt-vísi* 'skikk, veremåte'-vit' går ut på at ein har greie på korleis ein skal oppføra seg, og det tyder såleis 'høflegheit'. Det bundne leddet *-menni* er helst brukt om menneske. Det finst i svært mange islandske ord, mellom anna *góðmenni* 'godt menneske', *karlmenni* '(eit skikkeleg) mannfolk, kraftkar' og *ungmenni* 'ungdom'. Føreleddet viser kva som kjenneteiknar det omtalte mennesket, og ein *vél-menni* 'maskin'-menneske' er såleis eit maskindrive menneske, ein robot.

Sju adjektiv er danna med bundne ledd. Det gjeld orda *bylting-ar-kenndur*, *já-kvæður*, *nei-kvæður*, *raun-sær*, *raun-hæfur*, *rót-tækur* og *sjálf-hverfur*. Dei skil seg frå hine samansetjingane ved at føreleddet ikkje spesifiserer etterleddet nærare, men kjenneteiknar ordet *på den måten som* etterleddet legg vekt på. Genitivsamansetjinga *bylting-ar-kenndur* 'revolusjon, omvelting'-gen.sg.-'aktig' skal altså ikkje forståast som ein undertype av eigenskapen *kenndur* 'påverka (av rusmiddel)'. I *byltingarkenndur* uttrykkjer *-kenndur* at den eller det adjektivet vert brukt om, er 'revolusjonsaktig', og den norske tydinga av ordet er 'revolusjonær, banebrytande'.

Etterleddet *-sær*, som vi finn i *raun-sær*, er ifylgje ÍÓ brukt om syn og det ein kan sjå, i konkret eller overført tyding. Føreleddet *raun-* kan ha fleire tydingar, men her trur eg tydingane 'røynd' eller 'røynsle, erfaring' er dei mest nærliggjande, og at samansetjinga *raunsær* uttrykkjer eigenskapen 'å sjå ting slik dei røyndleg er'. Den norske tydinga av ordet er 'realistisk', som også er tydinga til ordet *raun-hæfur*. Etterleddet *-hæfur* finst også som sjølvstendig ord i tydingane 'kompetent, dyktig, eigna, brukande'. I *raunhæfur* er funksjonen til leddet å avleia eit adjektiv, og tydinga leddet har i slike samansetjingar, ser ut til å vera noko slikt som '[føreleddet]-eigna/dugande' eller '[føreledd]-bar/-leg/-ande'. Tydinga til *raunhæfur* kan såleis vera 'røyndleg/erfaring(sbasert) eigna', brukt om noko som ein verkeleg



kan prova eller gjennomføra.

I *sjálf-hverfur* 'sjølv-'vend' = 'egosentrisk, sjølvoppteken' er etterleddet nærskyldt verbet *hverfa* 'snu, venda'. Etterleddet er brukt i både konkret og overført tyding, i ord som *ein-hverfur* 'autistisk', *út-hverfur* 'på ranga' og *frá-hverfur* 'motstandar av noko'. *Rót-tækur* 'radikal' er sannsynlegvis eit omsetjingslån. Føreleddet svarar til det latinske ordet *radix*, som tyder 'rot', og som ligg til grunn for internasjonalsmen *radikal/radical*. Etterleddet *-tækur* uttrykkjer vanlegvis at noko er eller har det føreleddet uttrykkjer. I *róttækur* ser *-tækur* ut til å ha ei meir konkret tyding, knytt til verbet *taka* 'ta', og at det går ut på 'å ta i / nå ned til røtene'. Dette går også tydeleg fram av ordboksartikkelen til *róttækur*, der definisjonen lyder «som vil endra noko frå røtene» (ÍO 2010, 808. Mi omsetjing.).

Dei bundne ledda *-kenndur* og *-tækur* har også danna nydanningane *hlut-kenndur* 'sak, gjenstand'-'aktig' = 'konkret' og *hug-tækur* 'tanke'-'takande, gripande' = 'interessant'. Noko som er 'gjenstandsaktig', skil seg frå det abstrakte ein ikkje kan ta og føla på, og det er ganske råkande at det som ein finn interessant, grip tanken. (Ordet *hugtakande* er til dømes i bruk både i færøysk og nynorsk form.) Tevling frå eldre ord som *áþreifanlega* (adv.) / *áþreifanlegur* (adj.) 'handfast, konkret' og *athyglisverður* 'interessant' er truleg hovudgrunnen til at desse orda ikkje tok seg lenger enn til nydanningsstadiet.

Den morfologiske og semantiske oppbyggnaden til augneblinksdanninga *bak-veiti* 'oppfylgning, reaksjon' er ikkje heilt grei å få tak på, sidan ordet er tildelt litt ulike tydingar. Det kan gå attende på verbettrykket *veita til baka* 'gje tilbake'. *Hátt-leysa* 'skikk'-'løyse' = 'taktløyse' finst som eldre ord i språket, og er då eit lyrikkomgrep knytt til skaldediktning. Sannsynlegvis har det ikkje vore trong for nyorda *bakveiti* og *háttleysa* i språksamfunnet: *Viðbragð* 'reaksjon', *eftirfylgni* 'oppfølgjing', *endurgjöf* 'tilbakemelding, feed back' og *svörun* 'reaksjon, respons, atterklang' dekkjer tydingane *bakveiti* er tildelt. I staden for *háttleysa* er *dónaskapur* 'skamløyse, taktløyse, vulgaritet' og *ónærgætni* 'omsynsløyse' brukt.

*Betur-viti* 'betre'-'vitar' er eit omsetjingslån av det tyske ordet *Besserwisser* og har same oppbyggnad som *fá-viti* 'tufs, idiot' og *of-viti* 'geni'. I Tímarit.is har *besserwisser* vore i språket sidan 1940, men det er ikkje særleg mykje brukt, kanskje grunna strenge stilmnormer for skriftlege medium. Importordet er ofte sett i gåsauge, eit signal om at det ikkje er heilt akseptert i skrift, men dette har likevel ikkje fremja bruken av det heimlege ordet. Grunnar til at *beturviti* ikkje har slått gjennom, kan vera at det ikkje har dei same konnotasjonane som importordet (kanskje litt av krafta til ordet ligg i at det er tysk, eller at det tyske ordet har eit

kvassare rim enn det islandske), eller rett og slett at dette ikkje er ein type ord som ein finn i dei avisene og tidsskrifta Tímarit.is samlar. Både det tyske og islandske ordet får ein del fleire treff i Google enn i Tímarit.is, noko som kanskje kjem av at fleire «lågstilssjangrar» er tekne med der.

### 6.4.3 Avleiingar

Oversynet nedanføre syner sterkt og svakt integrerte suffiksavleiingar. Talet i parentes bak suffikset viser til korleis Eiríkur Rögnvaldsson (1986) har rangert suffiksa etter produktivitet (1 er mest produktivt, og fyrsteplassen har suffikset *-leg-ur*, som dannar adjektiv).

Suffiks:	-ing (2)	-un (3)	-ar-i (6)	-il-l (8)	-ni (9)	-ræn-n (30)	-al-l (32)
Nyord:	alþjóðavæðing einbeiting samræming skráning snyrting tjáning hnattvæðing þjóðnýting	hlustun stöðlun smitun	afruglari blandari blásari gatari þjálfari þurrkari togari vekjari yddari	gerill hreyfill	eyðni framleiðni tíðni tækni	stafrænn	staðall

Tabell 6.26: Integrerte suffiksavleiingar

Til saman 26 av dei 28 integrerte avleiingane er danna med dei produktive suffiksa *-ing*, *-ari*, *-ni*, *-il* og *-un*. Berre to av dei trygt integrerte nyorda, *staðall* og *stafrænn*, er danna med suffiks som etter oversynet til Eiríkur Rögnvaldsson er mindre produktive. Avleiingar som har møtt konkurranse frå andre ord, er gjorde greie for i 6.3 og vert ikkje drøfta her.

Det er ei konvensjonell kopling mellom grunnord og suffiks i avleiingar både med høgproduktive og mindre produktive suffiks. Nokre døme:

Avleiing og avleiingsprosess	Norsk tyding
<i>skráning</i> av <i>skrá</i> v, 'registera' + <i>ning</i> '=subst.f.'	registrering
<i>smitun</i> av <i>smita</i> v, 'smitta' + <i>un</i> '=subst. f.'	smitte
<i>togari</i> av <i>toga</i> v, 'tråla, dra' + <i>ari</i> '=subst. m.'	trålar
<i>yddari</i> av <i>ydda</i> v, 'spissa, kvessa' + <i>ari</i> '= subst.m.'	kvessar (t.d. blyant-)
<i>tækni</i> av <i>tæki</i> subst.n 'verktøy' + <i>ni</i> '=subst.f'	teknologi, teknikk

Avleiing og avleiingsprosess	Norsk tyding
<i>stafrænn</i> av <i>stafur</i> subst.m 'bokstav, bokstav' + <i>rænn</i> '= adjektiv; om eigenskap' (går attende på korleis digitale ... er formaterte)	digital
<i>staðall</i> av <i>steðja</i> v, 'setja på sin stad, bestemma, stadfesta' + <i>all</i> '=subst.m'	standard

Tabell 6.27: Integreerte avleiingar.

Avleiingane *skrá-ning* 'registrering', *smit-un* 'smitte', *tog-ari* 'trålar' og *ydd-ari* 'blyantkvessar' er konvensjonelt avleidde substantiv med verb som grunnord. Tydinga deira er lett tilgjengeleg dersom ein kjenner verbet. Det er ikkje like enkelt å gå frå form til tyding i *staðall*, fordi *staðall* vert introdusert samstundes som verbet *staðla* 'standardisera' i *Íðnaðarmál* (1955). I artikkelen vert det lagt vekt på at *staðall* er eit godt avløyсарord for importordet *standard*, sidan orda byrjar likt, har same vokal i stamme og suffiks, begge er hankjønnsord og dei kjem etymologisk frå same stamme. For språkbrukarar som ikkje tek den språkhistoriske koplinga, har det truleg vorte lettare å slutta seg til tydinga til *staðall* etter kvart som verbet *staðla* 'standardisera' vart utbreidd i språksamfunnet, jamfør tabellen under

	1940-1949	1950-1959	1960-1969	1970-1979	1980-1989	1990-1999	2000-2009
<i>staðla</i>	1	44	167	398	868	1915	1820
<i>staðall</i>	1	11	46	229	554	957	681

Tabell 6.28: Integreringsbanen til *staðla* og *staðall*. Dette søket tek ikkje med bøyingsformer.

*Tæk-ni* skal ha vore eit slags omsetjingslån av det danske ordet *teknik*, og grunnordet er *tæki*, som mellom anna tyder 'utstyr, reiskap, maskin, instrument'.<sup>39</sup> Dette bryt med vanleg bruk av suffikset *-ni*, som jamnast tek adjektiv som grunnord, slik ordet *tíð-ni* 'frekvens' er avleidd av adjektivet *tíður* 'hyppig, vanleg, frekvent'. *Tækni* er kjent for å ha integrert seg nokså tregt (jf. Halldór Halldórsson 1964, 153), og den utradisjonelle suffiksbruken kan vera årsaka. Tydinga «går ikkje opp» dersom språkbrukarane ventar eit adjektiv som grunnord. Importordet *teknik* er teke med i parentes i fleire tidlege Tímarit-treff, sannsynlegvis sidan tydinga til *tækni* ikkje har vore direkte tilgjengeleg.

Mellom nydanningane og augneblinksdanningane (A) er det berre tre avleiingar som ikkje er drøfta andre stader i oppgåva. Dei er oppførte med orddanningsmåte i tabellen nedanføre:

39 Dette skriv Halldór Halldórsson i spalta «Sögur af nýyrðum» i *Dagblaðið Visir* 10.6.1995

Avleiing og avleiingsprosess	Norsk tyding
<i>glápari</i> av <i>glápa</i> , v. 'glo, glana' + <i>ari</i> '=subst. m.'	glanar
<i>grefill</i> av <i>grafa</i> 'grava' + <i>ill</i> '=subst. m.'	grev, hakke
<i>efnishyggjandi</i> av <i>efnishyggja</i> 'materialisme' + <i>andi</i> '=subst.m.' (A)	materialist

Tabell 6.29: Avleidde nydanningar og augneblinksdanningar.

*Gláp-ari* og *gref-ill* er konvensjonelt avleidde frá verb, og tydinga skal i utgangspunktet vera lett tilgjengeleg. Den låge bruksfrekvensen til *glápari* 'glanar' heng kanskje saman med at ordet er nokså useriøst og talemålsprega og difor ikkje vert brukt i aviser og tidsskrift. *Grefill* 'grev, hakke' er nok fyrst og fremst hindra i integreringa fordi det allereie finst i kraftuttrykket *hver grefillinn* 'kven pokker/søren'. Dette gjer det kanskje vanskeleg å ta det svært kvardagslege ordet 'grev' seriøst. I tillegg ser det ut til at synonymet *haki* vert brukt meir, men det er uråd å få rette tal for desse orda grunna mange homonyme former.

Augneblinksdanninga *efni-s-hyggj-andi* 'materialist' er kanskje danna frá substantivet *efnishyggja* 'materialisme'. Til liks med *tækni* er «feil» grunnord nytta i avleiinga, sidan *-andi* vanlegvis koplar seg til verb, og språkbrukarane kan ha avvist ordet fordi dei opplever det som rart samansett. Ei anna forklaring kan vera at ordet er danna frá verbuttrykket *hyggja að* 'sjå på', som dinest er avleidd til *hyggjandi* 'sjåar' og sett saman til *efni-s-hyggjandi* 'materiale'-gen.sg.-'sjåar'. Ordet ser i alle høve ut til å ha blitt utkonkurrert av samansetjinga *efnishyggjumaður* 'materialisme'-'menneske', som har ei meir konvensjonell semantisk og morfologisk form.

Mange av dei integrerte avleiingane i ordsamlinga ser ut til å ha framande førebilete. Dei suffikerte avleiingane dette gjeld for, er lista i tabellen nedanføre:

Islandsk ord	Utanlandsk førebilete	Norsk tyding
<i>blandari</i> av <i>blanda</i> , v. 'blanda' + <i>ari</i> '=subst.m.'	e: <i>blender</i>	miksar, blender
<i>blásari</i> (i orkester) av <i>blása</i> , v. 'blåsa' + <i>ari</i> '=subst.m.'	da: <i>blæser</i>	blåsar
<i>þjálfari</i> av <i>þjálf</i> , v. 'trena' + <i>ari</i> '=subst.m.'	e: <i>trainer</i> , da: <i>trener</i>	trenar
<i>afruglari</i> av <i>afrugla</i> , v. 'avkoda' + <i>ari</i> '=subst.m.'	e: <i>decoder</i>	dekoder

Tabell 6.30: Integrerte suffiksavleidde omsetjingslån

Sidan avleiing med suffikset *-ari* er ein svært produktiv prosess i islandsk, kan orda *bland-ari*,

*blás-ari* og *þjálf-ari* vera danna utan at ein har hatt det framande ordet som førebilete. *Blandari* 'miksar' og *blásar* 'blásar (musikar)' fanst allereie i språket i andre tydingar, men det er likevel mogleg at den nye tydinga eller bruken er inspirert av andre språk. *Þjálfari* er brukt med referanse til det danske ordet *træner* i Lesbók Morgunblaðsins 17. mai 1931, medan det i Nýja dagblaðið 10. november 1934 er brukt som forklaring til ordet *íþróttakennari*. Desse tre avleiingane er føreseieleg oppbygde reiskaps- eller personnemningar, og det er difor lite truleg at dei har trunge å stötta seg til dei framande førebileta for å verta forståtte. Språkbrukarar som kjenner verba dei er avleidde av, kan lett slutta seg til at ein *blandari* er noko som blandar, og ein *þjálfari* er ein som trener (jamvel om det i *þjálfari* er uklårt om han/ho trener seg sjølv eller andre).

Integrerte prefiksavleiingar er *al-næmi*, *and-hverfa*, *and-stæða*, *and-úð*, *endurvinnsla*, *ffjar-kennsla*, *ffjöl-miðill*, *um-hverfi* og *við-semjandi*. (Alle prefiksavleidde nydanningar og augneblinksdanningar er drøfta andre stader i oppgåva.) Tilhøvet mellom prefikset og grunnordet liknar tilhøvet mellom delane i samansetjingar, og det er skilnad frå ord til ord når det kjem til kor enkelt ein kan lesa referansen ut frå forma.

Prefikset *al-* 'heil, heilt, fullstendig' har avleidd ordet *al-næmi* 'heil-' 'mottakelegheit, disponering', som er den islandske nemninga for aids. Prefikset er godt kjent frå andre ord i språket, men det går ikkje klårt fram av forma til ordet at det her er snakk om ein sjukdom (og kva for ein sjukdom det er). Fyrste gong ordet er på trykk, i *Morgunblaðið* 10. mai 1985, er den internasjonale forkortinga teken med: «Sænsk kona með alnæmi – (AIDS).»<sup>40</sup> Ordskiptet om sjukdomen og kva han bør heita på islandsk, har tvillaust hatt mykje å seia for at dette ordet fekk feste i språket, jamfør avisdiskusjonen i kapittel 2. Det er elles viktig å vera merksam på at *alnæmi* trass alt er ei medisinsk nemning, og at medisinfaglege omsyn kan ha vege tyngre enn å laga eit ord vanlege språkbrukarar lett kan forstå.

Orda *and-hverfa*, *and-stæða* og *and-úð* er avleidde med prefikset *and-* 'mot'. Av desse er *andhverfa* og *andstæða* 'motsetnad, kontrast' drøfta tidlegare i avsnitt 6.3.2. Prefikset *and-* 'mot' er frekvent i språket. Viss grunnordet også er vanleg, er tydinga til nyord avleidde med *and-* lett å slutta seg til. Grunnordeet i *and-úð* 'mot'-'innstilling, meining' = motvilje er *úð*, som ifylgje ÍO er brukt i mange samansetjingar som har med innstilling, eigenskapar og tilstandar å gjera.

Nyordet *við-semj-andi*, som tyder 'forhandlingspartner' eller 'avtalepart', er både

---

40 «Svensk kvinne med aids – (AIDS)»

prefiks- og suffiksavleidd. Sidan det ikkje finst noko substantiv *\*semjandi*, reknar eg med at verbet *semja*, som tyder 'avtala', ligg til grunn for avleiinga. Del for del tyder avleiinga *við-semj-andi* 'med-avtal-ande', og ordet namngjev altså den ein gjer avtalar saman med.

Prefiksavleiingar som kan tenkjast å vera omsetjingslån, er samla i tabellen nedanføre, saman med det utanlandske ordet som kan ha vore førebiletet deira:

Islandsk ord	Utanlandsk førebilete	Norsk tyding
<i>endurvinnsla</i>	da: <i>genbrug, genanvendelse</i>	gjenvinning
<i>endurnýting</i>	da: <i>genbrug, genanvendelse</i>	gjenbruk
<i>ffarkennsla</i>	da: <i>fjernundervisning</i>	fjernundervisning
<i>ffölmiðill</i>	da: <i>massemedie</i>	massemedium
<i>margmiðlun</i>	da: <i>multimedie</i>	multimedium

Tabell 6.31: Integreerte prefiksavleide omsetjingslån

Prefikset *endur-* 'gjen' er brukt i avleiingane *endur-vinnsla* 'gjen'-'tilverking' og *endur-nýting* 'gjen'-'bruk'. Bruken av orda ser ut til å vera den same som for dei norske orda, medan dei danske synest å vera synonyme. Prefikset tilsvarar nokså direkte det engelske *re-*, brukt i *recycle* 'resirkulera, gjenvinna', og er svært frekvent. Slik kan kjennskap til dei framande førebileta og det islandske prefikset hjelpa språkbrukarane til å forstå *endurvinnsla* og *endurnýting*.

Ordet *ffar-kennsla* 'fjern'-'undervisning' har tilsvarande oppbygde ord i andre nordiske språk og kan difor vera eit omsetjingslån. Samstundes er prefikset *ffar-* 'fjern' så frekvent og vanleg i språket at ordet like gjerne kan ha vorte danna uavhengig av dei framande orda. Ordet *kennsla* 'undervisning' er også vanleg, difor er det truleg uproblematisk for islandske morsmålsbrukarar å forstå tydinga til den nye avleiinga *ffarkennsla*.

Tydinga til *fföl-miðill* 'multi'-'medium' er kanskje litt vanskelegare å forstå, sidan grunnordet *miðill* 'medium' har fleire tydingar. Islex.is oppgjev tydingane 'klársynt person', 'utstyr/instrument til formidling' og 'teknikk i biletkunst'. I *Íslensk orðabók* (2010, 233) er *ffölmiðill* utstyrt med både forklaring og døme på slike medium, kanskje for å sikra at ein tolkar etterleddet rett: «Instrument for å spreia opplysningar til ei stor gruppe menneske over eit stort område (blad, radio, fjernsyn, filmar ofl.) (mi omsetjing).»<sup>41</sup> Ordet *marg-miðlun* 'mange'-'midling' er brukt som islandsk nemning for 'multimedia' og har i *Íslensk orðabók*

41 «tæki til að dreifa upplýsingum til mikils mannfjölda á stóru svæði (blöð, útvarp, sjónvarp, kvikmyndir o.fl.)»

(2010, 643) forklaringa «[f]ramstilling av opplysningar med lyd, tekst, bilete og bilete i rørsle, t.d. innhald på CD-plate for datamaskin (mi omsetjing)». <sup>42</sup> Tydinga til avleiinga *margmiðlun* er nokså rákande, sidan det kjenneteiknar multimediale uttrykksformer at ein tek i bruk fleire medium i formidlinga.

#### 6.4.4 Andre orddanningsmátar

Ei lita gruppe av orda i ordsamlinga er danna gjennom mindre vanlege og ofte uproduktive prosessar. For nokre ord kan fleire orddanningsmátar liggja bak forma, og i dei tilfella der eg ikkje kjenner til kva opphavspersonen har tenkt, har eg valt å leggja den minst kompliserte (og difor mest sannsynlege) prosessen til grunn.

Dei integrerte orda *kilja* 'pocketbok', *tölva* 'datamaskin', *þota* 'jetfly', *hneigð* 'dragning, trong' og *brúnka* 'brunfarge, tan' gjev inntrykk av å vera lærde danningar. Guðrún Kvaran (2007, 36) skriv at ordet *kilja* 'pocketbok' er danna av ordet *kjölur* 'bokrygg', som i fleire bøyingsformer har *i* i stamma, og forma ser ut til å vera *kil-ja* 'bokrygg'-'subst.f.'. I Tímarit.is er ordet fyrst brukt i samansetjinga *pappír-s-kilja* 'pappír'-gen.sg.-'bokrygg', som klárt skildrar kva for type bok det er snakk om. Sidan har etterleddet lausrive seg og fungerer no áleine.

Nyordet *tölva* er danna av *tal* 'tal', som er *töl* i fleirtal, og *völva* 'volve, spákone', noko som har si forklaring i at prosessane i datamaskinene er talstyrte. Tydinga til ordet har nok ikkje vore tilgjengeleg for språkbrúkarane berre ut frá forma, og ordet er i nokre av dei fyrste Tímarit-treffa brukt med importordet i parentes eller med forklaring attåt. (Dei fyrste artiklane har dessutan som føremál á forklara kva datamaskiner er og skal brukast til.) Både verktøyet og nemninga fekk nok i tillegg mykje omtale utanføre avisartiklane.


Nyordet *þota* 'jetfly' er vidkjent for å ha integrert seg svært raskt og vert difor ofte trekt fram som døme på eit svært vellukka nyord. Ordet er danna med utgangspunkt i perfektum partisipp *þotinn* av verbet *þjóta* 'susa, fyka', og ei *þota* er såleis ein 'ein susar, fykar'. *Þota* har nok fyrst og fremst vunne fram fordi det vart avgjort på eit journalistmøte at ordet skulle takast i bruk. Slik vart «alle» språkbrúkarar introduserte for ordet samstundes. Det vert ofte trekt fram at ein klár føremon for *þota* var at det var mykje kortare enn ordet *þrýstiloftsflugvél*, som tidlegare var nytta for 'jetfly'. At det nye ordet *þota* trengde ut det eldre ordet med ein gong det vart lansert, vert i ein del av Tímarit-treffa halde fram som eit prov på at nyordet var eit særs godt nyord. Sidan nyordet vart så grundig introdusert, er det likevel

---

42 «framsetning upplýsinga með hljóði, texta, myndum og hreyfimyndum, t.d. efni á geisladiski fyrir tölvu»

uråd å avgjera i kva grad dette skuldast trekk ved ordet sjølv.

Bruken av *pota* fall nokså brått i siste del av perioden, kanskje fordi kortforma *vél* av *flugvél* 'fly' er brukt meir. Nedgangen til *pota* kan også koma av at språkbrukarane ikkje tykkjer det er naudsynt å spesifisera 'jetfly' med eit eige ord lenger, sidan dette er den vanlegaste flytypen i dag.



Graf 6.5: Integreringsbanen til ordet *pota*.

*Hneigð* 'draging, trong' kan vera eit lærd danna nyord, fordi substantivavleiing med *ð* '= subst.' ikkje er ein produktiv prosess. Ordet er danna frå verbet *hneigjast* 'bli trekt mot, bli dregen mot', og ordet minner om integrerte ord som *byggð* 'bygd, busetnad' danna av verbet *byggja*. Dette kan hjelpa språkbrukarane til å forstå ordet som avleidd og til å tenkja seg fram til grunnordet. Likskap med andre ord i språket er også ein føremon for ordet *brúnka* 'brunfarge, tan'. Det er truleg danna i analogi med det eldre ordet *grænka* 'grønheit', som i sin tur går attende på verbet *grænka* 'bli grøn'. Sidan nyordet *brúnka* liknar på desse orda, er det lett for språkbrukarane å slutta seg til at *brúnka* skildrar brunfarge og det å bli brun.

Integreringa av nydanninga *júgurð* 'yoghurt' er truleg råka av tevling frå importordet *yoghurt/jógúrt*, som var i bruk både i utilpassa og tilpassa form då nyordet *júgurð* vart introdusert. Forma til *júgurð* kan gå attende på *júgur* 'jur' + *ð* '= subst.', for å syna kvar mjølkeproduktet kjem frå, sjølv om det ikkje burde vore naudsynt. Jamvel om det ofte vert trekt fram som positivt at nyorda liknar det framande førebiletet (jf. Kjartan G. Óttosson 1990,



120), er det moglege at *júgurð* ikkje har tent på å vera såpass lik det tilpassa importordet *jógúrt*. Sidan det allereie fanst ei tilpassa form i bruk, har det ikkje vore trong for ei til.

*Svif* 'plankton' er sannsynlegvis danna ved å korta det eldre ordet *svif-dýr* 'sveve'-'dýr', og *ál* 'aluminium' kan både sjáast på som kortform av *aluminium* og *almin*. Det er dessutan snedig at *ál* liknar det kjemiske symbolet *Al*. Båe orda er trygt integrerte i spráket og har trengt ut lengre alternativ, og det har nok letta integreringa deira at dei er nokså korte.

Tabellen nedanføre samlar integrerte substantiv som er danna med konversjon frá verb til substantiv, og dersom ein kjenner verba, er tydinga deira lett å slutta seg til.<sup>43</sup>

Nyord og orddanningsmáte	Tyding
<i>úði</i> frá <i>úða</i> 'dusja, spraya' + <i>i</i> '=subst.m.'	spray. e: <i>spray</i>
<i>vafri</i> frá <i>vafra</i> 'virra rundt, driva omkring' + <i>i</i> '= subst.m.'	nettlesar, e: <i>browser</i> (frá <i>browse</i> 'sjá seg om', 'bla, lesa planlaust')
<i>sóði</i> frá <i>sóða út</i> 'skitna til' + <i>i</i> '= subst. m'	gris, rotekopp
<i>smygl</i> frá <i>smygla</i> (v) 'smugle' > <i>smygl</i> , subst. n.	smugling

Tabell 6.32: Nyord danna ved konversjon

Med unntak av *úði* er alle desse orda diskuterte tidlegare i analysen.<sup>44</sup> *Úði* kan sjá ut til å vera danna med utgangspunkt i det engelske ordet *spray*. Likskapen med det framande ordet har vore positivt for integreringa av *úði*, sidan tydinga er lett tilgjengeleg for sprákbukkarar som kjenner førebiletet *spray*.

Orda *sími* 'telefon' og *viðhengi* 'vedlegg' er danna ved å utvida eller endra tydinga til eldre ord i spráket. Den gamle tydinga av ordet *sími*, 'tråd, band', var på veg ut or spráket då ein tok til å nytta ordet om telefonar. I byrjinga var den samansette forma *tal-sími* 'tale'-'tråd' mest brukt, ei nemning som ganske presist skildrar tingen det er snakk om. Etter kvart vart kortforma *sími* vanlegast. At *sími* er godt etablert i spráket kjem fram både ved at ordet har ein svært høg bruksfrekvens, men også at det er brukt i nye, komplekse ord som *bréfsími* 'telefax' og *farsími* 'mobiltelefon'. *Viðhengi* var tidlegare brukt i tydinga 'anheng', om den delen av eit smykke som heng på eit kjede eller liknande. Sidan brev- og e-postvedlegg også «heng på» hovudskrivet, har *viðhengi* vorte teke i bruk som nemning for desse vedlegga.

Bruksfrekvensen til *viðhengi* aukar svært mykje då datamaskiner vert allemannseige på 1990-

43 Som nemnt i kapittel 5 er det vanskeleg å fá heilt rette frekvenstal for desse orda, sidan dei har bøyingsformer sams med verba dei er konverterte frá. Statusen som integrerte ord er tufta på relativt høg frekvens i

Timarit.is, stikkpróvar som syner at dei er i normal bruk i dag, og at orda er oppførte i *Íslensk orðabók*.

44 I avsnitt 6.3.1 (*vafri*), 6.4.1 (*smygl*) og 6.4.2 (*sóði*).

og 2000-talet, noko som provar at språkbrukarane ikkje har hatt vanskar med å ta den nye tydinga 'vedlegg' i bruk.

#### 6.4.5 Oppsummering av funn

Fleirtalet av sterkt og svakt integrerte samansetjingar er konvensjonelt oppbygde endosentriske og deterministiske stamme- eller genitivsamansetjingar. Det er lett å slutta seg til tydinga deira sidan referansen til den nye samansetjinga viser til ein ny eller spesialisert type av [etterleddet], som på si side kan reknast for å vera kjent for språkbrukarane. Typiske døme er nemninga *tón-list* 'tone'-'kunst' > 'musikk', som er ein type kunst, og *spjald-tölva* 'plate'-'datamaskin' > nettbrett, som er ein type datamaskin. Eit mindretal av dei integrerte samansetjingane har ein oppbygning der det er lengre avstand mellom semantisk og morfologisk form og fenomenet ordet skal namngje. Eit døme på dette er ordet *sjón-varp* 'syn'-'kast', som tyder 'fjernsyn'. Sannsynlegvis har desse orda trunge ein del blesting i media og andre kanalar for at språkbrukarane skal kunna forstå dei og ta dei i bruk.

Samansette nydanningar og augneblinksdanningar har stort sett same oppbygning som dei integrerte orda. Jamført med samansetjingar frå hine kategoriane har ei nokså stor gruppe augneblinksdanningar nokså uklår kopling mellom form og referanse, noko som kan ha vore ein medverkande faktor til at dei ikkje er komne i bruk. Ordgrunnlaget mitt for å vurdere samansette nydanningar og augneblinksdanningar i 6.4 er tynt, men integreringsstatusen til dei undersøkte orda kan skuldast upresise semantiske eigenskapar og at det er lite bruk for orda.

Mange av nyorda er danna med bundne ledd. Dei same ledda går att på alle integreringssteg, noko som syner at orddanningsmåten i seg sjølv ikkje ser ut til å ha noko å seia for korleis ordet greier seg i integreringa. Tydinga til desse orda er lett å slutta seg fordi den semantiske og morfologiske funksjonen til etterleddet som regel er kjend frå mange liknande ord i språket. Konkurransen frå sterkare alternativ, manglande bruksområde og kort tid i språket kan vera grunnen til at somme av orda med bundne ledd har enda opp som nydanningar og augneblinksdanningar.

Dei fleste integrerte avleiingar er konvensjonelt oppbygde, og dei involverte affiksa er stort sett mellom dei mest produktive og vanlege. Affiksa og funksjonen deira er kjende frå ei stor mengd ord i språket, slik at tydinga til nye avleiingar er klår så lenge ein veit kva dei andre delane av ordet viser til. Som med dei bundne ledda, går dei same affiksa att i ord på

alle integreringssteg. Faktorar som kan forklara at somme av avleiingane har enda opp som nydanningar eller augneblinksdanningar, er at dei ikkje høver i avissjangeren (*glápari* 'glanar'), har homonym eller uheldige konnotasjonar (*grefill* 'hakke') eller at avleiinga ikkje er konvensjonelt danna (*efnishyggjandi* 'materialist').

Ord som tilsynelatande er omsetjingslån, finst både mellom dei samansette og avleidde integrerte orda, dømme er samansetjingane *breiðband* 'breiband', *lyklaborð* 'tastatur' (e: *key board*) og *heimasíða* 'heimeside', og avleiingane *blandari* 'blender' og *þjálfari* 'trenar'. Engelske ord ser oftast ut til å vera inspirasjonen, men stundom også ord frå andre nordiske språk. Det kan ha letta integreringa av omsetjingslåna at koplinga mellom form og referanse i det islandske ordet er lik det framande førebiletet. (Ein føresetnad er at språkbrukarane kjenner bruken av det engelske ordet.) Omsetjingslåna i ordsamlinga er i tillegg konvensjonelt og svært gjennomsynleg oppbygde ord, særleg avleiingane. Avleiingsprosessane i orda som kan vera omsetjingslån, er så vanlege og produktive at likskapen med framande ord kan vera tilfeldig, jamfør ordet *blandari* 'blender'. Det er derimot mindre truleg at samansetjinga *lyklaborð* ville vorte den islandske nemninga for 'tastatur' utan den engelske nemninga *key board* som førebilete.

Ei lita gruppe nyord er danna med andre orddanningsmåtar, som konversjon, utvida tyding, avleiing med gamle affiks og korting av eksisterande ord. Dei fleste av desse har greidd seg godt, ein del grunna god blesting då ordet kom, sidan tydinga til desse orda ikkje alltid er tilgjengeleg ut frå delane. Dette gjeld til dømes orda *þota* 'jetfly' og *tölva* 'datamaskin'. Ord danna gjennom korting og konversjon er lette å skjøna fordi dei minner om det lengre alternativet (korting) eller verbet dei er konverte frå (konversjon). Mange av orda i denne gruppa har truleg lukkast godt i integreringa fordi dei er kortare enn andre alternativ. Tevling frå andre ord eller manglande trong for ordet kan forklara at somme ord i denne gruppa har enda opp som augneblinksdanningar eller nydanningar.

## 6.5 Samandrag

I dette kapitlet har eg undersøkt ord frå alle integreringssteg, for å kartleggja kva for eigenskapar ved orda eller ytre faktorar som kan ha verka inn på integreringa deira. Dei fleste orda i samlinga, uavhengig av integreringssteg, er konvensjonelle, produktivt danna samansetjingar og avleiingar. Det er difor ikkje store skilnader mellom ord på ulike integreringssteg når det gjeld semantisk og morfologisk oppbyggnad. Ord danna med bundne

samansetjingsledd finst på alle steg i integreringa og gjev inntrykk av å vera ein nokså produktiv ordddanningsmetode.

Jamført med hine gruppene er ein større prosent av augneblinksdanningane samansetjingar, og dette integreringssteget skil seg også ut ved at ingen av orda er danna gjennom kreative eller lærde prosessar. Eg trur dette i fyrste rekkje skuldast samansetjinga av ordsamlinga. Det er også sannsynleg at mange av dei innsamla augneblinksdanningane er spontane nyord, og det er då ikkje overraskande at dei mest produktive ordddanningsmetodane er brukte.

Døme på integrerte ord som truleg er lærd eller kreativt danna er *tölva* 'datamaskin', *sími* 'telefon', *ál* 'aluminium' og *þota* 'jetfly'. Grunnen til at det finst få slike ord mellom augneblinksdanningane, er nok dels at dei er spontant danna ord (for somme av dei er det nokså klårt ut frå konteksten at forfattaren har funne opp ei islandsk omsetjing for høvet), dels at dei har gått under radaren grunna låg frekvens.

Ei rekkje integrerte ord ser ut til å vera omsetjingslån, som samansetjingane *lyklaborð* 'tastatur' og *vefþjónn* '(vev)tenar', avleiinga *þjálfari* 'trenar' og konversjonen *vafri* 'nettlesar'. Desse orda har jamnast ei konvensjonell form, og tydinga deira er såleis i utgangspunktet lett tilgjengeleg ut frå oppbyggnaden til ordet. Likskapen til det framande førebiletet kan ha gjort dei ekstra lette å forstå og ta i bruk for språkbrukarar som kjende det framande ordet.

## 7 Avsluttande drøfting

I inngangskapittelet sette eg opp nokre problemstillingar som denne oppgåva skulle gje svar på. Der spurde eg kva bruksfrekvensen nyorda har i Tímarit.is, fortel om integreringa deira, og korleis eigenskapar ved nyorda og eventuelt ytre faktorar kan forklara integreringsstatusen deira. Funna frå dei ulike delane av undersøkinga er kort oppsummerte i (7-1) a–f og vert deretter drøfta i avsnitta nedanføre. Når eg i a–f skriv «orda», viser det til dei undersøkte orda i ordsamlinga mi.

- (7-1)
- a. Frekvenssøk i Tímarit.is gjev eit godt inntrykk av integreringa til ord som har vore i språket 30 år eller meir.
  - b. Produktivitet synest ikkje å verka inn på kva integreringssteg orda endar opp på. Eit unntak gjeld tevlende ordpar, der det produktivt danna ordet oftast greier seg betre enn konkurrenten.
  - c. Ord på ulike integreringssteg har nokså lik morfologisk og semantisk oppbygnad og er i tråd med islandske konvensjonar for uttale og skrivemåte.
  - d. Dei semantiske eigenskapane til ordet og koplinga mellom morfologisk form og tyding ser ut til å ha mykje å seia for korleis orda greier seg i integreringsprosessen.
  - e. Det er ein tendens til at korte ord greier seg betre enn lengre ord. Sidan lengd er ei side ved den morfologiske forma til ordet, er faktoren vanskeleg å vurdere for seg.
  - f. Den viktigaste utanomspråklege faktoren er tid. Det eldste ordet greier seg betre enn yngre synonym.

Som nemnt i avsnitt 5.3 og 5.4 påverkar samansetjinga til tekstsamlinga kva for ord eg kan venta å finna, og grunnen til dette er dei stilistiske krava som gjeld i sjangrane i Tímarit.is. Det er difor viktig å presisera at frekvenstala frå undersøkingane viser bruken av orda i denne avgrensa tekstsamlinga. Dette vil ikkje alltid stemma med korleis nyorda samla sett er nytta i språksamfunnet, særleg vil avvika kunna vera store for ord som ikkje er i tråd med dei stilistiske krava som gjeld i avis- og tidsskriftsjangeren. Føremålet med frekvenssøka var å finna ut om nyorda er eller har vore i bruk i perioden, om bruken aukar eller minkar og om orda framleis er brukte. For dei fleste undersøkte orda har funna frå slike frekvenssøk gjeve tilreккеleg informasjon til å kunna stadfesta om lag kvar orda står i integreringsbanen. Alderen til orda må også takast med i vurderinga. Sidan integreringsprosessen kan ta nokså

lang tid, er integreringsstatusen mindre sikker for dei yngre orda i ordsamlinga, det vil her seia ord frå 1980 og framover.

Målet med å kartleggja orddanningsprosessane som orda er danna med, var å undersøka om produktivitet har verka inn på integreringa deira. Hypotesen var at ord danna gjennom produktive prosessar ville integrera seg lettare enn ord danna med kreative eller uproduktive prosessar. Til grunn for hypotesen låg ei forventning om at språkbrukarane lettare forstår produktivt danna ord, slik eg gjorde greie for i kapittel 4. Undersøkingane av ordsamlinga mi har synt at produktivitet spelar ei mindre rolle for integreringa enn fyrst venta, sidan det i all hovudsak er dei same, produktive prosessane som har danna nyorda på alle integreringssteg. Det er heller ikkje slik at dei kreativt eller lærd danna nyorda ser ut til å stilla svakare i integreringa enn dei produktivt danna. Det er jamvel fleire ikkje-produktivt danna nyord mellom dei integrerte orda enn mellom orda på lægre integreringssteg. Produktivitet ser såleis ut til å ha ein del å seia for kva for ord som vert danna, men synest ut frå den undersøkte ordsamlinga å ha liten innverknad på kva for eit integreringssteg nyordet hamnar på.

Det kan derimot sjå ut til at produktivitet påverkar kva for eit ord som vinn fram der to synonym tevlar om plassen i språket. I desse ordpara er det likevel vanskeleg å seia om produktivitet åleine har vore utslagsgjevande, sidan også andre faktorar gjer seg gjeldande. I kapittel 4 viste eg til Kjellmer (2015, 212), som hevdar ei avleiing danna med eit høgproduktivt suffiks vil greia seg betre i integreringa enn ei avleiing danna med eit mindre produktivt suffiks. Det er berre to slike par i ordsamlinga mi, attåt nokre par der ei avleiing og ei samansetjing kjempar om plassen. Dersom ein utvidar vilkåret til Kjellmer til at mest produktive prosess vinn fram, kunne ein i desse para venta at det samansette ordet vann fram, sidan samansetjing er ein meir produktiv prosess enn avleiing. I fylgjande ordpar frå analysen har dette slått til – med eitt unntak. I tabellen er orda oppførte etter om dei er det sterkaste eller svakaste ordet i ordparet, integreringssteg er ikkje teke med. Kolonnen til høgre syner andre faktorar enn produktivitet som kan ha medverka til at det sterkaste ordet vann fram.

Sterkaste ord	Svakaste ord	Norsk tyding	Andre faktorar
vekjaraklukka	vekjari	vekkjarklokke	orddanningsmåte, semantikk
umhverfi	lífheimur	miljø	semantikk
dáleiðsla	sefjan	hypnose	alder, orddanningsmåte

Sterkaste ord	Svakaste ord	Norsk tyding	Andre faktorar
æsispennandi	taugastrekkjandi	nervepirrande	orddanningsmåte
samræming	stöðlun	standardisering	alder
vafri	vefskóðari	nettlesar	lengd, omsetjingslån
sóði	jarðvöðull	gris, rotekopp	lengd, alder, semantikk, orddanningsmåte
efnishyggjumaður	efnishyggjandi	materialist	orddanningsmåte

Tabell 7.1: Produktivitet i tevlande ordpar

I dei fleste para har ordet som er danna med den mest produktive eller frekvente prosessen, vunne fram. Det einaste unntaket eg har funne, er det prefiksavleidde ordet *umhverfi* 'miljø', som har greidd seg betre enn samansetjinga *lifheimur*. Det er likevel svært liten skilnad når det gjeld oppbyggnaden til desse to orda. Prefikset *um-* 'rundt, kringom, om' har same form og tyding som det sjølvstendige ordet *um*, og avleiinga vert difor truleg tolka på same måte som ei stammesamansetjing. Likevel er desse ordpara der produktivitet kan ha spelt ei rolle, berre ein svært liten del av orda i ordsamlinga. Den undersøkte ordmengda er difor ikkje stor nok til å stadfesta at det stemmer at det mest produktivt danna av to alternative ord vinn fram.

Eg har kartlagt dei morfologiske, semantiske, ortografiske og fonologiske eigenskapane til nyorda for å kunna drøfta om det finst grammatiske/formelle kjenneteikn mellom ord på same integreringssteg. Dei mest brukte orddanningsprosessane på alle integreringsstega er stammesamansetjing og genitivsamansetjing. I tillegg til desse samansetjingsprosessane har produktive avleiingsprosessar danna mange av nyorda, suffikset *-ari* har til dømes danna ord på alle integreringssteg. Likeins finst det ord danna med bundne ledd på alle steg i integreringa. Orda på dei ulike integreringsstega har difor ein nokså lik morfologisk oppbyggnad. Så vidt eg kan sjå, er også alle nyorda i ordsamlinga danna i tråd med islandske konvensjonar for uttale og skrivemåte, medan nokre av dei tevlande importorda ikkje er det.

Ut frå denne undersøkinga er det likevel mogeleg å seia at fleirtalet av dei integrerte orda har ei lettare tilgjengeleg tyding enn ein mange ord på lægre integreringssteg. Ofte er dette ei fylgje av at orda er konvensjonelt oppbygde morfologisk og semantisk. Tilhøvet mellom form og tyding i desse orda stemmer med vanleg bruk av orddanningsregelen, slik språkbrukarane kjenner regelen frå andre ord i språket. Mange av dei samansette og avleidde integrerte orda ser ut til å fylgja «det enkle er ofte det beste»-prinsippet når det kjem til morfologisk og semantisk form – tilhøvet mellom delane er stort sett konvensjonelt, og dei

fleste avleiingssuffiksa er produktive. Døme er ord som *kjarnorkuvopn* 'kjernevåpen', *samræming* 'standardisering', *tónlist* 'musikk' og *blandari* 'blender'. Mange integrerte ord er omsetjingslån, som kan ha hatt ein føremon i integreringa ved å minna om det framande ordet. Omsetjingslåna er også kjenneteikna av å vera konvensjonelt oppbygde med eit føreseieleg tilhøve mellom form og tyding. Samstundes finst det sjølvstøtt også integrerte ord som ikkje er like semantisk presise, og omsetjingslån som ikkje er integrerte, men det er tale om relativt få ord.

Det ser ut til å ha hjelpt mange integrerte ord at dei går inn i eit mønster av ord med same oppbygning. Dette kan kanskje skildrast med det Kjellmer (2015, 208) kallar «semantiske parallellar» og Ari Páll Kristinsson (2004, 47) omtalar som «mønster for parallelle ord». Omgrepa går ut på at det er lett for eit nytt ord å integrera seg dersom semantikken i ordet syner at det tilhører eit samanhengande system av nemningar knytte til same område eller funksjon i språket. Eit døme frå ordsamlinga er *brúnka* 'brunfarge', som ser ut til å vera analogt danna til *grænka* 'grøn farge' og går inn i eit system for fargenemningar. Par-orda i ordsamlinga kan også seiast å vera slike parallellar til einannan: *Flugbjónn* 'flyvert' er mannleg nemning til *flugfreyja* 'flyvertinne', og paret *jákvæður* 'positiv' og *neikvæður* 'negativ' kjem samstundes inn i språket som «ferdig etablert» motsetningspar. Orda *samúð* 'medkjensle' og *andúð* 'motvilje' går inn i eit system for nemningar som har med haldningar og kjensler å gjera.

Ord danna med same etterledd lagar også slike system, og det kan sjå ut som nyorda *útvarp* 'radio', *sjónvarp* 'fjernsyn' og *hlaðvarp* 'podcast' har danna sitt eige semantiske system for kringkastingsmedium. Unnateke *hlaðvarp*, som er kategorisert som nydanning grunna kort tid i språket, har alle desse orda status som integerte ord i dag, og kanskje har det letta integreringa at dei er del av eit semantisk system. Andre slike etterledd i ordsamlinga er *-sjá*, *-vís* og *-biti*, der dei to siste har danna ord som har lukkast godt, medan lagnaden har ymsa noko for *sjá*-orda.

Ord danna med bundne samansetjingsledd oppfyller også vilkåret om parallelle ord. Sidan dei bundne ledda har danna ord på alle integreringssteg, synest ikkje parallellar i språket å vera tilrekkeleg for å lukkast. Mange av desse ledda gjev inntrykk av å vera nokså produktive ordlagingselement, noko som ikkje er uventa i og med at det er ei form for samansetjing. Det kan difor tenkjast at dei bundne ledda vert brukte i spontan orddanning og slik dannar nyord som ikkje får eit langt liv i språket. Det er også klårt at utanomspråklege



faktorar har medverka til at somme av desse orda ikkje har greidd å verta integrerte ord. Til dømes har det ikkje vore bruk for orda *bakveiti* 'oppfylging, reaksjon' og *háttleysa* 'taktløyse', fordi det allereie fanst ord i språket som dekte tydinga deira.

At dei semantiske eigenskapane er viktige, er også sannsynleg ut frå analysen av ein del av dei svakare integrerte orda i ordsamlinga. Jamført med dei integrerte orda er nemleg ein nokså stor del av augneblinksdanningane og nydanningane kjenneteikna av upresis semantikk. Denne tendensen gjeld både når orda tevlar med andre ord, og når dei vert analyserte for seg sjølve. Nokre døme på slike ord er *vitjeppi* 'robot', *veggsjá* 'overheadprosjektor', *húfrygging* 'kaskoforsikring', *krapís* 'sorbet' og *hraðreið* 'bil'. Den upresise semantikken kan koma av at tydinga er for avgrensa, for vid, gjev uheldige eller feil konnotasjonar, eller er for langt frå referansen. I andre ord kan tydinga vera vanskeleg å lesa ut or ordet, fordi det har eit utradisjonelt orddanningsmønster eller kompleks morfologisk form. Dette gjeld ord som nydanninga *jarðvöðull* 'rotekopp, gris' og augneblinksdanninga *efnishyggjandi* 'materialist'. Ordet *minnishegri* 'minnepinne' (inspirert av den norrøne drikkelagsfuglen *óminnishegri*, som stal minna til fulle folk) kan kanskje også takast med her. Desse siste døma strir klårt mot prinsippet til Jón Hilmar Jónsson (1980, 26–27) om at uttrykket må ha ein så direkte og eintydig referanse som mogeleg. Det er altså ein type ord der forma står i vegen for effektiv kommunikasjon.

Det er likevel ofte truleg at andre faktorar har vore vel så viktige for integreringa som dei semantiske eigenskapane til ordet. Dei semantisk presise augneblinksdanningane *spunaprek* 'spinning' og *kryddleggja* 'marinera' syner at lett tilgjengeleg tyding ikkje er ein suksessfaktor åleine. Ofte kan fleire eigenskapar ved same ord ha verka negativt, til dømes dersom ordet både har ei svært kompleks form og mange stavingar. Attåt gode semantiske eigenskapar ser det ut til å fremja integreringa at ordet er kort. Det kjem til synes ved at korte ord som *sóði* 'gris, rotekopp', *pota* 'jetfly' og *vafri* 'nettlesar' har sigra over lengre synonym, og at dei korte importorda *sushi* og (*milk*)*shake* er meir brukte enn dei lengre islandske avløyсарorda. Vi ser også at nyorda *hnattvæðing* 'globalisering' og *kjarnavopn* 'kjernevåpen', som har etablert seg ved sida av eksisterande islandske ord, er kortare enn det eldre ordet. Sidan lengda til ordet er ei side ved den morfologiske oppbygden til ordet, er det likevel vanskeleg å vurdera denne eigenskapen som ein sjølvstendig faktor.

Den utanomspråklege faktoren som har hatt mest å seia for integreringa av orda i ordsamlinga, er tid. Dette er tydeleg både der heimlege ord tevlar med andre heimleg danna

ord, og der vi har tevling mellom eit heimleg danna ord og eit importord. I dei aller fleste tilfella er det eldste ordet best integrert. Det avgjerande ser ikkje ut til å vera sjølv tidsavstanden mellom orda, men kor langt det fyrste ordet er kome i integreringsprosessen når det andre ordet kjem på banen. Dersom det fyrste ordet har fått ein trygg status innanføre eit samfunnsområde eller ei språkbrukargruppe, svekkjer det sjansane det seinare ordet har for å etablera seg på same domene. Eg reknar med at dette «kritiske tidsrommet» vert kortare utover i den undersøkte perioden, fordi medieutviklinga fører til at dei nye orda vert spreidde til språkbrukarane raskare og gjennom fleire kanalar enn tidlegare.

Det kan også henda at utanomspråklege faktorar eg ikkje har oppdaga, har medverka til at ord i ordsamlinga har vunne fram eller ikkje. Til dømes har eg berre med få unntak sett nærare på konteksten orda vart introduserte i og ordskiftet om orda då dei vart innførte. Ein del av dei lærd danna nyorda har hatt mykje støtte frå media, fagmiljø og andre viktige instansar i denne fyrste fasen. Orda *sími* 'telefon' og *útvarp* 'radio' kan ha sigra fordi dei vart nytta i lover, og *pota* 'jetfly' fordi alle hovudstadsavisene tok det i bruk samstundes (jf. Halldór Halldórsson 1964, 150–151; 164). Særleg for ukonvensjonelt oppbygde nyord har det truleg vore naudsynt for språkbrukarane at tydinga til orda vert gjord greie for. Referansen til *pota* og *flugfreyja* går ikkje fram av forma til orda, og dei har venteleg trunge grundigare oppfylging for å lukkast enn ord som har eit meir direkte tilhøve mellom form og tyding. I den historiske gjennomgangen i kapittel 2 nemnde eg at langt frå alle lærde eller eksperttilrådde nyord greier å integrera seg i språket (jamfør aids-diskusjonen). Sannsynlegvis er det manglande blesting som har avgjort lagnaden til desse orda. For å koma til botnar i desse spørsmåla trengst ei meir omfattande granskning av konteksten enn det har vore rom for i denne oppgåva.

## Litteratur

- Ágústa Þorbergsdóttir. 2005. «Nýyrði undanfarins áratugar» i *Málfregnir* 24. Utan sidetal. <[http://www.arnastofnun.is/page/a\\_publ\\_malfregnir](http://www.arnastofnun.is/page/a_publ_malfregnir)> Lasta ned 2.6.2016
- 2011. «Nýyrði» i *Handbók um íslensku*, redigert av Jóhannes B. Sigtryggsson, s. 333–340. Reykjavík: JPV-útgáfa
- Alþingi (Alltinget). 2011. «Lög um stöðu íslenskrar tungu og íslensks tákn máls» tilgjengeleg frá <<http://www.althingi.is/altext/stjt/2011.061.html>> Lasta ned 31.8.2016
- Ari Páll Kristinsson. 2004. «Offisiell normering av importord i islandsk» i «*Det främmande i nordisk språkpolitik. Om normering av utländska ord*. Band nummer 2 av *Moderne importord i språka i Norden*, redigert av Helge Sandøy og Jan-Ola Östman, s. 30-70. Oslo: Novus forlag
- Aronoff, Mark. (1976) 1979. *Word formation in Generative Grammar*. Band i serien *Linguistic Inquiry, Monographs 1*. Cambridge, Massachusetts: MIT Press
- Ascoop, Kristin og Torsten Leuschner. 2006. «Affixoidhungrig? Skitbra! Comparing Affixoids in German and Swedish» i *Sprachtypologie und Universalienforschung* 59 (3): 241–252 Berlin: Akademie-Verlag <<https://biblio.ugent.be/publication/1091728>>
- Ásta Svavarsdóttir. 2003. «Tilpasning af importord i islandsk» i *Med 'bil' i Norden i 100 år. Ordlagning og tilpassing av utalandske ord*. Band nummer 1 av *Moderne importord i språka i Norden*, redigert av Helge Sandøy, s. 75–81. Oslo: Novus forlag
- Baldur Jónsson. 1984. «Samsett nafnorð með samsetta liði. Fáeinir athugasemdir» *Festskrift til Einar Lundebý 3. oktober 1984*. Redigert av Bernt Fossestøl, Kjell Ivar Vannebo, Kjell Venås, Finn-Erik Vinje. 158–174. Oslo: Novus forlag (Referanse i Guðrún Kvaran 2005)
- 1987. «Íslensk orðmyndun» I *Andvari. Nýr flokkur XXIX* 112: 88–102 (Referanse i Guðrún Kvaran 2005)
- Bauer, Laurie. 1983. *English word formation*. Cambridge: Cambridge University Press.
- 2003. «The productivity of (non-)productive morphology» i *Rivista di Linguistica*, 15, (1): 7–16. <<http://www.italian-journal-linguistics.com/volume-15-2003/>> Lasta ned 30.7.2016
- (2001) 2015. «Fundamental Notions» i *Morphological Productivity*. 33–99. Cambridge Books Online. Cambridge University Press <<http://ebooks.cambridge.org/pva.uib.no/ebook.jsf?bid=CBO9780511486210>> Lasta ned 30.7.2016
- Bergsveinsson, Sveinn & Halldór Halldórsson. 1953-1956. *Nýyrði I-IV*. Reykjavík: Menntamálaráðuneytið. (Referanse i Hákan Jansson 2015.)
- Beygingarlýsing íslensk nútímamáls. Nettstad hjá Árna Magnússon-institutet, redigert av Kristin Bjarnadóttir. <<http://bin.arnastofnun.is/forsida/>> Lasta ned 26.8.2016
- Bjarni Vilhjálmsson. 1951. «Orðasmíð Sigurðar skólameistara» I *Á góðu dægri. Afmælistkveðja til Sigurðar Nordals 14. sept. 1951* Reykjavík: Helgafell
- Brunstad, Endre. 2001. *Det reine språket. Om purisme i dansk, svensk, færøysk og norsk*. (Doktoravhandling) Universitetet i Bergen. Tilgjengeleg frá: <<http://bora.uib.no/handle/1956/3860>> Lasta ned 12.05.2016
- 2002a. «Nordisk purisme» i *Språknytt*, 30, (2): 10–14. <<http://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/>> Lasta ned 10.05.2016
- 2002b. «Íslandsk purisme etter 1945» I *Nordica Bergensia* 26. 69–93.
- Danielle Corbin. 1987. *Morphologie dérivationelle et structuration du lexique 2*. Tübingen: Niemeyer. (Referanse i Bauer 2015a)

- Eiríkur Rögnvaldsson. 1985. «Málstefnan í nútíð og framtíð» i *Skíma* 8, (1): 7–10.
- 1986. «Nokkur viðskeyti og tíðni þeirra.» Førelsing på konferansen til den islandske språkforeininga (Íslenska málfraeðifélagið) „Að orða á íslensku“ 8.11.1986.  
<<https://notendur.hi.is/eirikur/vidsk.pdf>> Lasta ned 26.8.2016
- 2013. *Hljóðkerfi og orðhlutakerfi íslensku*. [Kopierte lærebok] Reykjavík.  
<<https://notendur.hi.is/eirikur/hoi.pdf>> Lasta ned 9.06.2016
- Faarlund, Jan Terje, Svein Lie og Kjell Ivar Vannebo. (1997) 2012 *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget
- Groenke, Ulrich. 1966. «On standard, substandard and slang in icelandic» i *Scandinavian studies* 38: 3, 217–231.
- Guðrún Kvaran. 2003. «Typer av nye ord i islandsk» i *Med 'bil' i Norden i 100 år. Ordlaging og tilpassing av utalandske ord*, redigert av Helge Sandøy. Oslo: Novus forlag
- 2005. *Orð. Handbók um beygingar- og orðmyndunarfræði*. 2. band av *Íslensk tunga*. Reykjavík: Almenna bókafélagið
- 2007. «Importord og aflösningsord i islandsk» i *Udenlandske eller hjemlige ord? En undersøgelse af sprogene i Norden*, band nummer 6 av *Moderne importord i språka i Norden*, redigert av Guðrún Kvaran. 19–48. Oslo: Novus forlag
- Guðrún Kvaran og Ásta Svavarsdóttir. 2002. «Icelandic» i *English in Europe*, redigert av Manfred Görlach. 82–107. Oxford: Oxford University Press. (Referanse i Ari Páll Kristinsson 2004)
- Hanna Óladóttir. 2007. «Ég þarf engin fornrit til að vita að ég er íslendingur, ég vil samt tala íslensku. Um viðhorf Íslendinga til eigin tungumáls» i *Rítið: Tímarit Hugvísindastofnunar Háskóla Íslands*, 7: 107–130  
<[http://timarit.is/view\\_page\\_init.jsp?issId=378640](http://timarit.is/view_page_init.jsp?issId=378640)> Lasta ned 22.6.2016.
- Halldór Halldórsson. 1964. «Nýgervingar frá síðari öldum» i *Þættir um íslenskt mál*, redigert av Halldór Halldórsson. 134–157. Reykjavík: Almenna bókafélagið
- Hilmarsson-Dunn, Amanda og Ari Páll Kristinsson. 2010. «The language situation in Iceland» i *Current Issues in Language Planning*, 11 (3): 207–276  
DOI:10.1080/14664208.2010.538008
- 2013. Omtale av det islandske språksamfunnet frá introduksjonen til *Language Planning in Europe: Cyprus, Iceland and Luxembourg*, redigert av Robert B. Kaplan, Richard B. Baldauf Jr., og Nkonko Kamwangamalu. 6–12. Abingdon, Oxon; New York, NY: Routledge. Tilgjengeleg via søk i Google books. Lasta ned 26.8.2016
- Hohenhaus, Peter. 2005. «Lexicalization and Institutionalization». I *Handbook of Word-Formation*, Redigert av Pavol Štekauer og Rochelle Lieber. 353–373. Dordrecht: Springer
- Iðnaðarmál. 1955. «Staðall fyrir standard» usignert artikkel i *Iðnaðarmál* 2, (4): 59  
Reykjavík: Iðnaðarmálastofnun Íslands  
<<http://timarit.is/files/35763551.pdf#navpanes=1&view=FitH>> Lasta ned 27.8.2016
- Íslensk málnefnd (Íslensk spráknemnd). 2004. *Orðmyndun. Um leiðir til að auka íslenskan orðaforða*, redigert av Ari Páll Kristinsson. *Smárit Íslenskrar málnefndar* 3. Reykjavík: Íslensk málnefnd <[www.arnastofnun.is/solofile/1012329](http://www.arnastofnun.is/solofile/1012329)>  
Lasta ned 4.8.2016
- Íslensk orðabók*. 2010. Redigert av Mördur Árnason. Reykjavík: Forlagið
- Jansson, Håkan. 2015. *Purism på glid? Studier i nutida isländsk ordbruk*. Doktoravhandling ved Göteborgs universitet. Göteborg: Institutionen för svenska språket, Göteborgs universitet
- Jóhannes B. Sigtryggsson. 2014. «Sprog i fokus: Islandsk» i *Språk i Norden* 2014: 151–158.

- Nettverket for språknemndene i Norden.  
 <<http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/sin/issue/archive>> Lasta ned 4.8.2016
- Jón Hilmar Jónsson. 1980. «Om skrivemåte og bøyning av fremmedord i islandsk» i *Språk i Norden*. 61–67. København: Nordisk Sprogkoordination, Dansk sprogævn.  
 <<http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/sin/issue/archive>> Lasta ned 30.7.2016
- 1988. «Tendenser og tradisjoner i islandsk orddannelse» i *Språk i Norden* 1988: 21–33  
 Oslo: Cappelen <<http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/sin/issue/archive>>  
 Lasta ned 30.7.2016
- Katamba, Francis og John Stonham. 2006. *Morphology*. (2. utg.) Houndmills: Palgrave Macmillian
- Kjartan G. Ottósson. 1990. «Málhreinsun á tækniöld» Kap. 6 i *Íslensk málhreinsun. Sögulegt yfirlit*. Band nummer 6 av *Rit Íslenskrar málnefndar*. 104–142. Reykjavík: Íslensk málnefnd
- 1997. «Purisme i islandsk» i *Purisme på norsk?* s. 31–37. (Norsk språkråds skrifter nr. 4.)  
 Oslo: Norsk språkråd. (Referanse i Ari Páll Kristinsson 2004)
- Kjellmer, Göran. (2000) 2015. «Potential Words». I *Word* 51, (2): 205–228  
 <<http://www.tandfonline.com/pva.uib.no/doi/ref/10.1080/00437956.2000.11432501>>  
 Lasta ned 25. september 2015.
- Nynorskordboka*. 2016. <<http://www.nob-ordbok.uio.no/>> Lasta ned 31.8.2016
- Nýyrðadagbók Íslenskrar málstöðvar* (Nyordsdagboka til det islandske språkinstituttet)  
 Søkbar via *Orðabanki Íslenskar málstöðvar* (Ordbanken til det islandske språkinstituttet): <<http://www.ordabanki.hi.is/wordbank/search>>
- Leira, Vigleik. 1992. *Ordlaging og ordelement i norsk*. Oslo: Det norske samlaget  
 <<http://www.nb.no/nbsok/nb/aa93e4138ff89ad48d0c21d8f53fd5c5lang=no#0>>  
 Lasta ned 30.7.2016
- 2002. «Nyord i hundre år» i *Språknytt* 30, (1): 25–27  
 <<http://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/>>  
 Lasta ned 30.7.2016
- Margrét Jónsdóttir. 2005. «Um væða og væðingu og hlutverk þeirra í samsetningum» Eg brukte ei tilsendt utgåve av artikkelen, men han skal også finnast i *Orð og tunga* 7, utgeve av Árni Magnússon-instituttet
- Meys, Willem. 1975. *Compound Adjectives in English and the Ideal Speaker–Listener*, s. 48, 74. Amsterdam: North London (Referanse i Bauer 1983)
- Mörður Árnason (red.). 2010. *Íslensk orðabók. Óstytt útgáfa*. Reykjavík: Forlagið
- Sandøy, Helge. 2003. Prosjektomtale i *Med 'bil' i Norden i 100 år: Ordlaging og tilpassing av utalandske ord*, redigert av Helge Sandøy. S. 4. Oslo: Novus forlag
- Sapir, Yair. 2003. *Modern Icelandic word formation*. Doktoravhandling frå Uppsala universitet
- Sigurður Guðmundsson. 1959. *Tækniorðasafn*. Halldór Halldórsson bjó til prentunar.  
 Reykjavík: Menntamálaráðuneytið. (Referanse i Jansson 2015)
- Spencer, Andrew. 1991. *Morphological Theory. An Introduction to Word Structure in Generative Grammar*. Cambridge: Cambridge University Press
- Steinþór Steingrímsson. 2015. «Í dag varð hún kona (eða að minsta kosti svona frekar nýlega)» i *Ástumál. Kveðin Astu Svavarsdóttur sextugri 19. janúar 2015*. s. 64–73  
 Reykjavík: Menningar- og minningarsjóður Mette Magnussen
- Štekauer, Pavol. 2002. «On the Theory of Neologisms and Nonce-Formations» i *Australian Journal of Linguistics* 22 (1): 97–111
- Stevens, Christopher M. 2005. «Revisiting the affixoid debate. On the grammaticalization of

the word» i *Grammatikalisierung im Deutschen*, redigert av Torsten Leuschner, Tanja Mortelmans og Sarah De Groot. Berlin: de Gruyter, 72–83. (Referanse i Ascoop og Leuschner 2006)

*Store norske leksikon*. 2016. <<https://snl.no/>> Lasta ned 31.8.2016

Þorsteinn G. Indriðason. 2000a. «Morfologi møter syntaks. Om genitivsammensatte ord i islandsk». I *Nordica Bergensia* 22: 174–200

– 2000b. «Fonologi møter morfologi. Om blokkering av fonologiske regler i islandsk». I *Nordica Bergensia* 23: 165–187

– 2005. «Historisk produktivitet». I *Nordica Bergensia* 32: 39–65.

– 2011. «Om fugesammensetninger i vestnordisk. I *Vestnordisk språkkontakt gjennom 1200 år*, redigert av Gunnstein Akselberg og Edit Bugge. 257–275. Tórshavn: Fróðskapur. Faroe University Press

–2016. «Á mörkum afleiðslu og samsetningar? Um orðlíka seinni liði í íslensku.» I *Orð og tunga* 18: 1–41, utgjeve av Árni Magnússon-instituttet

Wahl, Betty. 2008. *Isländisch: Sprachplanung und Sprachpurismus*. Heidelberg: Universitätsverlag WINTER

#### Avisartiklar<sup>45</sup>

EIR. [?] 1985. «Alnæmi, næmi eða hórsótt?» Avisartikkel i *Dagblaðið Vísir* (11.5.1985)

<<http://timarit.is/files/19850787.pdf#navpanes=logview=FitH>> Lasta ned 29.6.2016

*Fréttablaðið*. 2015. «Bragi ber ábyrgð á nafninu langastöng» (19.1.2015)

<<http://timarit.is/files/35349993.pdf#navpanes=1&view=FitH>> Lasta ned 30.8.2016

Halldór Halldórsson. 1995. Ordet *tækni* i spalta «Sögur af nyírði» i *Dagblaðið Vísir*

(10.6.1995) <<http://timarit.is/files/12203711.pdf#navpanes=logview=FitH>>

Lasta ned 13.8.2016

KB [?] 1985. «Get fallist á orðið ónæmistæring» Avisartikkel i *Dagblaðið Vísir* (22.11.1985).

<<http://timarit.is/files/19875982.pdf#navpanes=logview=FitH>> Lasta ned 29.6.2016

KB [?] 1985. «'Alnæmi mun liprara en ónæmistæring'» Avisartikkel i *Dagblaðið Vísir*

(17.7.1985) <<http://timarit.is/files/19859652.pdf#navpanes=logview=FitH>>

Lasta ned 29.6.2016

pg [?] 1926. «Viðskiftamálið» Avisartikkel i *Alþýðublaðið* (30.10.1926)

<<http://timarit.is/files/1726669.pdf#navpanes=logview=FitH>> Lasta ned 29.6.2016

Þorbergur Þorðarson. 1927. «Nýtt skilningarvit» i *Alþýðublaðið* (22.1.1927)

<<http://timarit.is/files/1727755.pdf#navpanes=1&view=FitH>> Lasta ned 27.8.2016

---

45 Teiknet «[?]» er brukt der eg ikkje kjenner til avsendaran som gøymer seg bak initialane.

## Liste over grafar, illustrasjonar og tabellar

Graf 1.1: Integreringsbanen til <i>hreyfill</i> og <i>mótor</i> .....	9
Graf 1.2: Integreringsbanen til <i>bill</i> og <i>bifreið</i> .....	10
Graf 4.1: Integreringsbanen til <i>gervitungl</i> 'satelitt', <i>brúnka</i> 'brunfarge, tan' og <i>stéttvís</i> 'klasse-medviten'.....	51
Graf 5.1: Integreringsbanen til nyordet <i>hlaðvarp</i> .....	58
Graf 5.2: Frekvensen til orda <i>glóaldin</i> , <i>appelsína</i> , <i>aðflug</i> , <i>afgreiðslutími</i> og <i>opnunartími</i> frá 1880-2009.....	59
Graf 6.1: Integreringsbanen til <i>gervihnöttur</i> og <i>gervitungl</i> , 'satelitt'.....	73
Graf 6.2: Integreringsbanen til <i>dýptarmælir</i> og <i>fisksjá</i> .....	80
